

Sivert Bugge Bævre

Telemontøren i Moldeområdet

I møte med sosiale og organisatoriske omstillinger frå 1960-talet til 2018

Masteroppgåve i Historie

Veileder: Ingar Kaldal

Trondheim, mai 2018

Føreord

Med knapp tid att, vel eg no å sette siste punktum i dette prosjektet. Det har vore ei lærerik tid, men det kjennes godt å kunne seie seg ferdig.

Eg må først og fremst takke informantane. Utan dei hadde denne undersøkinga ikkje vore mogleg. Desse tok meg og mitt prosjekt godt i mot. Eg må og takke min rettleiar Ingar Kaldal. Han har vore positiv til mitt prosjekt, og gjeve tilbakemeldingar som eg har forsøkt å nytte i det vidare arbeidet.

Min familie må sjølvsagt takkast. Dei har forsøkt så godt dei kan å hjelpe om det var noko. Mi syster Margit, må ha ein spesielt stor takk. Ho har teke på seg korrekturlesing, samstundes som ho har arbeidd med si eiga masteroppgåve. Norsk ungdom på sitt beste.

Eg lyt og takke min sambuar Julie. Ho har støtta meg, samstundes som ho har sørga for varm mat på bordet etter seine kveldar på Dragvoll.

Sivert Bugge Bævre

Trondheim, 14.05.2018

1. INNLEIING	1
<i>Mi undersøking: Avgrensning og problemstilling</i>	<i>1</i>
<i>Kjelder</i>	<i>2</i>
<i>Litteratur</i>	<i>2</i>
Telekommunikasjonsbransjen.....	2
Farande lag	3
Televerket.....	3
Etter privatiseringa.....	3
Teori og metode	4
<i>Struktur</i>	<i>4</i>
2. KJELDER OG METODE.....	5
<i>Munnlege kjelder</i>	<i>5</i>
Minnet som historisk kjelde	5
Kritisk blick på munnlege kjelder	6
Tolkningsgrunnlaget til munnlege kjelder.....	7
<i>Framgangsmåte</i>	<i>8</i>
Informantane.....	8
Utvelging av informantar.....	8
Intervjuet.....	9
Intervjusituasjonen, og forskaren si rolle.....	9
Intervjuguide	11
Transkribering.....	11
Samtykkeskjema	11
<i>Sosiale relasjonar</i>	<i>12</i>
3. HISTORISK BAKGRUNN.....	15
<i>Byrjinga for telekommunikasjonsbransjen i Noreg.....</i>	<i>15</i>
<i>Den moderne historia.....</i>	<i>17</i>
Stadig større opning for konkurranse	18
Slutten på Televerket	19
Arbeidarane i felten skil lag	21
<i>Oversikt over den statlege televerksemda i Moldeområdet.....</i>	<i>22</i>
Møre telegrafdistrikt: Telegrafverket.....	22
Molde teleområde: Televerket.....	22
Linjeavdelinga	23
Stasjonsavdelinga	23
4. TELEGRAFVERKET.....	25
SOSIALE RELASJONAR MELLOM ARBEIDARAR I TELEGRAFVERKET	25
<i>Alder</i>	<i>25</i>
<i>Utdanning</i>	<i>28</i>
<i>Ansiennitet</i>	<i>28</i>
<i>Anerkjenning og respekt</i>	<i>30</i>
<i>Diskusjon kring dei ulike kriteria for status og hierarki</i>	<i>31</i>
<i>Status og hierarki i praksis</i>	<i>32</i>
Eit fysisk arbeid.....	33
Eit teknisk arbeid	38
<i>Sosialt liv i brakka.....</i>	<i>41</i>
SOSIALE RELASJONAR MELLOM ARBEIDAR OG LEIING	43
<i>Arbeidsbestyraren</i>	<i>43</i>
<i>Formannen</i>	<i>45</i>
Formannen som organisator	46
SOSIALE RELASJONAR MELLOM ARBEIDAR OG OFFENTLEGHEITA.....	49
<i>Folk og farande lag</i>	<i>50</i>
<i>Statstenestemannen</i>	<i>51</i>
<i>Uniforma</i>	<i>52</i>
OPPSUMMERING	54

5. TELEVERKET	57
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØRAR I TELEVERKET	57
<i>Utdanning</i>	57
Relasjon mellom aspirant og rettleiar	60
<i>Ukultur eller frynsegode</i>	61
Kafébesøk i arbeidstida	62
Snausing.....	64
Teljarskrittjuveri	68
<i>Ansiennitet</i>	71
<i>Eigarforhold</i>	73
<i>Kjønnsroller</i>	74
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØR OG LEIING	77
<i>Den øvste lokale leiinga</i>	77
Telekontrolløren	78
Ordrefordelaren	79
<i>Effektiviseringsprosessen</i>	82
Effektiviseringa av ordregangen	82
Entreprenørar tok over delar av arbeidet	84
Oppseiing av montørar	86
Rasjonalisering av fasilitetar	90
Redusering av leiarar	91
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØR OG OFFENTLEGHEITA	92
<i>Telegrafverkstida</i>	92
<i>Televerkstida</i>	93
Eit meir kritisk syn på montøren	93
Ein som jobbar, og to som ser på	94
«Mister Televerket»	95
Ukulturar hjå kundane.....	96
OPPSUMMERING	98
6. ETTER PRIVATISERINGA	99
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØRAR ETTER PRIVATISERINGA.....	99
<i>Ein meir sjølvstendig montør</i>	99
<i>Montørens nettverk, frå hierarkisk basert til eit personleg nettverk</i>	101
<i>Tempo, krav og haldningar</i>	102
<i>Eigarforholdet endra seg for montøren</i>	104
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØR OG LEIING	106
<i>Kontormann</i>	107
<i>Å erverve seg ny kompetanse</i>	107
<i>Nedgangstid og ansiennitet</i>	109
<i>Kontroll og måling av montøren</i>	111
Overvaking.....	112
SOSIALE RELASJONAR MELLOM MONTØRAR OG OFFENTLEGHEITA ETTER PRIVATISERINGA	113
<i>Eit sagn etter Televerket</i>	113
OPPSUMMERING	115
7. AVSLUTNING	117
<i>Eit endra eigarforhold</i>	117
<i>Frå mange til færre</i>	118
<i>Kriterium for status</i>	119
<i>Forslag til vidare forskning</i>	121
8. VEDLEGG	123
<i>Vedlegg I Organisasjonskart Telegrafveket i 1963</i>	123
<i>Vedlegg II Molde teleområde 1986</i>	124
<i>Vedlegg III Televerkets organisasjonskart i 1993</i>	125
<i>Vedlegg IV Organisasjonskart av Telenor i 1997</i>	126
<i>Vedlegg V Kart over Molde teleområde</i>	127

<i>Vedlegg VI Samtykkeskjema</i>	<i>128</i>
<i>Vedlegg IIV Søknad knytt til personvernet kring munnlege kjelder</i>	<i>130</i>
9. KJELDER OG LITTERATUR.....	133
<i>Mine informantar.....</i>	<i>133</i>
<i>Instruksar og rapportar:.....</i>	<i>133</i>
<i>Digitale kjelder:.....</i>	<i>134</i>
<i>Litteratur:.....</i>	<i>135</i>

1. Innleiing

Mi undersøking: Avgrensning og problemstilling

Denne undersøkinga skal handle om montørar i telekommunikasjonsbransjen i Moldeområdet. Fokus skal rettast mot korleis sosiale relasjonar, status og hierarki i montørane sitt arbeidsliv vart påverka av endringar bransjen deira var prega av i tiåra frå slutten av 1960-åra fram til i dag. Med det tidsaspektet eg har vald, har eg god tilgang til levande kjelder. Kjelder som har opplevd både dei stabile tidene med vekst, og tidene med omorganisering.

I Telegrafverket var arbeidarane som dreiv utbygging av telenettet i Møre distrikt, knytt til såkalla «farande lag». Det var ei arbeidsorganisering der ei gruppe arbeidarar arbeidde i eit område til det var bygd ut. Alle budde vekke frå sin eigen heim, og vart i staden innlosjert saman på plassar med varierende fasilitetar.¹ Desse hadde ein arbeidsplass som var samansett og variabel, og med nær tilknytting til naturen.

Televerket hadde ein brei organisasjon for å ta vare på kundane og løyse samfunnsoppdraget ein hadde. Med det store geografiske området ein skulle dekkje, kunne arbeidstaden ein dag vere tett på bylivet, medan neste dag vere tett på naturen. Denne særeigne arbeidsorganisasjonen vart kraftig redusert i Telenor, og på montørsida forsvant den heilt då arbeidarane i felten skilde lag då dei gjekk inn i Bravida i 2000.

I denne undersøkinga skal eg skildre delar av montøren sin kvardag, frå det statlege Telegrafverket og Televerket, til den private sektoren med Telenor og dei seinare bedriftene fram til i dag. Studiar av arbeid og daglegliv tek ofte for seg typiske trekk ved industri og andre primærnæringar. I mi undersøking fokuserar eg på ein bransje som ikkje lett kan plasserast inn i eit slikt stereotypisk bilete.

Montørane var knytt til ein bransje som endra seg mykje. Dei måtte halde seg til store teknologiske framsteg, eit stort geografisk område, og ein organisasjon som endra seg. Korleis påverka dette dei sosiale relasjonene mellom montørane? Kva kan det seie om status

¹ Intervju med Kolbjørn Sylthe. Sjå kapittel 4, «sosialt liv på brakka»

og hierarki? Og korleis påverka dette dei sosiale relasjonane til leiarane? Hadde endringane noko å seie for relasjonen til offetlegheita? Dette er delar av det eg har som mål om å belyse.

Kjelder

Mine kjelder baserar seg i hovudsak på intervju av 12 personar på til saman omlag 25 timar. Alle desse har arbeidd i Televerket. Hovuddelen av dei har og arbeidd i bransjen etter privatiseringa. Nokre av dei har arbeidd både i Telegrafverket, Televerket og fleire av dei private firma. Alle informantane har vore, eller er montørar i dag. Nokre av har vore i leiarstillingar, medan andre var mellom dei som etter kvart var oppsagt. Informantane dekkjer såleis eit breitt spekter.

Litteratur

I denne undersøkinga har eg i tillegg til intervju, og nytta fagbøker. Frå desse har eg mellom anna henta historisk informasjon, informasjon knytt til teori, men og informasjon som gjev grunnlag til å seie noko om korleis dei sosiale relasjonane i Telegrafverket og Televerket kunne ha vore. I dei neste avsnitta skal eg kort presentere delar av litteraturen eg har nytta i ulike delar av denne undersøkinga.

Telekommunikasjonsbransjen

Det er skrivne fleire bøker og bokseriar som ein kan knyte historisk til telekommunikasjonsbransjen i Noreg. Thorolf Rafto si bok «*Telegrafverkets historie 1855-1955*» vart skriven i samband med 100 årsjubileet til Televerket. Det er ei svært utfyllande bok, der det viktigaste som skjedde dei første 100 åra er grundig omhandla. I mitt prosjekt har eg nytta Rafto mykje i beskrivinga av korleis telekommunikasjonsbransjen etablerte seg i Noreg.

For tida etter 1955, og fram til privatiseringa, har ein bøker som til dømes Lars Thue si «*Gode forbindelser*», Thomas Vatne si hovudoppgåve «*Fra forvaltning til forretning: Mot opprettelsen av Telenor AS 1968-1994*» og «*I samfunnets tjeneste: Televerket*» bind I og bind II av Per Øvregard. Desse gjev ein god forståing av korleis Telegrafverk vart Televerk, og tida mot privatiseringa. Boka til Sidsel K. Solbrække «*Omstilling, ledelse og verdighet. En*

studie i Telenors markedsorienteringsprosess 1990-1993» er særleg nyttig i samband med omorganiseringsprosessen i Televerket.

Farande lag

I Kåre Aarvik sine bøker, «*Perler og gråstein: beretninger om mennesker og miljøer i Televerket*», «*Telerallerne: beretninger om mennesker og miljøer i Televerkets farendelag, Fjernkabelavdelingen og Sjøkabeltilsynet*» og «*Makt og avmakt: om organisasjon og ledelse i Televerket*», er skrivne på bakgrunn av Aarvik sine 40 år i bransjen. Desse bøkene omhandlar vekselvis dei farande laga. Anna litteratur som handlar om farande lag, omtalar dei kun i liten grad, samt at tidsperspektivet er lengre attende i tid. Aarvik sine bøker omtalar korleis dei farande laga budde, typisk arbeid dei utførte, og forskjellige roller innad i desse laga. Sjølv om Aarvik i sine bøker er tydeleg på at desse ikkje gjer krav på å «inneholde den hele og fulle sannhet», er dei gode kjelder på korleis det kunne ha vore.

Televerket

I perioden om Televerket finst det generelt ein del litteratur. Sjølv om det finst lite spesifikt om montøren, eksisterar det noko. Noko av litteraturen som handlar om andre delar av Televerket er overførbar, og kan såleis vere med å seie noko om korleis det kunne ha vore. I Finn Jahren sin bokserie «*Glimt fra Televerks-kulturen*» nemnast til dømes tematikk som snausing, ansiennitet, utdanning og om kvinnelege montørar. Boka «*Nye forbindelser*» av Lars Thue har og vore nyttig, spesielt i samband med Televerkets «skjulte sider». Her skriv han om ukulturar legitimert av ein «grå» bedriftskultur.

Eg har i tillegg ein rapport frå 1986 som kjelde i delar av denne oppgåva. Det er ein praksisrapport skriven av Hans Petter Orrem i samband med eit kurs han måtte ta for å bli Teleformann. Som ein del av det kurset måtte Orrem besøke dei ulike avdelingane i Molde Teleområde, og dokumentere desse. Her er til dømes statistikk, arbeidsoppgåver, organiseringa i dei ulike avdelingane nemnt. Rapporten er såleis ei beretning av korleis situasjonen var i 1986.

Etter privatiseringa

Det er ikkje skriva fagbøker om bedriftene knytt til den private sektoren. Her har eg nytta aviser, prospekter og munnlege kjelder for seie noko om korleis noko kunne ha vore.

Teori og metode

Teoretisk har mi undersøking vore knytt til sosiale relasjonar. Om dette omgrepet har «Små steder – Store spørsmål» av Thomas Hylland Eriksen vore nyttig. Her har eg og nytta boka «Jeg er mine sosiale relasjonar: Å tenke sosialt om seg selv» av Cato Wadel.

Mi undersøking er gjennomført på grunnlag av munnlege kjelder. Slike kjelder er det ikkje uproblematisk å nytte. For å belyse problematiske sider og fordelaktige sider, samt korleis desse skal analyserast, har eg nytta til dømes Ingar Kaldal si bok «*Minner som prosesser*» og Knut Kjeldstadli si bok «*Fortida er ikke hva den engang var*».

Struktur

Denne undersøkinga er delt inn i ni kapittel. I kapittel 2, vil eg utdjupe mi metodiske tilnærming. Her vil eg sjå på munnlege kjelder, og kva som er fordelar og ulemper kring bruken av desse. Kapittel 3 vil vere eit bakgrunnskapittel, først med ein historisk gjennomgang av telekommunikasjonsbransjen i Noreg. Så blir det ein del som skal gje lesaren eit overblikk over organisasjonen knytt til montøren i Telegrafverket og Televerket i Moldeområdet. Analysa av kjeldematerialet har eg vald å dele opp i tre kronologiske kapittel (kapittel 4,5 og 6). Det første om tida i Telegrafverket, som i mi oppgåve vil vere siste del av 1960-talet. Det andre kapittelet vil vere om Televerkstida frå 1969 til 1994, medan kapittel tre vil ha fokus på tida etter privatiseringa. Kvart av desse tre kapitla vil vidare ha ei tredeling, der det er fokus på sosiale relasjonar mellom montørar, sosiale relasjonar mellom montør og leiinga, og sosiale relasjonar mellom montør og offentlegheita. I kapittel 7 vil eg trekke saman dei viktigaste resultatata av undersøkinga mi. I kapittel 8 og 9 vil eg samle vedlegg og kjelder.

2. Kjelder og metode

Munnlege kjelder

I mi undersøking har eg nytta informantar, og deira minner for å kunne seie noko om korleis montørens arbeidsdag kunne ha vore. Desse kjeldene kallast munnlege kjelder, eller minner frå fortida. Dei munnlege kjeldene nytta i denne undersøkinga er innhenta gjennom intervju av utvalde informantar. Dette skjedde i fleire intervju, der digitale opptak vart gjennomført.

Minnet som historisk kjelde

Dagfinn Slettan skriv i si bok «*Minner og kulturhistorie*» at minnet er forestillinga om noko opplevd.² Såleis kan ein knyte eit minne til noko ein hugsar, til dømes ei hending ein var vitne til, eller ein gong nokon fortalde ei historie. Samstundes fungerer ikkje hukommelsen likt kring alle hendingar. Opplevingar og oppfatningar kan hugsast og gløymast. Om det er smak, lyd, musikk, tekst, smerte, glede, nytelse eller meiningar, kan dei hugsast eller gløymast på forskjellige måtar, og med ulik varigheit. Desse kan og ha ulike moglegheiter for feilerindring og gløymsel. Dette må sjåast i samanheng med at det som hugsast, og korleis det hugsast, ikkje berre handlar om opplevinga, men og om korleis det kunne bety noko seinare.³

Eit minne kan endre seg igjennom livet, det fordi personen sjølv endrar seg. Ein får nye erfaringar, og ny forståing som påverkar minna. Såleis er ikkje minnet berre hukommelse, men og ei tolking gjort av den som har husa minnet. Denne tolkinga vert ikkje berre viktig i det som hugsast, men og i det som gløymast. Gløyminga byrjar allereie like etter noko har skjedd. Samstundes som det ein sitt igjen med ei stund etter, ofte sitt igjen i lang tid.⁴

Det å bruke munnlege kjelder har sine fordelar. Til dømes kan folk sine forteljingar gje oss informasjon ein ikkje får med andre kjelder. Samstundes kan munnlege kjelder vere med på å bygge opp under, og utfylle andre typar kjelder.⁵

² Dagfinn Slettan, *Minner og kulturhistorie: teoretiske perspektiver*, Universitetet i Trondheim, 1994: 64

³ Ingar Kaldal, *minner som prosesser: i sosial og kulturhistorie*, Cappelen Damm Akademisk, Oslo, 2016: 60

⁴ Kaldal, 2016: 63

⁵ Knut Kjeldstadli, *Fortiden er ikke hva den en gang var*, Universitetsforlaget, Oslo, andre opplag, 2000: 193-194

Kritisk blikk på munnlege kjelder

I norsk samanheng, var det Edvart Bull i 1950-åra som innleia arbeidet med munnlege kjelder innanfor historiefaget.⁶ Kjeldekritisk vart dette arbeidet sett på med ein viss skepsis.

«Kritikken var lenge særlig knyttet til vitneverdien og representativiteten».⁷

Historikar Knut Kjeldstadli skriv i si bok «*Fortida er ikke hva den en gang var*» at munnlege kjelder har spesielt to trekk som er utfordrande kjeldekritisk. Det eine er at minnet er beretningar om noko som ligg attende i tid, og såleis kan ha innslag av gløymse og feilerindring. Det kan til dømes skje om ein tenkjer på haldingar til noko som har hendt før. Med munnlege kjelder kan ein vere utsett for at informanten vert påverka av dei normene ein har i samfunnet i dag. Til dømes om ein informant har høyrd noko i radioen, eller har lest ei bok om temaet. Altså noko som har vore med på å endre minnet. Det vil seie at minna kan bli justert, for å passe inn i dagens normar. Såleis kan munnlege kjelder vere farga av erfaringane gjort fram til intervjuet.⁸

Det andre trekket med munnlege kjelder er at kjeldene oppstår i ein kommunikasjon mellom to mennesker. Difor kan både forskaren, informanten og korleis dei fungerer saman påverke innhaldet i kjeldene. Dette vil seie at forskaren kan bli påverka av korleis ein trur informanten reagerar på problemstillingar som kan komme fram. Ein kan og ha påverking andre vegen, der informanten kan gje dei svara han/ho trur forskaren vil ha.⁹

I følge Kjeldstadli, har mennesket lett til å nytte seg av forteljinga, når det kommuniserast. Forteljinga eller narrativet vert vidare påverka av eit grunnmønster, som skapar eit bilete av noko større, ein kontinuitet, noko meir eintydig enn kva det verkelege livet kan vere. Ofte byggjast forteljinga opp i to delar, ofte før og no. Såleis kan minnene få eit brytningspunkt, til dømes før og etter. Kor bra noko var før, medan kor ille det er no, eller omvendt.¹⁰ Desse vanskelege delane av munnlege kjelder må balanserast mot dei moglegheitene dei gjev. Dømer på slike moglegheiter kan vere at dei kan nyttast til å rette opp misforståingar, utdjupe noko, eller finne nye vinklar av noko.¹¹

⁶ Slettan, 1994: 26

⁷ Sigrid Helene Agnalt, *De siste lensekræbbene: Tømmerfløting ved Glennetangen lense i Nedre Glomma 1938 – 1985*, NTNU, 2013: 11

⁸ Kjeldstadli, 2000: 195-196

⁹ Kjeldstadli, 2000: 196

¹⁰ Kjeldstadli, 2000: 197

¹¹ Kjeldstadli, 2000: 197

Delar av denne kritikken kan og rettast mot mi undersøking. For enkelte av mine informantar har eit arbeidsliv over femti år attende i tid vore i fokus. I løpet av desse åra kan minna om noko ha vorte påverka frå fleire hald. Likevel er truleg ein slik kjeldekritikk meir på sin plass om formålet hadde vore kun å gje faktiske opplysingar om Telegrafverket og Televerket. For å validere ein påstand eller ei hending godt har det vore viktig å ha fleire som seier mykje av det same.¹²

Dagfinn Slettan nemner at det som er styrken med minner som kjelde, er samanknytninga og samspelet mellom dei faktiske forhold og forestillingane om desse.¹³ Her kan vi sjå på eit døme: Når alt det som informantane ikkje likte med Televerket er gløymd, og dei hugsar det «gode gamle Televerket», fortel det framleis ei sanning. Spørsmålet er kva forteljinga kan vere autentisk om.¹⁴ I dette dømet ligg ikkje verdien til minnet i faktiske forhold, men i at minnet kan seie noko om korleis forteljingane om dette var prega av eller inneheld spor av noko som hadde betydd noko.¹⁵ Difor kan dømet fortel noko om ei romantisering av noko som var. Såleis kan og dømet og fortelje om ein forfallshistorie.

Tolkningsgrunnlaget til munnlege kjelder

Historikar Ingar Kaldal nyttar minne i ei datamaskin som eit døme på kva eit minne er. På den eine sida har ein arbeidsminnet, som vert nytta då programma køyrer, medan ein på den andre sida har harddisken. Her vert minnet noko som tek plass, noko som kan kastast og gløymast, men og lagra og hugsa. Slik vert eit minne noko som skapast, men og forma, nytta, omtolka og gjenbruka.¹⁶

Eit minne ein informant fortel, kan tolkast i fleire retningar. Det må sjåast i samband med at eit minne fungerer på fleire plan. For det første kan minner vere skildrande om fortida. På den måten inneheld det fakta, informasjon og ei forteljing om noko. Såleis kan ein få kjeldemateriale som ein kan nytte i ei historisk framstilling om noko.¹⁷

¹² Agnalt, 2013: 11

¹³ Slettan, 1994: 74

¹⁴ Agnalt, 2013: 11

¹⁵ Ingar Kaldal, Minna og mytane – og verdien av dei som historisk materiale, *Historisk Tidsskrift*, 87/2008: 665-679

¹⁶ Kaldal, 2016: 59

¹⁷ Kaldal, 2016: 83

For det andre er eit minne skapt og forma i tider, miljø, samfunn og kulturar som minnet kjem i frå. Såleis kan ulike prosessar ha påverka både i innhald, og i korleis minna vert fortald. Det gjer at minnet kan «avsløre» normer, eller korleis noko har vore tenkt gjennom korleis minnet vert fortald. For det tredje kan eit minne gjennom den måten det har vore nytta, sjølv skapt eller forma noko.¹⁸

Om ein ser på munnlege kjelder med tanke på den nye kulturhistoria, der menneske og daglegliv fekk eit større fokus, kan ein få informasjon om faktiske forhold, men og om førestillingane om desse. Det gjer ein med å sjå på «kultur som betydingar og meiningssamanhengar, tenkjemåtar og forteljemåtar, altså mønster som kan ligge til grunn for, og av og til vore med på å forme, både samfunn, kulturar og folks liv».¹⁹

Framgangsmåte

I dei neste avsnitta vil eg vise korleis eg gjekk metodisk fram i denne undersøkinga. Her vil eg vise korleis intervjusituasjonen var. Det med tanke utfordringane eg møtte, og grepa eg tok for at intervjuar skulle bli ei god erfaring både for meg og for informantane.

Informantane

Mine informantar er personar busett i på forskjellige stader i Romsdalsområdet. Desse er i hovudsak menn som har arbeidd i bransjen frå dei var unge. Unntaket er ein kvinneleg montør. Nokre av desse byrja på 1960-talet, men hovudtyngda byrja kring 1980. Dei fleste av mine informantar er framleis i bransjen den dag i dag. Bakerst i oppgåva er det ei liste over alle informantane. Desse er referert til med sine fulle namn, unntaket er to informantar som ville vere anonyme.

Utvelging av informantar

Ein viktig motivasjon for oppgåva var at eg sjølv har vore tilknytt denne bransjen. Eg tok fagbrevet telekommunikasjonsmontør i 2009, etter eit og halvt års lære i bedrifta Relacom. Såleis har eg kjent til fleire av informantane fleire år før ideen til denne oppgåva byrja.

¹⁸ Kaldal, 2016: 83

¹⁹ Kaldal, 2008: 665-679

For å velje ut informantar byrja eg å kontakte personar eg på førehand visste var opptekne av deira bransje si historie. Dette var personar som hadde fortald og vist meg mykje då eg sjølv var lærling. Desse hjalp meg og med å finne andre personar som har vore ein del av bransjen tidlegare, altså den såkalla snøballmetoden.²⁰ Dette fungerte godt, og eg fekk kartlagt kven som potensielt kunne intervjuast, samt omfanget av informantar. Snøballmetoden var spesielt viktig då eg skulle finne informantar som kunne seie noko om dei farande laga på 1960-talet. Av dei som var med i farande lag, er det få som framleis er i live. Utan hjelp frå andre informantar, hadde eg truleg ikkje fått kontakt med desse.

Intervjuet

Intervjua var ikkje prega av struktruerte spørsmål og hadde laga på førehand. Difor kan ein like godt kalle situasjonen for ein samtale. Dette opna opp for at informantane kunne prate om det dei sjølv ville, innanfor tematikk som eg tok opp. Intervjuet kunne av og til gli litt ut, men i desse situasjonane prata vi ferdig, før eg bevega samtalen inn på meir relevante tema igjen. Denne måten å gjere det på var noko meir tidskrevjande, men samstundes handla det om å vise informantane respekt, og ikkje berre ha fokus på mine interesser. Dette gjorde og at vi kom innom ting som i ettertid har vist seg å ha vorte viktig for denne masteroppgåva.

Sjølve intervjuet vart gjennomført på to forskjellige arenaer. For dei som framleis var i arbeid, vart fleire intervjua i lokala der dei arbeider i dag, etter arbeidstid. Dette var praktisk for både meg og dei. Det må sjåast i samanheng med at dei to firmaa som er dei store i telekommunikasjonsbransjen i Moldeområdet i dag, Relacom og Eltel ligg like ved kvarandre. På den måten var informantane i nærleiken, då eg hadde ein sommarjobb hjå Eltel i 2017. Dei som i dag er pensjonistar, vart intervjua i sine eigne heimar. Desse hadde eg ikkje noko kjennskap til i frå før, og såleis var det nok både praktisk og trygt for dei å vere i eigen heim.

Intervjusituasjonen, og forskaren si rolle

Informantane sine reaksjonar i intervjusituasjonen er ofte prega av korleis forskaren framstår for vedkommande. Dette gjeld både i samband med forskaren sine personlege eigenskaper, med og ytre teikn som kjønn, alder og sosial bakgrunn.²¹ I mitt tilfelle var alder ei utfordring.

²⁰ Tove Thagaard, Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode, Fagbokforlaget, Bergen, 2004: 54

²¹ Thagaard, 2004: 97-98

Eg var berre ein unge då Televerket vart Telenor. Såleis var alderen med på å distansere meg frå informantane.

Den tillitten og truverdigheita som utviklar seg i intervjusituasjonen, gjev grunnlag for at informanten kan fortelje opent om sine erfaringar. Samstundes kan vi ikkje vite korleis det informanten fortel er prega av relasjonen til forskaren.²² I mitt tilfelle kjende eg fleire av dei eg intervjuar på førehand, noko som kan ha påverka intervjuet. Noko bestemt svar på i kor stor grad det også kan ha endra det dei fortalte, eller på kva måte det påverka kan vi aldri få greie på.²³

Ein av fordelane med at eg kjende fleire av informantane, var at det ikkje var sosialt stor avstand. Eg hadde vore ein av dei på eit tidspunkt, noko som gav ein nærleik som kunne gjere at dei vart mindre skeptiske på meg som forskar.²⁴ For dei som var pensjonistar, og som eg ikkje hadde arbeidd med tidlegare, kan nok det at eg var frå same bransjen også ha verka positivt.

Ein anna fordel med at eg har ei fortid i denne bransjen, er at eg har kjennskap og kunnskap om mykje av arbeidsoppgåvene. På den måten var intervjuar meir effektive, då vi ikkje trong å bruke mykje tid på at informantane måtte forklare delar av arbeidet i detalj.

I samtalane med dei eg kjende til frå før, var eg komfortabel, spesielt etter at eg hadde gjennomført nokre intervju. For å skape trivsel sørga eg for at det var noko enkelt å ete. Dette passa spesielt godt i dei tilfella intervjuet vart gjennomført etter arbeidstid. Dei informantane som var pensjonistar, var eg meir spente på, då vi ikkje hadde opparbeidd noko spesielt tillit på førehand. Men dette løyste seg godt, då vi hadde noko felles med tanke på at vi alle hadde telekommunikasjonsbakgrunn. Eg hadde med bakevarar til dei pensjonerte informantane og, men dette var unødvendig då dei hadde koner som var flinke til å bake.

Oppsummert var mitt utgangspunkt som forskar prega av både nærleik og avstand til informantane. Alle var ein del eldre, men felles hadde vi alle vore ein del av den same bransjen.

²² Thagaard, 2004: 98

²³ Thagaard, 2004: 98

²⁴ Thagaard, 2004: 99

Intervjuguide

Som nemnt tidlegare ville eg vere open kring kva vi skulle prate om, men eg hadde nokre tema skrivne ned på eit ark som eg hadde med meg. Såleis var dette ein enkel variant av ein intervjuguide. Utan ein tydeleg struktur, slepte informantane til med det dei ville seie. Dette var noko som gjorde at mange av intervjuar omhandla mykje det same, men hadde ofte ulike tyngdepunkt.

Transkribering

Alle intervju vart teke opp, desse opptaka vart nytta til transkripsjonen i ettertid. Intervjuar er ikkje fullstendige nedskrivne. Dette med tanke på at det var lange intervju, noko som ville ha gjort at eit slikt arbeid ville ha teke alt for lang tid.

I ettertid hørde eg i gjennom kvart opptak, og skreiv ned kva temaet var til ei kvar tid i opptaket. Såleis kunne eg i ettertid søkje opp i dokumentet om eg ville høyre noko om eit bestemt tema som vart nemnt. Ei ulempe med dette, er at ein må høyre opptaket på nytt for å få med tenkepausar og variasjonar i stemma.

Samtykkeskjema

Alle informantane måtte fylle ut eit samtykkeskjema som eg laga til denne masteroppgåva.²⁵ Alle informantane vart informert og har gjeve sitt samtykke til bruken av materialet dei var med på å produsere. Som mal brukte eg skjemaet til nettprosjektet «Arbeidsarven», etter tips frå rettleiar.²⁶

I mitt samtykkeskjema gav eg informantane moglegheita til å velje å vere anonyme, noko to informantar valde å vere. Samstundes har og informantar som har ytra ønske om å om å få lese før publisering, fått lov til det. Med dette samtykket, godkjente og informantane at intervjuar etter prosjektet skal sendas inn til Norsk Entologisk Gransking ved Norsk Folkemuseum, for bevaring til eventuelt vidare bruk. Dei vart og informerte om at dei kan trekkje seg, men ikkje etter materialet er innsendt.²⁷

²⁵ Sjø vedlegg VI for samtykkeskjema

²⁶ www.arbeidsarven.net

²⁷ Sjø vedlegg VII for søknad til personvernet kring munnlege kjelder

Sosiale relasjonar

Mi oppgåve skal handle om sosiale relasjonar i samband med telemontøren. I dei følgjande avsnitta vil eg ta for meg sosiale relasjonar.

Som «sosiale personar» emnar vi å «kople» oss til andre personar. Ei slik kopling skjer ikkje på kva som helst måte, den må vere utfyllande eller meir presis sagt komplementær. Det kan vere kjøpar til seljar eller mellom vener. Korleis desse koplingane skjer, er avhengig av gjensidige rettigheter og plikter, noko ein kan kalle eit «statussett».²⁸ Eit statussett eller ein status er ikkje i seg sjølv observerbart, då det ikkje er noko fysisk. Det ein kan ein sjå er aktiviseringa eller konsekvensen av at noko har ein status. Om ein telefonarbeidar er sterk, er det ikkje sjølve statusen «sterk» vi ser, men det er aktualiseringa av statusen i form av musklar, fysisk storleik og det at han gjer eit tungt arbeid.

For ein historikar vert det ikkje berre viktig å leggje merke til korleis personar skildrar eller omtalar andre anten som enkeltpersonar eller som ein del av eit fellesskap. Det er og viktig korleis dei skildrar arbeidet, eller andre delar av ein arbeidsdag. Det gjev moglegheita å prate om eigenskaper, teknikkar, prosessar, relasjonar, episodar og hendingar. Dette igjen må sjåast i samanheng med at status er noko ein får av andre, noko som tyder at ein må vere kritisk. Det takast omsyn til vedkommande som gjev status har proviens. Fokuset må ligge i å utnytte ulike sider av ein arbeidsdag, og sjå den i gjennom fleire perspektiv. Her må ein leite etter statusar, knytt til rettigheter og plikter arbeidarane aktualiserte. I sosiologien vil det å utøve rettigheter og plikter utifrå status kallast å opptre i eit rollesett.²⁹ Kvar status eller rolle har eit slingringsmonn, noko som gjev plass til personlegdom, og som igjen påverkar korleis den sosiale rolla vert aktualisert.

Alle har ein eller anna status, til dømes det å vere onkel, tannlege eller telefonarbeidar. Ein skilnad i samband med statusar, kan vere korleis ein har fått den. Ein skil mellom tilskrivne og erverva statusar, som høvesvis vil seie nedarva og opparbeidde statusar. I det moderne samfunnet med yrkesfridom er ein meir knytt til erverva statusar enn i dei tidlegare tider, der ein hadde meir tilskrivne statusar. Det må sjåast i samband med at ein i prinsippet i dag kan velje yrke, samt at fleire yrker tidlegare følgde slektslinja og såleis kan seiast i noko grad å

²⁸ Cato Wadel, Jeg er mine sosiale relasjoner: å tenke sosialt om seg selv, SEEK a/s, Flekkefjord, 2008: 24

²⁹ Wadel, 2008: 25

vere tilskrivne. Om ein listar opp ein person sine statusar, gjev det informasjon om kven vedkommande er som sosial person, og kva andre aktørar som vedkommande står i relasjon til, og den relasjonens karakter.

Omgrepet «sosial status» kan ein då nytte på to måtar. For det første kan ein knytte det til den einskilde sosiale person, der ein ser på relasjonar vedkommande har til andre aktørar. For det andre kan det nyttast meir abstrakt, som typar relasjonar som finst i eit samfunn.³⁰ Dei ulike relasjonane kan delast i to, med multiplekse relasjonar på ei side, og uniplekse relasjonar på den andre sida. Dei enkle relasjonane er det vi kallar uniplekse, dømer på det kan vere lege og pasient. Her handlar det om einlinja relasjonar. Multiplekse relasjonar er på si side meir omfattande då det handlar om fleirlinja relasjonar. Dømer på det er mellom vener eller mellom slektningar. Her har dei fleire statusar samstundes.³¹

I mi undersøking vil ei slik todeling vere relevant i samband med kva sosiale relasjonar montøren skal vurderast opp mot. Relasjonen ein montør har til ein kollega har i alle fall eit potensiale å vere knytt til fleire statusar. Her kan dei vere kollegaer men og til dømes vener eller treningskameratar, noko som gjev moglegheita for multiplekse relasjonar som har utvikla seg over tid. Relasjonane ein montør har til offentlegheita er i større grad knytt til uniplekse relasjonar, der det er Telegrafverket eller Televerket på ei side, og eit kundeforhold på den andre sida. Kjenner montøren kunden endrar relasjonen seg til ein multipleks relasjon. Uansett var Telegrafverket eller Televerket noko mange såg i kvardagen, og folk måtte stilla seg til. Sosiale relasjonar er eit tema i mange studiar av samhandling. Om vi knyt status til samhandling, gjev det moglegheita til å skildre nettopp sosiale relasjonar og knyte det presist til personar, men og til samfunnet.³²

³⁰ Thomas Hylland Eriksen, Små steder- Storespørsmål: Innføring i sosialantropologi, Universitetsforlaget,Oslo, 1998: 57


³¹ Hylland Eriksen, 1998: 59

³² Hylland Eriksen, 1998: 57

3. Historisk bakgrunn

Byrjinga for telekommunikasjonsbransjen i Noreg

Opphavet til det som etter kvart skulle bli Televerket, og seinare Telenor, starta allereie med februarrevolusjonen som spreia seg i Europa i 1848. Ein såg verknadene opprøret i Paris gav, og militære kretsar i Kristiania fekk impulsar til å ordne seg ei betra sambandsteneste.³³ Kong Oscar I var og interessert i å få kommunikasjon mellom dei to hovudstadane i unionen, med hjelp av telegrafan.³⁴ Ut i frå denne situasjonen fekk regjeringa, den 24. desember 1848, med omsyn til forsvaret, i oppgåve å utgreie og tilrå ei telegraflinje «frå et eller andet Punct ved Havet til Christiania over Horten og Kaholmen».³⁵ Marinedepartementet utnemnte løytnant Carsten Tank Nielsen, som i ei krevjande tid med kapitalnaud grunna krisetilstanden, ikkje fekk gjort mykje.



Bilete: Til venstre Carsten Tank Nielsen. (Kjelde: Telemuseet.no)

Bilete: Til høgre dømme på optisk telegraf. (Kjelde: Rees's Cyclopædia, Plates Vol. IV, «TELEGRAPH», Fig. 4)

I 1850 fekk Nielsen førespurnad om å dra til Sverige for å få detaljar om korleis den optiske telegrafan der fungerte. Nielsen takka nei, då han meinte at den optiske telegrafans tid snart var over. Nielsen meinte at det var på tide å byrje å tenkje på den elektriske telegrafan.³⁶ Han hadde følgd med på den teknologiske endringa i Amerika og Europa, mellom anna ein

³³ Thorolf Rafto, *Telegrafverkets historie 1855-1955*, A.S John Greigs Boktrykkeri, Bergen, 1955: 27

³⁴ Rafto, 1955: 28

³⁵ Rafto, 1955: 28-29

³⁶ Rafto, 1955: 29

elektrisk telegraflinje mellom Frankrike og England i 1850. For å få til dette hadde dei lagt ein undersjøisk kabel.³⁷ Nokre år seinare vart og «sivilisasjons-linja» lagt over Atlanterhavet for å hjelpe emigrantstraumen.

Mange land la telegrafkabel på denne tida, og deira suksess pressa Noreg si regjering til å gjere noko. I desember 1852 vart ein kommisjon sett for å granske spørsmålet om «Hensigtsmæssigheden af electro-magnetiske Telegraphanlæg her i Landet med specielt Hensyn til under visse Betingelser at faa oprettet telegraphisk Forbindelse med Utlandet».³⁸ No hadde krisesituasjonen med Februarrevolusjonen i Europa roa seg, hensikta med telegrafanlegget var ikkje berre for å kommunisere med hæren, men og for å kunne kommunisere med andre marknader.

I kommisjonen satt oberstløytnant H.N.S. Wergeland, universitetslektor dr. philos. Ole Jacob Broch og premierløytnant i marinen C. T. Nielsen. Dei sette straks i gang med arbeidet, slik at Stortinget skulle ha noko å drøfte når det skulle samlast i 1854. Dei reiste på studieturar til utlandet, for å lære av erfaringane andre land hadde gjort. Allereie den 20. desember 1853 var innstillinga klar. Her var det forslag om telegraflinjer frå svenskegrensa og til Mandal, og dessutan eit forslag på korleis organisasjonen skulle byggjast opp. Kort tid etterpå støtta både regjering og Storting innstillinga, som i ettertida viste seg å vere sjølve grunnvullen for «Den norske statstelegraf». Med denne utviklinga meinte regjeringa at det ville «fremme landets velstand, «ophjælpe Næringene», og kanskje spesielt fiskeria».³⁹

Korleis ein skulle fremje telegrafverksemda var eit viktig spørsmål, slik ein såg det var det tre moglegheiter. Anten som eit statleg tiltak, som eit privat tiltak, eller ein mellomting av desse. Trenden i Europa var at telegrafanlegg kom i stand som eit statsføretak, men at dei sikra eineretten ved lovverket som hjelp. Noreg hamna i same situasjon, då dei ikkje hadde private som var villige til å ta investeringa. Noregs plassering geografisk var i utkanten, og difor ikkje eit attraktivt land for utanlandske investorar. Dessutan trudde ein i samtida at allmenheita var best tent med ein telegraf driven av det offentlege.⁴⁰

³⁷ Rafto, 1955: 35

³⁸ Rafto, 1955: 37-38


³⁹ Rafto, 1955: 38-39

⁴⁰ Rafto, 1955: 39-43

9. august 1854 fekk Nielsen stillinga som bestyrar for Statstelegrafens anlegg og drift. Same året vart det vedteke at den første linja skulle ferdigstillast. Den gjekk mellom Kristiania og Drammen. 1. januar 1855, vart den første offisielle linja opna.⁴¹

Den moderne historia

Frå 1855 og fram til i dag har mykje skjedd. Til dømes har Statstelegrafan skifta namn fleire gonger, der Telegrafverket (1933-69), Televerket (1969-94) og Telenor (frå 1995) er dei mest kjende.⁴² Verksemda utvikla seg, og fekk etter kvart ein viktig posisjon i det norske samfunnet. I åra 1967-1969 var Telegrafverket ein av bedriftene med flest sysselsette i Noreg, berre N.S.B hadde fleire.⁴³ Såleis var Telegrafverket og Televerket (frå 1969) av dei største arbeidsplassane i landet. I dei neste avsnitta vert berre utvalde hendingar omtala.⁴⁴



Bilete: Telegrafverket sin logo
(Kjelde: Wikipedia.no)

Ei viktig hending var innføringa av «Telegraflova», den 29. april 1899. «Lov om Eneret for Staten til Befordring af Meddelelse ved Hjælp af Telegraflinjer og lignende Anlæg».⁴⁵ Såleis fekk verksemda monopol på dei fleste av overføringssystema for telekommunikasjon i Noreg.⁴⁶

Som eit resultat av lange venteliser for installering av telefon, oppnemnte regjeringa Tvedt-kommisjonen i 1955. Dei skulle greie ut korleis verksemda skulle drive på ein rasjonell og

⁴¹ Rafto, 1955: 44-49

⁴² Finn Jahren, Glimt fra Televerks-kulturen. 3: Forholdet til kundene; og Telegrafverket blir Televerket, Norsk

⁴³ Per Øvregaard, Televerket: I samfunnets tjeneste, Bind II 1962-1969, Norsk Telemuseum, Oslo, 1996: 12

⁴⁴ For å lese meir om historia, sjå til dømes Rafto, 1955

⁴⁵ Telegrafloven (29.04.1899): Artikkel I

⁴⁶ Lars Thue, Gode forbindelser, Televerket 1980 – Telenor 1995, Gyldendal norsk forlag, Telenor, Oslo, 1995: 30

effektiv måte. Konklusjonen var at ei større grad av sjølvstende var naudsynt.⁴⁷ I 1968 forkasta Borten – regjeringa dei viktigaste reformforslaga, då desse ville ha ført til at Telegrafverket måtte ha skilt seg frå sentralforvaltninga. Ei mindre oppfattande løysing vart vald. Denne gjorde at dei framleis skulle vere ein del av sentralforvaltninga, men at leiinga skulle organiserast som eit frittståande direktorat, kalla Teledirektoratet. Verksemda skifta og namn til Televerket.⁴⁸



Bilete: Televerket sine logoar

(Kjelde: Telemuseet)

På 1970-tallet kom nye problem for Televerket. Eit utval vert sett ned for å studere Televerkets organisasjon og finansiering. Etter eit omfattande arbeid blei det vedteke ei organisatorisk tredeling. Konkurransedelen, som skulle heite TBK, skulle selje bedriftsinterne nett, brukarutstyr, datautstyr og programvare i konkurranse med private aktørar. Forvaltingsdelen skulle handtere forskrifter og regelverk knytt til konkurranseområdet. Dømer på det kan vere tildeling av konsesjonar på radioområda. Basisorganisasjonen skulle ta seg av monopoloppgåvene.⁴⁹ Statens Teleforvaltning kom i gang i juli 1987, medan TBK blei skild ut frå Televerket som eit eige aksjeselskap den 1. januar 1988.⁵⁰ Då tredelinga, med Televerket, TBK og Statens Teleforvaltning var gjort, vart no delar av monopolet lempa. Ein hadde no opna for konkurranse på sal av brukarutstyr.

Stadig større opning for konkurranse

I 1986 blei ei ekspertgruppe i samband med utgreiingar kring verdiaukande tenester nedsett. Her vart det vurdert i kva grad Televerket skulle vere med å konkurrere på marknaden for

⁴⁷ Thomas Vatne, Fra forvaltning til forretning: mot opprettelsen av Telenor AS 1968-1994, LOS-senteret, Bergen, 1998: 1

⁴⁸ Vatne, 1998: 1-2

⁴⁹ Vatne, 1998: 2 og Thue, 1995: 33

⁵⁰ Thue, 1995: 34-35

verdiaukande tenester. I samtida vart ei slik teneste rekna som databehandling, tilleggsytningar som telemarketing, elektronisk post og opplysningsteneste. Om ein basisteneste eller monopolteneste, som sjølve signaloverføringa var, vert tilført noko som gav verdi for brukaren, vart det sett på som verdiaukande.⁵¹

Stortinget var delt i om dei meinte at Televerket skulle få høve til å konkurrere i denne marknaden. Parti som var for telemonopolet ville at dei skulle få tilgang til denne nye marknaden, medan parti som var mot telemonopolet, meinte at Televerket ikkje skulle få konkurrere i den nye marknaden. Ekspertgruppa tok til orde for at basisorganisasjonen og private aktørar fritt skulle tilby desse tenestene. Det enda med at Televerket fekk tilgang til marknaden.⁵² Truleg ville det ha lite for seg å nekte Televerket denne marknaden, då dei igjennom digitaliseringa fekk moglegheita til å tilby brukarar fleire tenester.⁵³

I 1990 vart det opna for ein alternativ tenesteleverandør innanfor det då nye GSM-systemet. Det førte til at NetCom GSM AS vart oppretta i 1993. Brundtland-regjeringa gjekk inn for at no skulle Televerkets einerett på datanettet oppløysast. Desse dereguleringane vart gjeldande frå 1. januar 1993. No hadde 15 år med dereguleringar brei politisk støtte, ikkje berre i dei politiske partia, men og av Televerkets leing.⁵⁴

Det siste leddet i samband med opning for konkurranse, vart vedteke i november 1993. Då vart det bestemt at frå 1. januar 1998 så skulle telefontenesta og infrastrukturen deregulerast. Denne liberaliseringa var grunna med at den teknologiske utviklinga gjekk så fort.⁵⁵ Dette gav og høve for Televerket å få den forretningsmessige fridomen dei trong for å konkurrere.⁵⁶

Slutten på Televerket

«Organisasjonen var ikke godt rustet til å takle teknologiske endringer, ny offentlig politikk og global konkurranse».⁵⁷ I 1990 føreslo Televerkets styre at ein frå 1. januar 1992 skulle bli organisert som eit aksjeselskap. Då forslaget ikkje førte fram, arbeidde styret med eit forslag

⁵¹ Thue, 1995: 35

⁵² Thue, 1995: 35-36

⁵³ Thue, 1995: 35

⁵⁴ Thue, 1995: 36-37

⁵⁵ Thue, 1995: 37

⁵⁶ Vatne, 1998: 126

⁵⁷ Tom Colbjørnsen via Sidsel K. Solbrække, Omstilling, ledelse og verdghet. En studie i Telenors markedsorienteringsprosess 1990-1993, Universitetet i Berge, 2011: 115

der ein skulle få ei mest mogleg marknadsforankra bedrift innanfor forvaltningsmodellen. I forslaget vart det og fastsett at Televerket hadde for mange tilsette. Det vart sett eit mål om å redusere talet på tilsette frå 14800 til 10700 innan 1995.

For å handtere dei problema ei nedskjering ville føre med seg, føreslo styret at ein oppretta «Televerkets Nye Muligheter», der dei overtalige etter denne omorganiseringa skulle overførast. Her var det eit føremål, nemleg å sysselsette dei overtalige.⁵⁸ Ein skulle og legge til rette for at dei overtalige skulle få moglegheiter til vidare kompetanseauke.

Forslaget fekk gjennomslag i Stortinget, og frå 1. januar 1993 var den nye organisasjonen operativ. Den fekk namnet Telegruppen, og omfatta forvaltingsbedrifta Televerket, og ei rekkje dotterselskap. Dømer på var TBK, Tele-mobil, Teletotal og Teleplus.⁵⁹

Den nye organisasjonen fekk færre nivå, større organisasjonseiningar, færre leiarar og tilsette. Ein skulle få auka mål og resultatstyring i heile organisasjonen, noko som var i tråd med new public management – tradisjonen.⁶⁰ Det nye Televerket skulle treffe kundane der dei var, og oppretthalde ei geografisk spreining på tenestane sine. Det skulle dei greie med hjelp av moderne teknologi.⁶¹

I februar 1991 vart Tormod Hermansen administrerande direktør i Televerket. Han gjekk inn for å omorganisere Televerket. Prosessen var allereie i gang då han byrja, men fekk ei anna fart, og ei tydelegare retning då Hermansen tok over.⁶² Monopolet skulle oppløysast, organisasjonen skulle bli meir marknadsretta, effektiv, og dessutan betydeleg redusert.⁶³

Våren 1994, fekk leiinga i telegruppa politisk gjennomslag for å endre til aksjeselskapsmodellen. Regjeringa la fram «Stortingsproposisjon 43 (1993-94) Om tilknytningsform for samferdselsbedrifter». Med Arbeiderpartiet og dei borglege parti sine 100 stemmer, vart det vedteke mot SV, Sp og RV sine 42 stemmer, at Televerket skulle bli

⁵⁸ Solbrække, 2011: 282

⁵⁹ Thue, 1995: 45-46

⁶⁰ For å lese meir om new public management, sjå til dømes T. Bush, E. Johnsen, K. Klaudi Klausen og J. O. Vanebo, Modernisering av offentlig sektor. Trender, ideer og praksiser, 3. utg, Oslo, Universitetsforlaget, 2011

⁶¹ Solbrække, 2011: 145-147

⁶² Solbrække, 2011: 120

⁶³ Thue, 1995: 46-47

aksjeselskap frå 1. november 1994.⁶⁴ Frå 1. januar bytta Televerket namn til Telenor.⁶⁵ No var den gamle forvaltingsbedrifta skild ut frå statsforvaltinga, og vart i staden ei eige rettssubjekt med staten som eineigar.⁶⁶



Bilete: Telenor sin logo i 1995.

(Kjelde: Digitalmuseum.no)

Arbeidarane i felten skil lag

I 1996 blei Telenor Installasjon AS etablert. I denne delen av organisasjonen vart montørane tilknytt.⁶⁷ Våren 2000 vart Telenor IT Service og Installasjon, seld til Bravida. No var ikkje montørane lengre ein del av Telenor. Bravida sine telemontørar var Televerkets gamle installatørar.⁶⁸ Bravida vart den 23. oktober 2000 slått saman med holdingselskapet BPA AB, ein svensk leverandør av ventilasjon, sanitær og elektro. Her eigde Telenor og BPA 48 % av aksjane kvar. Bravida sikra seg og ei fem års kontrakt med Telenor om utviding, vedlikehald og service for Telenors infrastruktur i Noreg.⁶⁹



Bilde: Bravida sin logo.

(Kjelde: bravida.se)

I desember 2004 vart Bravida IKT, Bravida Telekom og Bravida Geomatikk selde. Det svenske investeringsfirmaet Altor kjøpte opp Bravida Telekom, som endra namnet til Telavie.⁷⁰ Hausten 2005 vart selskapet slegne saman med Flextronics Network Services og

⁶⁴ Thue, 1995: 47

⁶⁵ Thue, 1995: 47

⁶⁶ Vatne, 1998: 1

⁶⁷ Stortingsmelding nr. 17 (1997-98), Om Telenor AS si verksemd

⁶⁸ Telenor føder Bravida, ITavisen, 27.03.200, sist sett 13.04.2018

⁶⁹ Prospekt frå Telenor, 2000: 131

⁷⁰ Telavie skifter navn igjen, Jan-Erik Bergstad, I-Tromsø, 05.09.2005, sist sett 13.04.2018

endra då namnet til Relacom. Det er viktig å nemne at parallelt med utviklinga av Bravida, så vart det og oppretta andre konkurrerande firma. Eit døme på dette er Eltel, i 2001.⁷¹



Bilete: Relacom og Eltel sine logoar.

(Kjelder: Relacom.no og Eltelgroup.com)

Oversikt over den statlege televerksemda i Moldeområdet

Møre telegrafdistrikt: Telegrafverket

Frå 1933 til 1969 heitte verksemda for Telegrafverket.⁷² I denne tidsperioden av mi undersøking er det hovudsakleg fokus på «farande lag».⁷³ Difor vel eg å i staden gje ei enkel oversikt over verksemda. På landsbasis i 1969 var det det 12 distrikt underlagt telegrafstyret. Under desse igjen var det 121 lokaladministrative einingar.⁷⁴ Geografisk omfatta Møre telegrafdistrikt området Møre og Romsdal, men og Nordfjordeid i Sogn og Fjordane.⁷⁵

Molde teleområde: Televerket

I 1969 bytta Møre distrikt namn til Molde teleområde.⁷⁶ Molde teleområde bestod av åtte nærliggande kommunar, og hadde i 1986 ca 23500 abonnentar. Talet på tilsette var omlag 220.⁷⁷ Øvste leiar i teleområdet var telesjefen, som hadde seks fagsjefar under seg. Desse hadde ansvar for underliggande avdelingar. I Molde teleområde var det administrasjonsavdeling, marknadsavdeling, økonomiavdeling, planavdeling, linjeavdeling og stasjonsavdeling. I vår samanheng er stasjonsavdelinga og linjeavdelinga som er viktigast, det var her desse montørane var tilknytt.

⁷¹ Eltel.no, Eltels historie, 2018, sist sett 14.04.2018

⁷² Sjå vedlegg I for organisasjonskart Telegrafverket 1963

⁷³ Sjå kapittel 4, for informasjon om «farande lag»

⁷⁴ Øvregard, 1996: 174

⁷⁵ Øvregard, 1996: 26

⁷⁶ Sjå vedlegg II for Molde teleområde 1986

⁷⁷ Rapport fra praksisperioden EVAM trinn 1, Teleformann Hans Petter Orrem, 1986: 1

Linjeavdelinga

Linjeavdelinga i Molde teleområde var der dei fleste montørane var tilknytt. Her hadde dei i oppgåve å bygge ut, drifte linjer og kabelnett. I tillegg skulle dei installere telefonar og anna utstyr hjå abonnenten. Avdelinga var av dei største i teleområdet og var organisert i ei anleggsgruppe, ei feilrettargruppe og ein linjeteknisk sjef med stab.⁷⁸

For å løyse sine oppgåver var anleggsgruppa delt inn i fire kontrollørgrupper, knytt til sine geografiske område. Anleggsgruppa arbeidde med å bygge ut nytt kabelnett, forsterke eksisterande kabelnett med nye og eventuelt større kablar. Å vedlikehalde eksisterande kablar, kalla ein for drift, eller drifting av kabelnett. Vedlikehaldet var og knytt til å rette feil på apparat og anna utstyr hjå abonnenten. Ordrefordelaren koordinerte kven skulle utføre ordrane.⁷⁹

I feilrettargruppa var alle organisert i ei gruppe, under ein avdelingsleiar. Montørane var ei spreidd gruppe, då dei var fordelt utover alle basar og stasjonar i teleområdet. I Molde teleområde var det basar eller stasjonar i Molde, Eidsvåg, Aukra, Vestnes, Åndalsnes, Elnesvågen og i Eide.⁸⁰ Montørbase vart leia av ein formann, medan montørstasjon vart leia av ein avdelingsleiar. Formannen som leia base låg under avdelingsleiaren i hierarkiet.⁸¹

Stasjonsavdelinga

Montørane i stasjonsavdelinga var i hovudsak knytt til to underavdelingar, Transmisjonsavdelinga og Automatavdelinga. Transmisjonsavdelinga var delt i fire arbeidsområde. Der ein arbeidde mellom anna med radiolinje/kringkasting, PCM (signalforserking på kabelanlegg), datateneste og alarmteneste. Her utførte montørane montasjearbeidet for alle fagområda.⁸²

Automatavdelinga arbeidde i hovudsak med oppgåver knytt opp mot telefonsentralane i teleområdet. Arbeidsoppgåvene i sentralane var ofte drifting, vedlikehald, men og montering av ekstraustyr.

⁷⁸ Orrem, 1986: 26

⁷⁹ Orrem, 1986: 26

⁸⁰ Sjå vedlegg V for kart over Molde Teleområde

⁸¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

⁸² Orrem, 1986: 20-24

I Molde teleområde var det i 1986 tre forskjellige typar sentralar. Den eine heite ARK, og var ein sentral som vart nytta i distrikta, eller andre stader der det ikkje var så mykje folk. ARF var ein sentral ein nytta i område der det var meir enn 1000 abonnentar. ARM var ein fjernsentral. I Molde teleområde var det i 1986 58 stk ARK sentralar, og samstundes to stk ARM og tre stk ARF sentralar.⁸³

⁸³ Orrem, 1986: 24

4. Telegrafverket

Sosiale relasjonar mellom arbeidarar i Telegrafverket

I dette kapittelet skal det handle om «dei farande laga» i Telegrafverket. Desse var ei arbeidsorganisering der ei gruppe arbeidarar vart køyrd ut i lastebil til eit område som dei skulle bygge ut. Der vart dei henta på kvelden, og slik heldt dei på til området var utbygd. Dei farande laga var ein av reiskapane Telegrafverket nytta for å løyse utfordringane knytt til den auka etterspurnaden etter telefon. I dei farande laga budde alle vekke frå sin eigen heim og vart innlosjert saman på plassar med varierende fasilitetar.⁸⁴ Dømer på slike stadar var brakker eller nedlagte gardsbruk og fabrikkar. I dei følgjande avsnitta vil eg ta for meg ulike kriterieia for hierarki og status, som kan ha hatt betydning for dei som arbeidde i dei farande laga. Det er viktig å understreke at i dette kapittelet vil det ikkje berre vere fokus på montøren, men og telefonarbeidaren. Sidan ein i dei farande laga var saman heile døgnet, vert sosialt liv og samhald ikkje berre knytt til arbeidet, men og til brakkelivet på kveldane. Grunna det vil eg og ha med eit underkapittel om det sosiale livet i brakkene.

Alder

Mange av dei som byrja i dei farande laga var unge, sjølv om det var unntak.⁸⁵

Telefonarbeidar Hans Petter Orrem hadde sin første dag 2.august 1966, og møtte ved arbeidsbrakkene ved Frei, like utanfor Kristiansund. «*Då eg møtte sa [desse] gamlekarane der, då hadde eg tenkt på å reise heim att. Det var anleggsfolk med stor «a».*⁸⁶ Her møtte han eit par karar på kring 50 år, som var av ein «eldre skule». Det var stor skilnad i korleis desse karane kledde seg og tedde seg samanlikna med ungdomane. Dei var også meir vande til hardt fysisk arbeid. For Orrem som tidlegare hadde vore sildefiskar og var vand med fysisk arbeid, vart det ein ny kvardag. «*Det fysiske arbeidet til dei som dreiv med linjearbeidet var enormt, folk forstår ikkje det slitet.*⁸⁷ Desse utsegna fortel at som ung, og nyleg tilsett i farande lag, kunne det vere eit tøft møte med dei nye kollegaene.

⁸⁴ Intervju med Kolbjørn Sylthe. Sjå kapittel 4, «sosialt liv på brakka»

⁸⁵ Alle mine informantar var unge då dei byrja.

⁸⁶ Intervju med Hans Petter Orrem

⁸⁷ Intervju med Hans Petter Orrem

Orrem sitt møte med dei farande laga var ei hard oppleving for ein 18 åring. Sjølv om han hadde fått arbeidet grunna at han såg sterk ut, vart han utsliten. «*Vi åt middag på ein kafe i byskogen klokka seks. Klokka halv sju var eg i seng, utslått heilt til neste dag*». ⁸⁸ Som ein ung telefonarbeidar, så skulle ein her tru at ein hadde fysiske fordelar, samanlikna med sine eldre kollegaer. Likevel var det eit tungt arbeid der det å kome frå utsida og inn, ikkje berre var fysisk tungt å takle. Om ein hadde vore der ei stund vart ein meir vand med forholda, og arbeidsdagen vart lettare å takle. ⁸⁹

Dei unge nybyrjarane vart sett til å arbeide saman med dei andre. Den første oppgåva for fleire av informantane var å rydde skog og linjer. ⁹⁰ Då Per Inge Nerlandsrem byrja i november 1964 var det i samband med mykje snø som braut ned linjer. ⁹¹ Hans Petter Orrem vart sett til å rydde skog første dagen, sjølv om dei fleste andre dreiv stolpearbeid. Her handla det om at han mangla opplæring til stolpearbeid, og såleis vart sett til arbeid som ein ikkje trong opplæring til. ⁹² Ein kan spørje seg om det ikkje var oppgåver som dei unge skulle gjere? Dette finn vi dømer på i andre yrker. I historikaren Knut Kjeldstadli si bok «*Jerntid*» som omhandlar arbeidarar hjå Christiania Spigerverk og Kværner Brug, beskriv han eit skilje mellom læregut og fagarbeidar, der dei eldre utøvde autoritet. «*De var patriarker ovenfor guttene*». ⁹³ Her måtte dei yngre hente mellom anna kaffi, tobakk, øl og brennevin for dei eldre arbeidarane, og dessutan gjere eventuelt førefallande arbeid. ⁹⁴ Eit anna døme er frå tømmerfløytinga i Nedre Glomma. Her vart dei yngre sendt på motorsykkel til butikken om dei eldre ville ha øl eller tobakk, dessutan var det og dei unge sitt ansvar å varme opp kaffien før middagskvilen var ferdig. ⁹⁵ Oppgåvene i dei farande laga vart på si side utdelt på grunnlag av hierarki, kva arbeid ein var sett på som flink i, og var i liten grad knytt til arbeidarens alder.

⁸⁸ Intervju med Hans Petter Orrem

⁸⁹ Intervju med Hans Petter Orrem

⁹⁰ Intervju med Hans Petter Orrem og Per Inge Nerlandsrem

⁹¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

⁹² Intervju med Hans Petter Orrem

⁹³ Knut Kjeldstadli, *Jerntid: fabrikkssystem og arbeidere ved Christiania Spigerverk og Kværner Brug fra om lag 1890 til 1940*, Pax, Oslo: 1989: 96

⁹⁴ Kjeldstadli, 1989: 96

⁹⁵ Agnalt, 2013: 81-82



Bilete: Velta stolpekurs etter uver i Møre telegrafdistrikt november 1964

(Kjelde: Norsk Telemuseum)

Ein skilnad mellom det å vere gamal og ung i dei farande laga, var dei eldre sin rett til å velje først. Kåre Aarvik sine beretningar etter 40 år i Televerket, gjev grunn til å tru at det å vere eldst gjorde at ein hadde forrang over dei yngre. Det var ein del av ein kultur som gjaldst for heile telekommunikasjonsbransjen. «*Jeg delte rom med en langt eldre montør, og han forbehold seg sin rett til å velge seng*». ⁹⁶ Sitatet kan tolkast som at det var ein sjølvfølge, slik var det, og slik skulle det vere. Likevel var det ikkje ein fast regel at dei eldre skulle velje først, det handla ofte mykje om kva lag ein hamna på. «*Ein kunne komme i lag med folk som kunne behandle ungdommar*». ⁹⁷ Sjølv om dei eldre ofte hadde moglegheita å velje før ungdommen, tyder Per Inge Nerlandsrem sitt utsegn på at det ikkje var slik overalt. I lag der dei eldre behandla ungdommen godt, gjorde ikkje dei eldre så mykje ut av det at dei eventuelt hadde meir status, og kunne krevje fordelar og makt. Det seier oss og at alder ikkje vart tillagt same vekt i alle dei farande laga, og såleis ikkje var ein så fastgrodd regel som ein kanskje kunne tru. Såleis varierte det kor mykje alder hadde å seie for status og hierarki.

⁹⁶ Kåre Aarvik, Perler og gråstein: Beretninger om mennesker og miljøer i Televerket, Norsk Telemuseum, Bergen, 1992: 10

⁹⁷ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Utdanning

Utdanning av medarbeidarar i Telegrafverket hadde vore nødvendig heilt frå byrjinga i 1855. Allereie den gongen hadde ein innsett at dei som kom frå det offentlege skuleverket, ikkje hadde dei nødvendige kunnskapane som skulle til for å byrje rett i arbeid hjå Telegrafverket. Løysinga vart å haldne eigne kurs.⁹⁸

I 1949 kom ei ny undervisningsordning som dei farande laga måtte stille seg til. Denne ordninga skulle sikre at «den enkeltes kvalifikasjoner svarer til kravene, og som på en annen side sikrer den enkeltes muligheter for forfremmelse i samsvar med demokratiske prinsipper».⁹⁹ Undervisningsordninga omfatta seks forskjellige grunnkurs, samt moglegheita for høgare kurs. Desse var Radiokurs, Telegrafkurs, Telefonkurs, Automatkurs, Apparat, kabel og linjemontørkurs og Spesialmontørkurs. For dei farande laga var det relevante kurset Apparat, kabel og linjemontørkurs.¹⁰⁰ Kurset var på ca fem månader, og ein måtte ha minst eit år praksis i Telegrafverket for å søkje opptak. Det vart undervisning i både teoretiske og praktiske fag. Teoridelen bestod av rekning, elektrisitetslære, strømforsyning, telefonteknikk, telefonapparatutstyr, installasjon og materiell knytt til linje og kabelnett. Den praktiske delen var knytt til linjebygging, kabelarbeid og monteringsarbeid. Etter fullført kurs vart ein montør.¹⁰¹ Som montør var ein høgare opp i hierarkiet.¹⁰²

I dei farande laga vart ein om ein ikkje hadde vore tilsett på eit tidlegare tidspunkt telefonarbeidar då ein byrja. Det fordi ein då måtte ha praksis før ein fekk moglegheita til å gå kurs og få høgare stillingar som til dømes montør. Såleis kan ein knyte ansiennitet til rett på å søkje opplæring.

Ansiennitet

I dei farande laga var det eit hierarki der ein byrja som telefonarbeider. Tok ein montørutdanning, kunne ein som sagt bli montør. Formannen i laget var den som var høgast i hierarkiet som til ei kvar tid var på arbeidsstaden.¹⁰³

⁹⁸ Jahren, 1996: 143

⁹⁹ Kort orientering om Telegrafverket organisasjon og oppbygging, personalets plikter og rettigheter i tjenesten, Telegrafverkets rekrutterings og undervisningsordning, S. & Jul Sørensen A/S boktrykkeri, Oslo, 1953: 27

¹⁰⁰ Telegrafverket, 1953: 27

¹⁰¹ Telegrafverket, 1953: 30

¹⁰² Fleire informantar nemnte det

¹⁰³ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Kva posisjon ein hadde i hierarkiet, var ofte avhengig av kor lenge ein hadde arbeid i Telegrafverket. Det må sjåast i samanheng med bedriftskulturen i Telegrafverket som var sterkt knytt til ansiennitet. Omgrepet tyder kor lenge ein hadde arbeid der. Til dømes brukte ein ansienniteten for å avgjere kven som skulle få ei stilling som vart utlyst, eller kven som skulle ta ei avgjere i arbeidet.¹⁰⁴ Såleis var dette systemet var med på å sette eit skilje mellom ein nybyrjar og ein erfaren arbeidar. Dette styrka ein kultur som tilsa at dei erfarne var mektigare. Så då dei unge fekk opplæring så var det ikkje berre arbeidslæring, men innføring i ein arbeidskultur der den sosiale statusen kunne sjåast i samanheng med erfaring og kvalifikasjonar. Det gav status å ha erfaring i bransjen.

Omgrepet ansiennitet kan knyttast til omgrepet erfaring, dess lengre ansiennitet dess lengre erfaring. Det å ha ein status som erfaren gav innehavaren rettigheter. Eit døme var forrang knytt til stillingar høgare opp i hierarkiet. Ein anna meir uformell rettighet var at dei erfarne skulle ha høve til å velje først. I dei farande laga var det lite utstyr, og mykje av det var dessutan fellesutstyr. «*Dei som var nybyrjarar, det var det verste syntes eg, dei fekk det dårlegaste utstyret*».¹⁰⁵ Utsegna til Per Inge Nerlandsrem syner ein samanheng mellom kva utstyr ein fekk og kva status ein hadde i laget. Omgrepet status vert ikkje knytt til reiskapen i seg sjølv, at ein nybyrjar skulle ha den tonga og den hammaren, men til rettigheita om å få velje først. Ein kan og tenkje seg at denne retten og råka andre ting. På ei side er det vanskeleg å seie noko sikkert om det ut ifrå kjeldene mine, men på ei anna side er det ikkje noko som tilseier at valretten skulle stoppe der.

I følge sosiologen Richard Sennett handlar omgrepet status om ein persons plassering i eit sosialt hierarki.¹⁰⁶ Som nybyrjar i dei farande laga, så hadde ein i utgangspunktet ein lågare status, og difor mindre rettigheter enn dei som i tillegg var erfarne. I samband med det sosiale hierarkiet kan ein då knyte mindre erfarne arbeidarar til ein lågare posisjon i hierarkiet. Ein kan her prate om ein anerkjenning, at både dei ferske og erfarne hadde ei gjensidig forståing at slik skulle det vere. Såleis kan ein seie at denne respekten ikkje nødvendigvis var hierarkisk, då personar med ulik status anerkjente denne praksisen. John Rawles forklarar omgrepet

¹⁰⁴ Jahren, 1996: 154

¹⁰⁵ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹⁰⁶ Richard Sennett, Respekt i en verden af ulighed (Dansk utgåve omsett av Ole Lindegård Henriksen), Hovedland, 2003: 73

anerkjenne som ei respekt for andre, men utan jamstilte behov.¹⁰⁷ Det at dei erfarne fekk velje verkty først, er eit godt døme, då ein respekterte at slik skulle det vere.

Anerkjenning og respekt

I dei farande laga var det som nemnt tidlegare, fleire kriteria som var med på å avgjere status og hierarki. Med anerkjenning og respekt handla det om å verte vurdert som dyktig på den eine sida, men og å verte likt på den andre sida. For å sjå på korleis arbeiderane anerkjente sine medarbeidarar si plassering i hierarkiet, eller deira status, vil det vere nyttig å dra inn omgrepet prestisje. Sjølv om ein som erfaren hadde ein høgare status enn dei som var fersk i bransjen, var det ikkje slik at dei automatisk oppnådde ei høgare prestisje grunna det. Richard Sennett knyt prestisje til kjenslene ein kan få som eit resultat av statusen.¹⁰⁸ Eit døme er frå då distriktssjefen kom på besøk til det farande laget Hans Petter Orrem var ein del av. «*Vi vart samla og spurde om det var noko vi trong. Det hadde vore kjekt med eit kjøleskap sa eg. Har de ikkje kjøleskap spurde han, det skal dykk få med ein gong. Han formannen var så livredd for å spørje om ting*».¹⁰⁹

Sjølv om det vart akseptert at formannen bestemte, vart det sett på som svakt at han ikkje tok opp arbeidarane sine ønske vidare. Då Orrem tok ordet og spurde distriktssjefen sjølv mista formannen prestisje. Sidan omgrepet prestisje kan lausrivast frå formell rang, hadde formannen framleis sin status, men hadde lågare prestisje. Dette fortel oss at hierarkiet i dei farande laga var noko fleksibelt, at alle saker ikkje nødvendigvis måtte gjennom faste ledd. Samstundes fortel det oss og at respekt kunne ha mykje med personlege trekk å gjere, og ikkje berre vedkommande sin status. Det syner og det at ein som hierarkisk stod høgare, likevel kunne verte sett ned på.

Omgrep som respekt eller vørdnad vert her aktuelle. Respekt er for Sennett det å ta andre sine behov alvorleg. For arbeiderar vil det å respektere kvarandre vere knytt til at dei alle får sine behov dekt. Det finst dømer på at respekt var ein del av kvardagen i dei farande laga. Eit døme kunne vere då dei skulle bære stolpar i terrenget. «*Vi bar stolpane i terrenget, vi var tre stykk, så ein bytta på*».¹¹⁰

¹⁰⁷ Sennett, 2003: 74

¹⁰⁸ Sennett, 2003: 73

¹⁰⁹ Intervju med Hans Petter Orrem

¹¹⁰ Intervju med Hans Petter Orrem

Utsegna fortel oss at ein var tre personar som saman bar ut stolpane. Ein kvila, medan dei to andre bar i kvar sin ende. Her måtte dei ta omsyn til kvarandre. Ein kunne ikkje berre gjere ein bevegelse, ein måtte vere klar over at kanskje den bevegelsen var det som skulle til for at den andre mista kontrollen. På den eine sida ville ein sjølv verte råka om slikt hende, men på ei anna side handlar det og om at omsyn til den andre vert ein del av arbeidet, og at respekt vert vist som ein del av det. Dette underbyggjer at respekt ikkje nødvendigvis følg hierarkiet.

Diskusjon kring dei ulike kriteria for status og hierarki

Alle kriteria nemnd så langt kan vere grunnlag for status og hierarki. Om ein sette opp dei ulike kriteria mot kvarandre, kan ein forsøkje å seie noko om enkelte av kriteria kunne vere sett på som viktigare enn dei andre. For å få til dette vil eg nytte eit døme, og diskutere dei ulike kriteria kring dømet.

Kåre Aarvik hadde si tid i Telegrafverket og Televerket i Bergensområdet. Han fekk kjenne på at status ikkje nødvendigvis gav prestisje. *«Det hjalp lite at jeg var utstyrt med uniformslue. Min ringe alder var kjent for alle, og det skulle ikke gå så mange timene før min autoritet ble satt på de alvorligeste prøver»*.¹¹¹ Denne hendinga var på 1940 – talet, der Aarvik var leiar for ein gjeng med bønder som skulle bygge ei avsidesliggende telefonlinje. Dømet gjev eit inntrykk av at status kunne ervervas i ung alder, då han hadde uniformslue og ei leiarstilling. Samstundes var ikkje bøndene ein del av Telegrafverket, og såleis ikkje var ein del av den bedriftskulturen der ansienniteten og såleis erfaring var viktig.

Sidan Aarvik var leiaren, vert det tydeleg at erfaring vart vurdert som viktigare enn alder. Som nemnt vart Aarvik sin autoritet sett på prøve, dette skjedde sjølv om hierarkiet var klart. Det handla truleg om at bøndene ikkje var sosialisert inn i hierarkiet. Difor vekta dei andre kriteria som til dømes alder tyngre. Med ein med låg alder meinte dei at det måtte skorte på erfaring, sjølv om det kanskje det var nettopp Aarvik som hadde lengst erfaring. Han hadde det ut ifrå Telegrafverket sitt syn då han hadde lengst ansiennitet. Det gjorde at dei handla i strid med hierarkiet. Sjølv om mitt kjeldemateriale ikkje kan seie noko sikkert, kan det tenkast at alder kunne vere viktig sosialt mellom arbeiderar.

¹¹¹ Kåre Aarvik, Telerallerne: Beretninger om mennesker og miljøer i Televerkets farendelag, Fjernkabelavdelingen og Sjøkabeltilsynet, Norsk Telemuseum, Bergen, 1993: 46

Ein anna grunn til at Aarvik hadde ein høgare status, var at han var utdanna. Sidan han som leiar høgst sannsynleg hadde montørkurs¹¹², var han og her knytt til ein status høgare i hierarkiet. Bøndene var på si side ufaglærte, og deira ferdigheiter med stolpearbeid var avhengig om dei hadde erfaring frå tidlegare prosjekt. Om dei hadde erfaring hadde dei ein høgare status enn sine medarbeidarar som var nybyrjarar. Det er og mogleg at enkelte av dei hadde ein spesiell status i laget grunna at dei hadde vist seg spesielt god i noko av arbeidet. Til dømes kunne ein av dei vere litt av ein kar i å svinge sleggja, der dei andre anerkjente den ferdigheita hjå vedkommande.

Som eit resultat av utdanninga hadde Aarvik fått fagleg opplæring til arbeidet, og hadde difor meir kunnskaper og ferdigheiter. Med montørkurs opna det opp for at ein kunne utføre nye og meir tekniske arbeidsoppgåver. Det vil seie at slike oppgåver var reservert dei høgare opp i hierarket, og såleis hadde ein høgare status knytt til seg. Om ein forsøker å seie noko om kven av dei ulike kriterier som var viktigast i dette dømet, så peikar ansiennitet og utdanning peikar seg ut.

Status og hierarki i praksis

Så langt i denne undersøkinga har vi sett ei arbeidsorganisering der ulike kriterier kunne ha ulik betydning, for i kva grad dei påverka status og hierarki. Likevel var det ikkje slik at alle statusar var noko ein fekk gjennom erfaring eller til dømes med montørkurs.

*«Vi hadde ein kar på laget, han var sterk. Han kunne holde den største slegga ut på strak arm. Han hadde drive kun med stolpearbeid i alle år».*¹¹³ Som nemnt tidlegare kunne ein ha fleire statusar, denne telefonarbeidaren hadde mellom anna status som ein sterk kar. Styrke var ikkje berre noko ein fekk som eit resultat av erfaring, men og grunna skilnader på kroppane til arbeiderane. Ein slik eigenskap kunne på si side vere fordelt heilt på tvers av alder, erfaring og utdanning. For å få ein slik status måtte ein bevise seg dugande til oppgåva, og evne å utføre arbeid som stod til statusen.

¹¹² Har ikkje kjelde på det, men han enda som leiar i Haugesund teleområde, noko som gjer det svært sannsynleg.

¹¹³ Intervju med Hans Petter Orrem

Det var stor spreiding i arbeidet til dei farande laga. Nokre sette opp stolpar, nokre bardunerte stolpar, nokre hengde opp trådkursar, heilt ifrå telefonsentralen og ut til telefonapparatet.¹¹⁴ I dei neste underkapitla vil eg ta for meg stolpearbeidet og kabelskøytinga. Her vil eg sjå på kva kriteria for status og hierarki som kunne vere viktig i dei forskjellige arbeidsoppgåvene.

Eit fysisk arbeid

Mykje av arbeidet i dei farande laga var knytt til stolpearbeid. For å få telefonlinjene fram kunne ein grave ned kablane, eller henge dei opp i stolpar. Oftast valde ein stolpar då det var ei rimelegare løysing. Den vanlegaste metoden å sette opp stolpar med var med graving i jorda, der ein nytta steinlås for å feste stolpen. For å grave hol til stolpane nytta ein mellom anna spade, spett og dobbeltspade. Ein dobbeltspade var to spadar vendt mot kvarandre og hengsla saman i nærleiken av blada. Det gav moglegheit å få ut jord vertikalt, sjølv om holet var djupt og smalt. Det å nytte ein dobbeltspade var eit tungt arbeid, og ein fekk ikkje ut så mykje jord om gongen, likevel var det betre enn å nytte ein vanleg spade med tanke på kor stort holet då måtte ha vore om ein skulle å moglegheita å komme seg djupt nok.



Bilete: Arbeidarar med dobbeltspade og spett
(Kjelde: Telemuseet)

¹¹⁴ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Kor djupt eit stolpehol skulle vere, var avhengig av kor høg stolpen skulle vere, til dømes ein stolpe på 11 meter måtte vere 1,6 meter ned, medan ein på 20 meter måtte vere 2,2 meter ned.¹¹⁵ Det hende seg at stolpar måtte settast opp stader der det berre var fjell, og ein såleis ikkje kunne grave. I slik tilfelle kunne ein nytte sprengstoff for å lage hol.¹¹⁶ Dette var og ein metode ein kunne nytte om jorda var frossen, og det ikkje kunne gravast effektivt.¹¹⁷ Denne oppgåva var det ofte formannen i laget som tok seg av, såleis var denne oppgåva hierarkisk fordelt.¹¹⁸

Arbeidet med å grave hol til stolpane kravde ikkje utdanning. Her var det ein fordel om ein var uthalden, og fysisk sterk. Likevel var ikkje dette eit arbeid knytt til rein styrke. Arbeidet var og knytt til teknikk og samarbeid. Til dømes å handterte reiskapen godt, både med tanke på teknikk, men og korleis ein løyste utfordringane terrenget kunne gje (steinar og røter). Dette var og eit arbeid der ein var to og to, såleis var det viktig å samarbeide, men og ta omsyn til den andre i arbeidet. Det var med erfaring ein vart betre teknisk, men og i samarbeidet med andre.

Etter at holet var ferdig, kunne ein byrje arbeidet med å sette opp stolpen. *«Då ein stolpe skulle reisast, då samla ein alle saman. Ropa, no skal vi reise stolpe. Då kom alle saman og hjelpste til å reise stolpen. Då den stod på enden tok dei som arbeidde med det holet over igjen».*¹¹⁹ Dette kunne gjerast på fleire måtar, i dei farande laga var det vanleg å reise stolpane for hand. Denne prosessen kravde ikkje noko spesielt utstyr, det viktige var nok muskelkraft. Stolpen vart reist med at ein mann stod ved stolperota, og styrte enden av stolpen ned i holet. Dei andre løfta stolpen på eine skuldra, og gradvis som stolpen vart reist gjekk den som var lengst frå stolperota framom dei andre. Det var og viktig at alle var på same side av stolpen i tilfelle stolpen måtte sleppast.¹²⁰ Det var vanleg å let stolpen gli mot noko i holet, til dømes eit eller fleire spett. Då desse stakk ut eit stykkje over holet vart det mykje lettare å treffe. Det var viktig at spetta ikkje vart pressa frå kvarandre av stolpen, så ofte skar ein eit hakk i stolpen, slik at den kunne gli på spetta. Reisinga av stolpen var eit samarbeid, der det å vere klar over

¹¹⁵ Reising og festing av stolper, Tillegg til instruks for Televerket - del XI – Teknikk, Teledirektoratet, 1984: 11-14

¹¹⁶ Teledirektoratet, 1984: 15

¹¹⁷ Intervju med Hans Petter Orrem

¹¹⁸ Aarvik, 1993: 33

¹¹⁹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹²⁰ Teledirektoratet, 1984: 22

kvarandre sine styrker var ein fordel. Den sterkaste vart satt til løfting, og ikkje til å styre mot stolpeholet. Ein nytta seg av triks som ein hadde lærd seg, til dømes å nytte spett for å lettare entre holet.

For å få stolpen til å stå måtte ein låse den i holet, her nytta ein steinlås. «*Om ein grov stolpehol, måtte ein skaffe låsestein. Den bar ein i hendene. Fann eit bekkefar eller noko og plukka ut stein og bar til stolpeholet*». ¹²¹ Med ein steinlås pakka ein stein mot fire sider av stolpen, to i stolperekkjans retning, og to sidelåsar. Det var vanleg å nytte tre lag med steinlåsar for å sikre stolpen. Ein i botnen av holet, ein så langt opp som mogleg, og ein i mellom. I mellom dei ulike laga steinlås skulle ein nytte småstein, singel og grus for å fylle holet. Steinane i steinlåsen måtte vere litt flate og kileforma, der ein la dei største steinane ytst i holet slik at ein fekk stor trykkflate mot jordveggen. Ein kunne velje mellom å ha kileforma stein mellom stolpen og anna stein, eller som kilestein mellom andre steinar.

Arbeidet kring steinlåsen var knytt til det meir nøyaktige, enn det gravinga var. Det var ein fordel med erfaring, der ein då kjappare kunne vurdere om ein stein passa i steinlåsen, enn ein nybyrjar som måtte prøve seg meir fram. Om ein hadde auge der ein kjapt kunne ta ei avgjere i arbeidet var det eit teikn på erfaring. Ser ein på dei ulike kriteria for status og hierarki i samband med steinlås, ser ein at erfaring var viktig. Om ein var ung, kunne ein ha gode føresetnader fysisk. Det var ein fordel med tanke på at det var eit fysisk tungt arbeid. Likevel var ein viktig del av arbeidet å velje riktig stein for riktig plass.

Etter stolpen var reist måtte ein finsikte, slik at ein var sikker på at den stod der den skulle før den vart permanent festa. «*Det var slik at stolpekursen skulle vore stokke slik at visst ein stod på eit visst punkt så skulle ein berre sjå ein stolpe*». ¹²² Finsiktinga kunne føre til at ein måtte forskyve stolpen i ei retning. For å sikre seg at stolpen stod riktig nytta ein seg av ei loddsnor, slik kunne ein sjekke at stolpen stod på linje med dei andre. Altså at den stod rett i linjeretninga, men og at den stod beint. Ei loddsnor kunne vere så enkelt som litt hyssing, med noko tungt på enden. Eit døme kan vere eit lommeur. Ein stilte seg opp på avstand av stolpen, der ein heldt opp loddsnora for å sjå om stolpen var like bein som snora. Skulle stolpane

¹²¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹²² Intervju med Per Inge Nerlandsrem

seinare bardunerast så sørge ein for at stolpane hella litt, slik at dei vart rette då bardunering og kablar var på plass.¹²³

Ein bardun var ein wire, som skulle støtte opp stolpar. Bardunar vart nytta i samband med luftkabelkursar grunna strekkrefter i kablane. I stolpane der strekkreftene ikkje vart utlikna, og ein fekk ei kraft i ei retning, måtte denne krafta utliknast med ein bardun. Strekkreftene kunne og vere i ubalanse i dømer der det var stor forskjell i lengda på kabelstekkja eller der nokre kablar vert avslutta medan andre går vidare. Ein kunne og nytte bardun der det var overgangar i terrenget, anten at det vart bratt og kupert, eller til dømes over ei elv. Hadde stolpekursen ein vinkel, måtte det då settast opp ei vinkelbardun, medan om området var utsett for mykje vær, var det vanleg med vindbardun.¹²⁴

Arbeidet med å bardunere ein stolpe var meir kompisert enn ein på førehand skulle tru. Til dømes var festepunktet i der bardunen skulle festast i toppen av stolpen viktig. Saman med sprikingspunktet, som var punktet der bardunen var forankra i bakken, utgjorde festepunktet og sprikingspunktet hellinga. Forholdet mellom desse var viktig, og ein delte avstanden mellom sprikingspunktet og festepunktet for å sjekke om barduna var riktig plassert. Forholdet i reknestykket burde ikkje vere mindre enn $\frac{1}{4}$ for at trykket på stolpane frå kablane vart rekna som for mykje. Om festepunktet då var ti meter opp måtte sprikingspunktet då vere minimum fire meter frå stolpen.¹²⁵ Korleis sprikingspunktet skulle festast varierte etter kva grunnen bestod av. Her kunne ein feste til steinar, fjell, eller ein kunne grave eller skru ned eit anker i grunnen. I alle tilfelle skulle det festast til ein bardunbolt som skulle ha ein vinkel på 90 – 120 gradar med retninga til barduna.¹²⁶ Barduneringsarbeidet var og eit arbeid der fysisk styrke var viktig, akkurat som dei grave-, løfte- og bærerelaterte arbeidsoppgåvene nemnt tidlegare. Samstundes var det eit arbeid knytt til nøyaktigheit, spesielt med tanke på vinkelen bardunen skulle ha.

Sjølv om stolpearbeidet kunne virke noko grovt, var det likevel eit arbeid der detaljar og teknikkar var viktig. Arbeidet gav og rom for konkurranse, i hovudsak av det vennelege slaget. *«Vi heldt på å sette opp stolpar, og då var det konkurranse veit du. Og då hadde eg*

¹²³ Teledirektoratet, 1984: 27-33

¹²⁴ Oppsetting av barduner på stolper: Tillegg til instruks for Televerket - del XI – Teknisk, Teledirektoratet, 1985: 4-12

¹²⁵ Teledirektoratet, 1985: 13

¹²⁶ Teledirektoratet, 1985: 14

*byrja å bli driven. Vi hadde på førehand køyrd ut stein for å låse stolpane da. Vi satt opp seks stolpar på ein dag, vi slo dei andre [i laget] med ein. Så det var litt slik».*¹²⁷ Utsegna til Orrem kan handle om vennskapleg konkurranse, men kan og vere eit døme i å vise seg dugande, og få ein status. Sjølv om det ikkje var akkordlønn for arbeidarane, dreiv konkurransen tempoet opp. Dei hengde ut kvarandre, «*sa karane der driv berre å daffar».*¹²⁸ I hovudsak var det ein vennskapleg konkurranse som påverka arbeidsmoralen. «*Det var ein bra arbeidsmoral, jobben skulle gjerast».*¹²⁹

I arbeidet med å sette opp stolpar var det ofte tomannslag. «*Då jobba vi så mange, og så var det slik at ein bestandig hoppa fram to stolpar om ein var tre lag. Om ein fekk eit vanskeleg hol, vart ein hengande etter. Ein måtte jobbe for harde livet for å bli ajour».*¹³⁰ Også Per Inge Nerlandsrem hugsar korleis eit hol kunne gjere at ein vart hengande etter dei andre, «*var ein uheldig kunne ein få eit stolpehol med mykje vatn i, så ein måtte ause mykje».*¹³¹

Tidlegare har vi knytt ansiennitet og erfaring tett saman med å vere dyktig i arbeidet.

Det treng ikkje implisitt bety at det måtte ver ei brei erfaring. Såleis kunne ein vere erfaren i grave hol, eller å bardunere ein stolpe. Vi har og sett med dei mange ulike oppgåvene i stolpearbeidet, kunne ein få forskjellige statusar. Om ein var flink å svinge sleggja kunne gje status som sterk eller som ein flink grovarbeidar. Ein som var dyktig med låsesteinane, barduneringa eller ein flittig brukar av loddsnora fekk kanskje ein status knytt til det nøyaktige, der ein i større grad måtte tenkje medan ein arbeidde.

Dette seier noko om at ulike statusar vart ulikt verdsett. Samstundes seier det og noko om at skilnader mellom statusane ikkje nødvendigvis var hierarkisk tinga. Sjølv om ein var den som kunne løfte tyngst, og svinge den tyngste sleggja dagen lang, vart ikkje slike statusar like verdsett i delar der nøyaktigheit og presisjon var viktigast. Sjølv om han kunne lempe dei tyngste steinane til stolpelåsen hjelpte det lite om han ikkje greidde å velje dei som passa best. Nokre statusar var antakeleg enklare å få, då det skulle mindre til for å få dei. Dømer på det kan vere Telefonarbeidar, som var den lågaste stillinga i hierarkiet. Ein slik status var eit minimum berre i kraft av å vere ein del av eit farande lag.

¹²⁷ Intervju med Hans Petter Orrem

¹²⁸ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹²⁹ Intervju med Hans Petter Orrem

¹³⁰ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹³¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Eit teknisk arbeid

«Det var eit stort skilje, om ein hadde montørkurs og ein dreiv å skøyte jordkabel så drog ein godt igjen teltet slik at ingen skulle sjå kva ein dreiv med».¹³² Utsegna fortel oss at dette arbeidet var reservert for montøren. Såleis kan ein knytte enkelte arbeidsoppgåver til arbeidarar som var høgare opp i hierarkiet. Arbeidet kravde kunnskap, noko ein best erverva med ein kombinasjon av erfaring og montørkurs. I dei farande laga var ein mykje borti blykabelen. Den er ikkje vanleg lenger og er forlengst erstatta med meir moderne typar. Likevel er mange blykablur som vart tekne i bruk for mange år sidan framleis i drift.



Bilete: Arbeid med ein 1000 par telefonkabel på 1950-talet. Eit par er det som trengst i ei telefonlinje.

(Kjelde: Telemuseet)

¹³² Intervju med Per Inge Nerlandsrem

På biletet ser vi to montørar som arbeider saman med ein kabelskøyt. Historikar Edgeir Benum skreiv i eit tidskrift for arbeidarane si historie om «Teknologi, arbeid, utdanning». Her beskriv han korleis teknologi mellom anna er eit sosialt fenomen. Teknologi er og eit teknisk fenomen, som består av det reinte fysiske, i vårt døme sjølve kabelen. Men det består og av den kunnskapen som skal til for drive og vedlikehalde den. Som eit sosialt fenomen omfattar det dei innbyrdes forholda som oppstår mellom mennesker for å nytte kabelen. Såleis er ikkje teknologi berre skapt av menneske, den består av menneske.¹³³

Arbeidet med å skøyte ein blykabel var både tidkrevjande og nøye. «*På papirkabelen så vridde ein kopparen saman, og bretta den ned og tredde på ei papphylse på fem cm. Måtte stikke dei på kvar leiar og vri og dra over. Eit fikleri!*»¹³⁴ Denne skøytemetoden vart kalla vriskøyt. Her tok ein leiarane som skulle skøytast saman og vrei dei saman med to halvtørn med isolasjonen på, så avisolerte ein og vrei leiarane minst åtte tørn eller ca 4 cm før dei vart klipt og hylsa tredd over.¹³⁵ Montør Steinar Berg beskriv arbeidet som eit fikleri, der ein måtte vere forsiktig og tolmodig. Likevel var han i hovudsak berre ein skjeldan gong innom skøyting av blykabel med papirisolasjon, då dei fleste store kablar var bytta til plastikk innan han byrja i 1980.¹³⁶ Kring 1970 vart det nemleg innført skøyteklemmer grunna ein ville ha meir pålitelege skøytar og arbeidet skulle gå raskare.¹³⁷

I dei farande laga var det vriskøyten som gjaldt sjølv på dei store rikskablane, det vil seie kablar som råka mange kundar. «*I gamle dagar satt dei med rikskabelen, der var det ikkje nok å vri, men ein måtte lodde kvar ein leiar. Ein 24 par (type kabel) som eg skøyte på ein time, brukte dei ein heil dag å fikle med på den tida, to mann*».¹³⁸ Den enklare teknologien gjorde at arbeidet tok lang tid. Blykappa i blykabelen måtte og loddast for å forsegle leiarane. «*100 prosent tett det, men poenget er at kabelen måtte ligge i ro. Faren var at om ein grov i nærleiken, og flytta på så kunne det sprekke der blyet var lodda i kantane. Så merka ein ikkje det med ein gong så måtte ein grave opp igjen ein månad etter*».¹³⁹ Forseglinga av kappaa syner kor viktig det var å vere nøye om ein skulle gjere dette arbeidet. Her var det ikkje rå

¹³³ Edgeir Benum, Teknologi, arbeid, utdanning: Utviklingstendenser i opplæring til industrielt arbeid ca. 1910 – ca 1965. Tidskrift for arbeiderbeveglesens historie, 1. 1985: 13

¹³⁴ Intervju med Steinar Berg

¹³⁵ K. P. Karlsen, Kabelteknikk: Arbeid med plastkablar i Televerkets anlegg, Teledirektoratet, Hamar, 1979: 2

¹³⁶ Intervju med Steinar Berg

¹³⁷ Karlsen, 1979: 3

¹³⁸ Intervju med Steinar Berg

¹³⁹ Intervju med Steinar Berg

kraft, men eit finurleg arbeid der detaljar og emna til å halde tunga beint i munnen var viktigast. Det å emne å utføre eit slikt arbeid var knytt til utdanning, men og erfaring. Stolpearbeidaren nemnt tidlegare, ville ikkje ha greidd å skøytt ein kabel. Om ein snur på det, så skulle det mindre til å lære seg stolpearbeid, enn det som skulle til for å lære seg å skøyte. Kabelskøytinga var eit snevrare arbeid, medan ein i stoplearbeidet lettare kunne bli sett til noko utan at ein trong mykje opplæring.

Alle dei ulike arbeidsoppgåvene i dei farande laga, var knytt forskjellige statusar. Kva verdi ein status kunne ha for ein arbeidar, måtte sjåast i samanheng med statusen sin relevans. Det kunne vere fint å ha ein status som stor og sterk, men om det var det ømfintlege finarbeidet ein gjorde, var slike statusar kanskje meir ei ulempe. For kva hjelpte det å vere stor og breiskuldra i eit lite skøytehol?

Om ein skal sette ei rangering på status, handlar det ikkje berre om status knytt til arbeidet ein gjer, men og kva posisjon i hierarkiet ein har. Montøren sitt arbeid var knytt til det tekniske, der ein i større grad måtte bruke hovudet. Sjølv om det kan tenkast at eit slikt arbeid kunne ha gjeve ein høgare status, seier ikkje mine kjelder noko sikkert kring dette. Likevel var dette eit arbeid som var knytt til ei stilling høgare opp i hierarkiet, noko som gav status. Det fordi dette arbeidet var noko som synleggjorde at ein var høgare opp i hierarkiet.

Det å ha kunnskapen og ei utdanning må ha gjeve status, då ein var i stand til å gjere dei vanskelegaste oppgåvene. Likevel er montørens plass høgare opp i hierarkiet viktigare. Det gjorde at ein trass ung alder kunne oppnå høgare status enn ein erfaren arbeidar som ikkje hadde den same stiginga i hierarkiet. For å skilje mellom personar i same formelle posisjon i hierarkiet, vart erfaring eller ansiennitet vektlagt. Såleis kan ein seie at ansiennitet og erfaring hadde hovudsakleg sin verdi om ein på same plass i hierarkiet formelt.

Sjølv om utdanning var viktig, må ein likevel ikkje undervurdere betydinga av erfaring og ansiennitet. Ein kombinasjon av desse var nok det som gav mest sett opp mot status og hierarki.

Sosialt liv i brakka

I dei farande laga budde arbeidarane vekke i varierende fasilitetar. Her budde dei saman etter arbeidet om dagane, og dessutan ofte om helgene då ein skulle arbeide annakvar laurdag.

«Budde i gamle kårboligar, med feltseng og hadde isolatorkasse som nattbord. Første plassen eg budde på var pensjonatet på Vågstranda, så eg starta no i grunn bra».¹⁴⁰ Dømer på stadar dei kunne bu var nedlagte gardar, fabrikkar eller i arbeidsbrakker. Hans Petter Orrem minnes dei forholda dei budde under i det som var den første erfaringa for han med farande lag på Frei, då han byrja i 1966. «Ikkje hadde vi etebrakke, vi hadde ei lita vaskebrakke. Vi var åtte stykk, vi budde fire i ei brakke. I dag hadde det ikkje budd ein på ei slik ei eingong. Så vi hadde ei lita tørkebrakke, som vi tørka kleda, og ein varmomn vi varma vatn på, og eit vaskefat».¹⁴¹ Orrem hadde motorsykkel så han køyrde inn til Kristiansund der han vekk dusja og vaska seg. Dei sanitære forholda var dårlege, og ikkje fekk dei vaska seg noko særleg, spesielt ikkje om vinteren. Om sumarane vart det mykje bading i fjorden.

Eit anna døme var klosettet. «Når det gjaldt klosett så hadde dei spikra ut eit utedo på kaia, med kongefamilien på veggen som var vanleg på utedoane, å så rett i sjøen, så enkelt var det».¹⁴² Orrem hugsa han reagerte på det, men dei eldre karane som arbeidde der gjorde ikkje det. For dei hadde det alltid vore slik, og såg ikkje noko behov for at det skulle endrast.¹⁴³ Likevel kom det ei endring då distriktssjefen skulle komme på besøk, då fekk dei etebrakke og etter kvart kjøleskåp.

I dei farande laga var matsituasjonen annleis enn i mange andre yrke, det grunna at dei budde vekke, og ikkje kunne ete middag heime etter arbeidet. I Telegrafverket fekk ein marktillegg som då var ein diett, for å dekkje utgiftene. Om Telegrafverket ikkje ordna med ei kokke, fekk dei og koketillegg. «Tente litt bra fordi vi hadde mark og koketillegg, det som seinare vart diett kan du seie. Så om ein budde ein plass der det var billig å kjøpe mat hadde du overskot på dietten. Den var ikkje skattepliktig. Var på 500 ell 700 kr [truleg i månaden], det var ein del pengar da».¹⁴⁴ Mark og koketillegget var skattefritt, men ein måtte halde seg med tørrmaten sjølv. Brød og smør var noko dei hadde i fellesskap, der ein betalte inn kvar veke. Telegrafverket betalte for såpe til arbeidarane, «det var ein som sa ni av ti telefonarbeidarar

¹⁴⁰ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹⁴¹ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁴² Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁴³ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁴⁴ Intervju med Kolbjørn Sylthe

brukar Sterilan». ¹⁴⁵ Sjølv om ein budde i pendlaravstand, måtte ein bu vekk om ein skulle få mark og koketillegg.

Kolbjørn Sylthe var ein del av «Hammerviklaget» som arbeidde ein del på Hjelset og Kleive i nærleiken av Molde, der han budde til vanleg.

«Leiinga var oppteke av at vi låg over der inne, så ein morgon kom personalsjefen innover for å kjenne under dyna om vi hadde logge der. Vi satt og åt, og så spurte ho om eg hadde logge der. For å få utbetalt den dietten da. Kor er rommet ditt sa ho, så for ho å kjende under dyna. Heldigvis hadde eg logge der den natta». ¹⁴⁶

Sylthe var fotballkeeper for Molde fotballklubb, og måtte inn til byen på trening. *«Det var no berre ein halvtime innover, så eg kjørde no heim på fotballtrening, så drog eg av og til inn i igjen på kveldane. Var heldig den kvelden*». ¹⁴⁷ Då dei farande laga kunne arbeide på stader der ein var i nærleiken av der ein budde. Om ein vart observert på kvelden, til dømes i byen, kunne det gjere at folk byrja å prate om arbeidarane som var heime, sjølv om dei var betalt for å ikkje vere det. *«Var misunnelege veit du*». ¹⁴⁸ Dette handlar ikkje berre om korleis brakkelivet kunne vere, men og noko om forholdet mellom arbeidar og leiing. Det at leiinga drog ut til staden der det farande laget budde, syner at forholdet mellom arbeidar og leiing mellom anna kunne handle om makt og kontroll.

På kveldane etter at arbeidet var avslutta for dagen kunne dei få tida til å gå med mellom anna spele kort. *«Eg flira mykje saman med dei karane der*». ¹⁴⁹ Det var heller ikkje alle som skulle heim kvar helg, då det ikkje var gode kollektivtransporttilbod, og at det dessutan var arbeidsdag annakvar laurdag. ¹⁵⁰ Det gjorde at enkelte farande lag hadde ein kultur der det nokre gonger kunne nytast alkohol på kveldane. *«Dei sette øl og festa litt på kveldane*». ¹⁵¹ I eit av dei farande laga Kolbjørn Sylthe var med på var det storfest ein kveld. Her hadde det og komme arbeidarar frå flyplassen i Molde, som vart bygd på denne tida. Sylthe var idrettsmann og kunne difor ikkje vere med. Han hadde lagt seg på ein hybel med låst dør for å få vere i

¹⁴⁵ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁴⁶ Intervju med Kolbjørn Sylthe

¹⁴⁷ Intervju med Kolbjørn Sylthe

¹⁴⁸ Intervju med Kolbjørn Sylthe

¹⁴⁹ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁵⁰ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁵¹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

fred. På natta vakna han at b e d ra og d rkarmen kom inn i rommet, d  var det ein kar som skulle hente  let som stod p  eit kott lengre inn. Neste morgon stod og folk og t mde urin ut av st vlane sine, d  festdeltakarane hadde slutta   g  p  do ute.¹⁵²

Hans Petter Orrem hugsa ein gamal kar som tidlegare hadde vore ein del av det farande laget, som kom innom ein ettermiddag. Han hadde vore p  polet i Kristiansund   kj pt brennevin til sin eigen 70- rs dag. «*Vi festa og drakk opp brennvina heile gjengen, han m tte ligge over og dra til Kristiansund igjen neste dag. Feira 70- rs dagen to gonger han*». ¹⁵³ Per Inge Nerlandsrem hugsa og at det var tilfelle der det vart brygga  l p  kvelden. Likevel var alkohol i dei farande laga avgrensa, og om det var noko ein sjeldan gong s  var det p  kvelden. Arbeidet var potensielt for risikabelt til at nokon drakk p  dagtid. «*Du kunne no bli skada veit du*». ¹⁵⁴

Sosiale relasjonar mellom arbeidar og leiing

Relasjonen mellom arbeidar og leiinga i Telegrafverket, var i hovudsak knytt til arbeidet. Arbeidarane var typisk mont rar, telefonarbeidarar og reservemont rar. Leiinga derimot, var ein arbeidsbestyrar og ein formann. I dette delkapittelet vil eg sj  p  korleis relasjonane mellom arbeidarane og leiinga var for dei farande laga.

Arbeidsbestyraren

I hierarkiet til dei farande laga var det telefonarbeidarar, reservemont rar, mont rar og ein formann som var dei som i hovudsak stod det fysiske arbeidet. Samstundes var det og ein arbeidsbestyrar, som var den h gast opp i hierarkiet. Denne stillinga var knytt til ansiennitet. Reglane var enkle, den som hadde mest erfaring, stod for tur til opprykket. For   bli arbeidsbestyrar, rykka ein ikkje opp fr  ei stilling som mont r eller telefonarbeidar. Ein m tte truleg innom ei formannsstilling, f r ein s  m tte konkurrere med ansienniteten til andre formenn. Uansett var det ikkje ofte det skulle tilsetjast nye i desse stillingane, s  det kom sjeldan ledige stillingar   stridast om.¹⁵⁵

¹⁵² Intervju med Kolbj rn Sylthe

¹⁵³ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁵⁴ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁵⁵ Aarvik, 1993: 13

Arbeidsbestyraren hadde sine oppgåver, der det handla om å til dømes stikke ut linjekursar.¹⁵⁶ Dette arbeidet var viktig, då det hadde mykje å seie for korleis linja vart sjåande ut til slutt. Her måtte ein ta omsyn til terrenget, men også tenkje på at linja ikkje skulle bli lenger enn nødvendig. Til dømes kunne det lønne seg å leggje linja rundt kupert terreng og vegetasjon, men då måtte ein samstundes ta omsyn til at kostnaden ville auke. Arbeidet kravde eit godt blikk, og ei god planleggjing. Ein måtte tenkje på transportarbeidet i anleggsperioden, dessutan feilretting og vedlikehaldet på linja i ettertid. Ofte vart linjer stukke ut der vegen var plassert, med tanke på transporten og lettare feilretting. Det hende og at linja vart bygd før vegen. Det må ha vore stas for arbeidsleiaren at vegingeniøren følgde stolpekursen.¹⁵⁷

Då linja var planlagd måtte arbeidsbestyraren merke kvar stolpane skulle stå. Staden vart gjerne merka med merkepinne eller ei stong. Då arbeidet på staden skulle byrje flytta arbeiderane på merkinga slik at ein kunne grave. Her var det likevel viktig å ta vare på stolpeplasseringa, då ein linjekurs skulle vere så rett som mogleg. For å gjere det nytta dei ofte ein spade, la eine enden inntil merkinga, og den andre rett ut til sida. Såleis flytta dei merkinga ein spadelengde, og samstundes hadde dei kontroll for kvar stolpen skulle reisast i holet. Det var og vanleg å finsikte stolpen på nytt etter at den var reist.¹⁵⁸ Då stolpen var reist fekk ein sjå om alt såg rett ut. Det var slik at om ein stod på eit visst punkt så skulle ein sjå ein stolpe, alle andre skulle vere på linja bakom. Per Inge Nerlandsrem hugsar kor nøye det var: «*Når ein var på ferie så såg ein linjer når ein køyrde bil. Den var ikkje helt bra, å den var fin*».¹⁵⁹ Om arbeiderane gjorde feil, eller om linjekursen ikkje hadde vorte markert riktig, hadde det fått konsekvensar for begge partar. Det fortel oss at samarbeidet og relasjonen mellom arbeidsbestyrar og arbeidarar var viktig for at resultatet skulle verte bra.

Arbeidsbestyraren var den øvste leiaren, og såleis og den administrative sjefen for det farande laget. Formannen leia det operative arbeidet på arbeidsstaden, då arbeidsbestyraren ikkje var til stades til ei kvar tid. Arbeidsbestyraren var nemleg bindeleddet mellom distriktskontoret og det farande laget, og var difor mykje vekk.¹⁶⁰ Han skulle og ordne med lønna til arbeidarane,

¹⁵⁶ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁵⁷ Aarvik, 1993: 29

¹⁵⁸ Teledirektoratet, 1984: 10

¹⁵⁹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

¹⁶⁰ Aarvik, 1993: 23

innkvartering og dessutan transport frå der dei budde til der dei arbeidde.¹⁶¹ Såleis var arbeidsbestyraren med på å påverke heile arbeidskvardagen til arbeidarane. Sidan han ikkje var tilstades på arbeidsstaden til ei kvar tid, kunne det påverke arbeidet dei gongene han kom. Dei fleste grov meir intenst, gjekk raskare i stolpane og drog ut trådar i eit høgare tempo om arbeidsbestyraren stod og såg på.¹⁶²

Formannen

Formannen var den øvste leiaren som heile tida var på arbeidsstaden. Akkurat som med arbeidsbestyraren var ansiennitet den viktigaste grunnen for at nokon fekk jobben som formann. Ein formann trong heller ikkje ha noko utdanning, og hadde ofte ei stilling som til dømes montør for han vart formann. I følge Kåre Aarviks sine beretningar frå sine år i Telegrafverket og Televerket, var det heva over all tvil at måten formannen leia på var autoritær.¹⁶³ Dei andre i det farande laget hadde ikkje så mykje dei skulle sagt, og hadde heller ingen rett til å vere med å bestemme.¹⁶⁴

*«Bygde ei linje frå Bremsnes og heilt til Sveggjesundet. Der var det ikkje bru da. Å då skulle vi frakte nokre stolpa over. Å vi skulle ro stolpane over, så sa eg til formannen at vi ikkje [kunne] ro med den straumen. Kan vi ikkje leie oss ein motorbåt da? Nei, stolpane skal over, ro sa formannen. Å rodde veit du, like før årene knakk, å for avgårde utover fjorden veit du. Strømmen tok meg, tenk på stolpane, hadde no ein fem seks stolpar på slep. For avgårde, måtte få motorbåt for å hente oss. Det blei no motorbåt da».*¹⁶⁵

Sjølv om det viste seg at Hans Petter Orrem hadde rett, sa verken han eller dei andre noko til formannen. Ein kunne tru at i eit slikt høve kunne arbeidarane kjenne litt ære, og sette formannen på plass, men det skjedde ikkje. Det at formannen heller ikkje sa noko, syner respekten arbeidarane hadde for formannen. Likevel var det unntak der formannen ikkje hadde same respekten lenger. Det var oftast knytt til noko formannen hadde gjort. Eit døme kan vere der formannen ikkje torde å tale det farande lages sak til dei høgare opp i hierarkiet, eller om han spara seg sjølv i arbeidet.¹⁶⁶

¹⁶¹ Aarvik, 1993: 26

¹⁶² Aarvik, 1993: 29

¹⁶³ Aarvik, 1993: 25

¹⁶⁴ Aarvik, 1993: 25

¹⁶⁵ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁶⁶ Aarvik, 1993: 25

Formannen var som sagt leiaren på arbeidsplassen, men på kva måte leia han laget? Noko av det viktigaste for arbeiderane var at formannen var rettferdig, og ikkje tok avgjerder etter ein såkalla «trynepolitikk». Det var og viktig å vere nøye på kva tid ein skulle arbeide, og at ein slutta presist. Formannen skulle i tillegg ta avgjerda om ein måtte innstille arbeidet grunna været.¹⁶⁷ Hans Petter Orrem hugsar berre ein gong i si tid, at ein ikkje kunne arbeide, det grunna ein snøstorm. «*Skulle ut og sette opp stolpar veit du, men vi såg ingenting. Da satt formannen borti vindauget, å venta at det skulle lette. I fire tima.*»¹⁶⁸ Orrem såg kor det ergra formannen at dei ikkje kunne arbeide, men formannen skjønnte at han ikkje kunne sende ut arbeidarane ut i kva som helst slags forhold. Formannen var leiaren, og ein hadde respekt for kva han sa. «*Skulle ikkje legge seg ned for ein kvar ting*».¹⁶⁹ Dei visste at han hadde fått denne stilling grunna at han hadde mest ansiennitet og erfaring. Formannen hadde såleis status, og ei plassering høgare opp i hierarkiet. Leiarstilen kunne knytast til det autoritære, men han kunne og vere ein fagleg rettleiar med si innsikt i alle fastar av arbeidet. Likevel, rolla som organisator var ein av dei viktigaste rollene ein formann hadde.

Formannen som organisator

Det var ei viktig oppgåve for formannen å organisere, og såleis plassere rett kar på riktig stad. Å sette riktig kar til riktig arbeid var knytt til effektiviteten til det farande laget, men det var og viktig for at arbeidarane ikkje skulle kjenne seg som taparar. Til dømes var det berre dei som kunne takle høgder som vart sett til å arbeide i toppen av ein stolpe.¹⁷⁰ Likevel var det ein skilnad i stolpearbeidet og, då det var forskjell på å montere travers eller bardun, og å arbeide med sjølv telefonlinja. Eit godt døme er revolveringa av blanklinjer, då det innvikla arbeidet ikkje var for alle. Det er ikkje her mi hensikt å forklare i detalj dette arbeidet, då det ikkje fortel så mykje om sosiale relasjonar mellom leiar og arbeidar. Likevel vil det å ta med noko vere relevant i ein slik samanheng, då med tanke på kor viktig det var å ha riktig mann til å gjere arbeidet. Det var tross alt formannen som hadde ansvaret for det.

Revolveringa var ein teknikk ein nytta for å minke støy og overhøring mellom linjene. Med overhøring meinast det at lyd frå andre telefonsamtalar smitta over. Var overhøringa ille, kunne ein telefonsamtale utarte seg nærast som ein telefonkonferanse. Nøkkelordet her var å

¹⁶⁷ Aarvik, 1993: 25

¹⁶⁸ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁶⁹ Intervju med Hans Petter Orrem


¹⁷⁰ Aarvik, 1993: 25

utbalansere elektriske forhold mellom ein linjetråd og andre linjetråder. Før ein byrja å nytte kablar, nytta ein blanktrådlinje. Dette var ein type forbinding som var nytta i luftspenn. Til dømes kunne blanktrådlinjene vere arrangert i det ein kalla «firarar», som då ville seie at det var fire trådar, som danna to telefonlinjer. Desse skulle så verte spunne eller snodd kring kvarandre. I kablar var denne spinninga, eller revolveringa som det heitte, ein del av fabrikkasjonsprosessen.¹⁷¹ For å få til denne revolveringa var ein avhengig av isolatorar i stolpane å henge trådane i, desse var laga av krus og såleis isolerande. Var det fire trådar, måtte ein ha fire isolatorar, då det var via isolatorane at kabelspennet hengte vidare til neste stolpe igjen. Det å feste trådane til isolatorane vart kalla «bendsling».

For å hindre kortslutning var det viktig at dei fire trådane ikkje var borti kvarandre, sjølv om dei samstundes skulle revolvere kring dei andre trådane. Difor nytta ein nettopp isolatorane, men ein endra rekkjefølga for kva isolator ein hengde tråane opp i mellom kvart spenn. På den måten greidde ein å revolvere blanktråden utan at linja kortslutta. Dei fire trådane kryssa frå isolator til isolator på ein måte som gjorde at trådane hadde same avstand frå kvarandre heile tida, slik at linjene vart i lik grad påverka av støy, og ein oppnådde ein balanse. Det vil seie at ein kunne ikkje berre henge opp trådane tilfeldig, då avstanden mellom dei fire trådane skulle vere jamn.¹⁷²

¹⁷¹ Aarvik, 1993: 14-18

¹⁷² Aarvik, 1993: 14-18



Bilete: Revolivering av rikslinje.

(Kjelde: Aarvik, 1993)

Dette arbeidet var ikkje alle egna til, og det var såleis viktig at formannen valde ut folk som takla eit slikt arbeid. Det å dirigere revolveringa, der ein styrte dei som drog ut ein tråd, før ein så hengde det opp i neste isolator, kravde at ein emna å halde oversikta. Arbeidaren som gjorde dette vart kalla toppmann, og skulle så dirigere tråddragarane, som var arbeidarar som skulle dra kvar sin tråd. Toppmannen klatra opp i stolpen med trådane på skuldra, sjølv om ein bunt koppartråd kunne vege 50 kg. Dirigeringa var viktig, og slurv kunne ikkje godtakast. «Vågen krysser venstre, over alle de øvrige, Fredriksen krysser høyre, under Mikkelsen og Berge. Neiii! Jeg sa Vågen krysser over alle, dere to i midten står altså i ro!»¹⁷³ Det å verte vald til toppmann av formannen gav ein høg status i laget. Det var ei stadfesting på at ein

¹⁷³ Aarvik, 1993: 31

kunne takle eit nøyaktig arbeid som kravde oversikt. Samtidig takla ein toppmann óg godt det tunge, fysiske arbeidet som stolpearbeidet var.

Trådane skulle så strekkast opp. Her strekte ein først opp ein tråd, før ein så strekte opp dei neste. For å sjekke at det var riktig, slo ein med ei hand på den første tråden, samstundes som ein heldt ein anna tråd i andre handa. Om refleksjonsbølgja kom attende samtidig i dei to trådene så var dei like stramme. Etter kvart som trådane vart hengt opp, vart og tråden omsider brukt opp. Då måtte ein ny kopparbunt skøytast inn. Her nytta ein lodding, men ute i terrenget hadde ein ikkje noko straum, så loddebolten måtte få energi på anna vis. Til det nytta ein «moxbrikettar», som var ein type brikett som vart pressa nedi eit holrom i loddebolten. Desse brikettane utvikla omlag 3000 grader celsius då dei var tende, og gav nokre minutt med loddetid. Å stå i stolpesko mange meter oppi ein stolpe og handtere ein slik varme kunne vere skummelt, både med omsyn til det farlege arbeidet, men og høgda i seg sjølv. Det var ikkje nødvendigvis kjapt gjort å komme seg ned om noko hende.¹⁷⁴ Dette seier oss at arbeidsoppgåvene ein toppmann hadde, var krevjande teknisk, men og at det var andre element formannen måtte ta omsyn til.

Sjølv om ein arbeidar hadde utmerka seg med emna til å halde god oversikt, og var flink til å dirigere andre, var det ikkje naudsynt at formannen meinte at vedkommande emna seg som toppmann. Eit viktig del av dette arbeidet var å gjere innvikla og merksemdskrevjande arbeid i høgda. Sjølv om ein greidde å halde tunga rett i munnen på bakkenivå, var det noko heilt anna. Om ein entra ein nyleg oppsett stolpe, var det ikkje noko spøk. Eit stolpe utan trådar eller kablar oppe i toppen svaia, og dess nærare toppen dess meir svaia den. Her var det viktig at den som klatra fann stolpen si rytme, og svinga med utan å få panikk. Medan ein klatra opp skulle ei sjå oppover, men samstundes halde kroppen vekk frå stolpen. Tyngda skulle liggje på hælane, då det maksimaliserte gripeeffekten når ein nytta stolpesko.¹⁷⁵

Sosiale relasjonar mellom arbeidar og offentlegheita

Nordmenn opplevde i etterkrigstida ein betra økonomi. Folk hadde meire å rutte med, og fleire og fleire skaffa seg telefon. Medan det tok 91 år mellom telefonapparat nummer 1 og 1 million, tok det berre 15 år mellom nummer 1 million og nummer 2 millionar, som vart

¹⁷⁴ Aarvik, 1993: 31-33

¹⁷⁵ Aarvik, 1993: 44-45

montert i 1983.¹⁷⁶ Denne eksponentielle utviklinga fortel oss i stor grad utfordringa Telegrafverket, og seinare Televerket, hadde i samband med utbygging av telenettet i Noreg. Ein fekk i heile landet telefonkø, der ein vart sett på ei venteliste for installering av telefon.¹⁷⁷ Individuelt hadde arbeiderar i dei farande laga i varierende relasjonar til offentlegheita. Desse relasjonane kunne vere eit kundeforhold, eller ein relasjon der ein måtte stille seg til dei farande laga, då dei bygde ut telenettet i området. I dette delkapittelet skal eg sjå på relasjonar ein kan knyte mellom arbeidarar i dei farande laga og til offentlegheita.

Folk og farande lag

Dei farande laga var som nemnt tidlegare nytta til å bygge ut telefonlinjer i område der dei ikkje hadde telefon. Ofte var arbeidet på stader der det ikkje budde folk, såleis var ein avhengig av kvar stolpekursen skulle byggast, om ein skulle treffe på vanlege folk. Då arbeidsdagen byrja, var laget vart køyrd ut om morgonen til den staden dei skulle arbeide fram til kvelden. Dei smurde seg niste, og hadde med seg termosar med kaffi i. «*Visst vi var i nærleiken der det budde folk da så fekk vi koke kaffi, hadde vi med oss kaffikjel då*». ¹⁷⁸ Hans Petter Orrem hugsar vennlegheita folk møtte dei med, der det ikkje var noko problem å få koke seg litt kaffi om ein ville. «*På landet veit du, så var vi velkommen då dei såg vi var telefonarbeiderar, og skulle bygge ut telefonnettet, var det veldig greitt det*». ¹⁷⁹

Det at det farande laget vart møtt med vennlegheit av folk flest var nok ikkje tilfeldig. Folk skjønnte kva desse karane heldt på med, og dei visste at arbeidet var til deira fordel.

Telegrafverket generelt, hadde truleg ikkje alle så godt eit forhold til. Det var knytt til ventelistene som hadde eksistert sidan etter krigen. Skilnaden på slutten 1960-talet og etterkrigsåra var at i etterkrigstida var mykje rasjonert, medan på 1960-talet var det berre telefonen det var kø for å få.¹⁸⁰ Kåre Aarvik nemner i si bok «*Makt og avmakt*» at grunna ventelistene, så gjekk fleire montørar utan uniform for å sleppe å bli mobba.¹⁸¹ På ei side kunne det kanskje vere tilfelle i tettstader og byar, der Telegrafverket var synleg i bybiletet. På ei anna side opplevde dei farande laga ei glede frå folk i distriktet. Dei fastbuande var glade for å endeleg få telefonforbinding, og tok difor godt i mot arbeidarane.

¹⁷⁶ Øvregard, 1996: 22

¹⁷⁷ Lars Thue, Nye forbindelser (1970-2005), Gyldendal Norsk Forlag, Oslo, 2005: 172

¹⁷⁸ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁷⁹ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁸⁰ Kåre Aarvik, Makt og avmakt: om organisasjon og ledelse i Televerket, Norsk Telemuseum, 1993: 104

¹⁸¹ Aarvik, Makt og avmakt, 1993: 104

Dei farande laga var totalleverandør. Det vil seie at dei tok seg av heile utbyggjinga frå telefonsentral, til telefonapparat. Dei forskjellige arbeidsoppgåvene gjorde at arbeidarane i ulik grad hadde kontakt med folk utanfrå. Telefonarbeidarane heldt på med stolpearbeid, og framføringa av kabel til husstanden. Desse arbeidde i gjørmete hol og grøfter, og tok grovarbeidet. Montøren tok innarbeidet, der dei var inne med folk og såleis hadde meir med dei å gjere. Her la dei opp innandørs kabling, og sette opp telefonapparat. Det at dei arbeidde meir inne hjå folk, gjorde at desse opplevde ein større kontakt med kundane enn det ein telefonarbeidar gjorde. Ein annan skilnad var at telefonarbeidaren hadde kjeledress, medan montøren hadde uniform. På denne måten var kledda med på å synleggjere skilnaden i status for offentlegheita.¹⁸²

Statstenestemannen

Ein jobb i staten var sett på som noko bra. Mange hadde eit tenkesett der ein som fekk arbeid i staten var sett på som framfødd, eller berga. På ei side var det fast jobb, og på ei anna side vart ein og knytt til statens pensjonskasse. Som statstenestemann hørde ein til den offentlege sektor. Dei som arbeidde i den private sektoren, fekk ofte berre minstepensjon etter enda yrkeskarriere.¹⁸³ «*Velkommen guten min, nå er du sikra for resten av livet*» fekk Steinar Berg høyre då han som nyleg tilsett skulle treffe telesjef Einar von der Fehr Schumann.¹⁸⁴ Utsegna seier mykje om kva det kunne bety å få seg arbeid i staten. Mange av mine informantar nemner foreldra, og spesielt mødrene sine som ein viktig grunn til at dei søkte seg til Telegrafverk eller det seinare Televerket.

Kolbjørn Sylthe byrja i Telegrafverket i 1964.

«Hugsa ein 16.mai så kjørde eg nokre langtransportsjåførar eg kjende. For rundt i byen, og vart stoppa av ein kar som var med i 1.mai komiteen[meinte truleg 17.mai] . Så hoppa ein av langtransportsjåførane ut og tok hatten til fyren. Veit du kva du gjer, veit du kva du gjer? Du angrip ein statstenestemann i lønnstrinn 15!»¹⁸⁵

¹⁸² Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁸³ Intervju med anonym informant nummer 2

¹⁸⁴ Intervju med Steinar Berg

¹⁸⁵ Intervju med Kolbjørn Sylthe

Utsegna til Sylthe fortel oss mykje om statusen ein arbeidar i Telegrafverket hadde i samfunnet. Sjølv visste han ikkje at det å vere det å være statstenestemann var så høgtideleg. Han måtte spørje far sin kva folk la i det, då han sjølv ikkje brydde seg særleg.¹⁸⁶ Det at han sjølv ikkje var klar over kva folk la i det, tydar på at denne haldninga til statstilsette antakeleg var meir gjeldande før. «Statstenestemann, nesten på linje med presten og lensmann».¹⁸⁷

Uniforma

I Telegrafverket hadde bortsett frå telefonarbeidaren uniform. Telefonarbeidaren hadde kjeledress. Uniforma gjorde at ein kunne sjå kven som var i dei ulike posisjonane i hierarkiet. Til dømes hadde ein montør ein knapp i uniforma, medan formannen hadde tre knappar.¹⁸⁸ Uniforma var og eit synleg symbol på ein statstenestemann, og alle fordelane ein hadde. «Kom inn på eit lag som heite «Hammerviklaget» inne på Hjelset. Der var det ein som var berømt for å vere litt av ein skjortejeger. Han stilte med uniform på dans på laurdagskveldane. Han gjorde suksess med det».¹⁸⁹ Her er det vanskeleg å seie kva som gjorde at han hadde suksess. Om det var uniforma, og alt det den representerte med fast jobb, god pensjon og trygg arbeidsplass. Det kan og tenkast at grunna uniforma, så vart han litt av ein sjarmør.

Sjølv om det å bere uniform gav status mellom folk, var det ikkje det beste arbeidsantrekket. «Det var eit ueigna plagg for montøren, sjølv om ein vart møtt med respekt».¹⁹⁰ Det var ikkje noko særleg å stå i grøfta med dressbuksa full av vaselin. Montøren som både hadde arbeidsplass ute og inne var her ekstra utsett. Til dømes kunne han byrje dagen med å skøyte kabel i ei grøft, før han så skulle inn til folk å gjere husinstallasjonar. Her var det ikkje noko særleg å komme inn, full av jord og vaselin inn i husa til folk. Samstundes var uniforma med å syne statusforskjellen mellom formann, montør og telefonarbeidar for dei som ikkje var ein del av miljøet. «Vi såg det på kledene, nokre gjekk i dress og nokre gjekk i kjeledress».¹⁹¹ Sjølv om ein fekk utdelt uniform, var det mange som valde å ikkje nytte den. Nokre av dei tilsette hadde arbeidd i Telegrafverket lenge, andre var relativt nye. Dei erfarne nytta

¹⁸⁶ Intervju med Kolbjørn Sylthe

¹⁸⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

¹⁸⁸ Digitalarkiv.no, Formanns uniform, 2016, sist sett 23.04.2018

¹⁸⁹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

¹⁹⁰ Intervju med Terje Navestad

¹⁹¹ Intervju med anonym informant nummer 2

uniforma, medan dei ferske i staden valde den meir praktiske kjeledressen.¹⁹² For dei var antakeleg ikkje status knytt til antrekket så viktig at det vart prioritert framfor kva som var mest praktisk. Eit døme på det var to av dei eldre karane på montørstasjonen på Åndalsnes. Desse brukte forutan uniforma dessutan båtlue om vinteren, og skjermhue om sumaren. Dagen etter dei bytta hue, bytta dei og dekk.¹⁹³ Dei yngre montørane brukte ikkje den, utanom når det var møte.¹⁹⁴ Ein av informantane nemnte at han hugsar at ein brukte slipset som belte, og skjortene ein sjeldan gong.¹⁹⁵



Bilete: Bilete frå siste del av 1950 -talet. Mannen til venstre var formann, medan han i midten var underformann. Ein ser skilnaden på talet knappar. Mannen til høgre brukar ikkje uniform, var difor truleg telefonarbeidar.

(Kjelde: Telemusset)

¹⁹² Mange informantar nemnte at det var dei eldre som nytta uniforma.

¹⁹³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

¹⁹⁴ Intervju med Hans Petter Orrem

¹⁹⁵ Intervju med anonym informant nummer 2

Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett på dei farande laga som var samansette av folk i forskjellige aldrar. Vi har sett at det var skilnad i status og hierarki, knytt til fleire kriteria.

I samband med alder som kriterium, hadde eldre retten til å velje først, til dømes utstyr til å utføre arbeidsoppgåvene sine. Dette tyder på ein skilnad mellom ung og eldre i samband med status og hierarki. Likevel var det ikkje alle lag som praktiserte denne kulturen med forrang. Såleis varierte det kor mykje alder hadde å seie for status og hierarki.

Med tanke på utdanning, var det montørkurs som var det som var mest relevant for dei tilsette i dei farande laga. Ein måtte ha eit år praksis for å kunne søkje opptak på montørkurs. Såleis kan ein knyte ansiennitet til rett til å søkje opplæring. Med montørkurs steig ein i hierarkiet. Ein hadde andre arbeidsoppgåver enn kva telefonarbeidarane hadde. Kabelskøyting er eit døme. Det å ha kunnskapen og ei utdanning må ha gjeve status, då ein var i stand til å gjere dei vanskelegaste oppgåvene. Såleis kunne unge montørar ha høgare status enn erfarne telefonarbeidarar. Stolpearbeidet som telefonarbeidaren gjorde, var eit hardare arbeid fysisk. Likevel var det eit «enklare» arbeid då ein ikkje trong montørkurs.

Omgrepet ansiennitet kan knytast til erfaring, og var noko som var viktig i dei farande laga. Skilnadane handla på den eine sida om lønn, og moglegheita til høgare stillingar om ein hadde den same utdanninga. Dette styrka ein kultur som tilsa at dei erfarne var mektigare. Så då dei unge fekk opplæring så var det ikkje berre arbeidslæring, men innføring i ein arbeidskultur der den sosiale statusen kunne sjåast i samanheng med erfaring og kvalifikasjonar. Såleis gav det status å ha erfaring i bransjen.

For å skilje mellom personar i same formelle posisjon i hierarkiet, vart erfaring eller ansiennitet vektlagt. Såleis kan ein seie at ansiennitet og erfaring hadde hovudsakleg sin verdi om ein var på same plass i hierarkiet formelt.

Vi har og sett at ulike statusar vart ulikt verdsett. Sjølv om ein var den som kunne løfte tyngst, og svinge den tyngste sleggja dagen lang, vart ikkje slike statusar like verdsett i delar av arbeidet der nøyaktigheit og presisjon var viktigast. Sjølv om han kunne lempe dei tyngste

steinane til stolpelåsen hjelpte det lite om han ikkje greidde å velje dei som passa best. Dette seier og noko om at skilnader mellom statusane ikkje nødvendigvis var hierarkisk tinga.

Sjølv om ein som til dømes var formann kunne ha ein høgare status, var det ikkje ein automatikk at ein hadde meir respekt. Dette kan vi knyte til omgrepet prestisje. Om ein formann mista respekten frå enkelte, mista ikkje han statusen. Samstundes fortel det oss og at respekt kunne ha mykje med personlege trekk å gjere, og ikkje berre vedkommande sin status. Det syner og det at ein som hierarkisk stod høgare, likevel kunne verte sett ned på. Dette underbyggjer at respekt ikkje var samanfallande med statushierarkiet.

I den andre delen av kapittelet såg vi på relasjonane mellom leiinga og arbeidarane i dei farande laga. Alle leiarstillingane var rekruttert på bakgrunn av ansiennitet, då det ikkje var noko eiga utdanning for desse stillingane. Relasjonen mellom arbeidar og leiing var viktig. Heile laget fungerte i eit samspel, der dei høgare opp i hierarkiet var avhengig av dei som var lågare plassert for at det skulle bli best mogleg.

I den tredje delen i dette kapittelet tok vi for oss relasjonane mellom arbeidarane i dei farande laga og offentlegheita. Her kom det fram at dei farande laga vart godt teke i mot av folk. Sidan montøren var den som arbeidde inne, var det han som hadde mest med folk å gjere.

Dei tilsette i farande lag var statstenestemenn. Dette handla om eit tenkesett der ein som fekk arbeid i staten var sett på som framfødd, eller berga. På ei side var det fast jobb, og på ei anna side vart ein og knytt til statens pensjonskasse. Likevel betydde dette gradvis mindre for montøren på enn kva det gjorde tidlegare.

5. Televerket

Då Telegrafverket vart Televerket, var det ikkje berre namnet som vart endra. I dette kapitlet skal vi sjå på montørane sine relasjonar seg imellom, og montørane sine relasjonar til leiinga og offentlegheita. Eg vil ikkje fokusere i stor grad på telearbeidarar generelt, men ha eit større fokus på montøren.

Sosiale relasjonar mellom montørar i Televerket

Etter at Telegrafverket vart Televerket, fekk ein ei heilt anna organisering. No var det slutt på farande lag, og montørane var tilknytt basar og stasjonar. I dette kapitlet skal eg sjå på sosiale relasjonar mellom montørar i Televerket.

Utdanning

I kapitlet om Telegrafverket var montørkurset nemnt. Der vart det undervist i praktiske og teoretiske fag. Samstundes måtte ein ha eit år i praksis for å kunne kvalifisere til opptak til montørkurs. Desse kursa vart helde heilt til 1972, utan at noko vart endra.¹⁹⁶ Likevel hadde ein arbeidd for å endre montørkurset, og i 1970 vart første kurset etter nytt opplegg for montøraspirantar sett i gang. Opptakskrava var at ein måtte gått niårig skule, og ha godkjent vandels - og legerklæring. Det var og innført eit alderskrav, då ein heretter måtte vere mellom 17 og 25 år. Hadde ein hadde gått yrkesfag, så styrka det søknaden. Etter inntaket vart det sjekka om nokre av aspirantane hadde klaustrofobi, høgdeskrekk, eller om dei var fargebinde.¹⁹⁷

Ein skilnad på montørkurset ein hadde i Telegrafverket, og det montørkurset ein hadde i Televerket, var at ein ikkje måtte ha praksis før ein byrja. «*Fekk beskjed om at eg kunne byrje på Teleskulen oppi Trondheim, med oppstart 4. august*».¹⁹⁸ Denne beskjeden fekk informanten etter at han hadde vore på intervju hjå Televerket i Molde. Det tyder på at det ikkje var nødvendig med praksis på førehand, som det var i Telegrafverket. Om ein først byrja på Teleskulen så var det forpliktande. «*Det var gratis utdanning, det var to og eit halvt års*

¹⁹⁶ Finn Jahren, Glimt fra Televerks-kulturen: Abonnementsnettet og Teleteknikk, Norsk Telemuseum, 1995:19-20

¹⁹⁷ Jahren, 1995:20

¹⁹⁸ Intervju med anonym informant nummer 1

*utdanning. Det var plikttjeneste etterpå der. Visst ein slutta etter ein var ferdig på skulen måtte ein betale attende pengane. Måtte arbeide to og eit halv år etterpå eg var ferdig med skulen».*¹⁹⁹

At ein kunne byrje direkte på montørkurset, seier oss noko om det å få inn teori tidlegare var sett på som ein fordel. Her var det ein skilnad i opplæringa frå Telegrafverket og i Televerket. I Telegrafverket hadde ein på si side nytta den obligatoriske arbeidspraksisen som eit viktig vurderingspunkt. Der vart ein hovudsakleg ut ifrå det praktiske arbeidet vurdert om ein egna seg som ein kandidat til å få montørutdanning.²⁰⁰ I Televerket derimot, vart ein etter kvart sendt rett til Teleskulen. Med det kan ein argumentere for at det som var sett på som viktige og grunnleggjande kvalifikasjonar for dei som skulle bli montørar, endra seg utover Televerkstida.

Eit resultat av at ein byrja opplæringa på Teleskulen, og ikkje på arbeidsstaden, var at ein gjekk frå ei meir praktisk opplæring til ei meir teoretisk opplæring. Det må sjåast i samanheng med at ein då fekk den første opplæringa på teleskulen, og i mindre grad på arbeidsplassen av dei erfarne arbeidarane.

For relasjonane mellom montørar eller arbeidarar, og nybyrjarane, hadde dei to forskjellige utdanningsløpa betydning. I dei farande laga var første arbeidsdag på arbeidsstaden, der ein møtte opp til eit arbeid ein ikkje hadde opplæring i. Såleis var det større skilnadar mellom ein nybyrjar og ein erfaren arbeidar, enn det vart i Televerkstida. I Televerket kom nybyrjarane til teleområdet, først etter dei hadde fått opplæring på teleskulen. Det betydde at ein aspirant som hadde sin første arbeidsdag hadde meir kunnskap om arbeidet. På denne måten vart det mindre skilnad mellom erfaren montør og ein fersk aspirant samanlikna med korleis det var i dei farande laga.

Skilnaden mellom erfaren og nybyrjar handla ikkje berre om ulik kunnskap om arbeidet, men og om alder. Etter 1972, var eit nytt opptakskrav at ein måtte vere mellom 17 og 25 år. Medan det i Telegrafverkstida ikkje var noko avgrensing, vart det endra i Televerket.

Då ein av mine informantar byrja i 1980, var han med på ein ny variant av montørkurset.

¹⁹⁹ Intervju med Steinar Berg

²⁰⁰ Per Øvregard, Televerket: i Samfunnets tjeneste, Bind II Norsk Telemuseum, Oslo, 1996: 273

*«Der var det montørkurs, trur det [var det] første montørkurset som gjekk på seks månader. Før var det tre månader med teori, og tre månader praksis. Med det kurset vart det seks månader teori og praksis, så var det 1,5 år læretid ute, før ein drog opp igjen og tok montørbeviset, tilsvarande fagbrev eller noko slikt».*²⁰¹

På dette kurset hadde ein då teori fram til klokka 1130, lunsj til klokka 12, så praksis resten av dagen. *«Det var arbeidsretteiarar som var lærarar på praksisen, og så var det ingeniørar og sivilingeniørar som var lærar på teoridelen».*²⁰² På Teleskulen lærde dei mykje forskjellig. På den eine sida var det knytt til det tradisjonelle montørarbeidet. *«Vi klatra stolpe som var satt opp inne, vi hadde skøytestativ, så vi skøyte».*²⁰³ Men på ei anna side var det og meir framoverretta enn det var tidlegare, og ein lærde om nyare teknologiar. *«Vi byrja å høre om ISDN på denne tida».* Denne utsegna fortel oss at sjølv om mykje av opplæringa framleis gjekk ut på det «typiske» telearbeidet, så tok ein omsyn til teknologiske nyvinningar.

På det nye montørkurset som informanten var på, var ein stor skilnad at ein hadde teori og praksis samstundes (halve dagen kvar), og ikkje i to separate kurs som tidlegare. Det kunne gje moglegheita til at det ein hadde lært om i den teoretiske delen, kunne øvast på i den praktiske delen.

Televerkstida, var ei tid med mykje teknologiske endringar, og såleis var det eit behov for at montørane var oppdaterte. Ein måtte lære om andre og meir moderne teknologiar enn telefonen, til dømes internett. Eit døme på det er at enkelte byrja å lære om ISDN allereie i 1980, lenge før det i praksis vart teke i bruk.

I 1980 – åra var det og innført mykje nytt linjemateriell som var lettare, og enklare å nytte enn det gamle. Difor handla det og om å oppdatere måten ein løyste arbeidsoppgåvene. Eit døme er skøyteklemmer, som erstatta vrimetoden i kabelskøytinga. Dette resulterte i at det som tidlegare kanskje tok ei veke å lære seg før, kanskje no tok ein dag.²⁰⁴

²⁰¹ Intervju med anonym informant nummer 1

²⁰² Intervju med anonym informant nummer 1

²⁰³ Intervju med anonym informant nummer 1

²⁰⁴ Jahren, 1995:20

Relasjon mellom aspirant og rettleiar

Etter at dei hadde vore på den første delen av utdanninga på Teleskulen, skulle dei ut i teleområda og ha ein praksisperiode. Dette kan samanliknast med lærlingordninga i dag. Dei vart kalla aspirantar, og skulle no arbeide med mykje av det dei hadde lært på Teleskulen i praksis. Desse skulle arbeide saman med ein erfaren montør, som då fungerte som ein rettleiar. *«Første arbeidsdagen, møtte opp på montørstasjonen i Årødalen. Trefte den fadderen eg skullen vere med, og han hadde allereie ein frå før. Så første månaden var vi tre stykk i montørbilen, i den gamle Ford Transitten som vi køyrde».*²⁰⁵ Også Tony Karlsen som byrja som aspirant i mai 1977 hugsar tida etter han hadde vore på Teleskulen i Trondheim. *«Skulle arbeide i lag med ein eldre montør, ein ferdig montør då».*²⁰⁶ Denne montøren skulle då vere som ein rettleiar for aspirantane, og gje dei opplæring vidare i arbeidet. *«Drog i rundt med Bjarne, han var gammal montør».*²⁰⁷

Situasjonen der ein hadde ein nybyrjar og ein erfaren, påverka relasjonen dei i mellom. *«Var no likså han som var sjefen då».*²⁰⁸ Karlsen hugsar at ein hadde ei respekt, og at han såg opp til rettleiararen, sjølv etter at han var ferdig utdanna montør. Var det noko han trong hjelp til, hende det at han kontakta han som tidlegare hadde vore rettleiar for han. *«Blei no at eg snakka mykje med han då. Men så var det no andre ein kunne kontakte. Å så byrja ein no å kunne litt sjølv og».*²⁰⁹ Det seier noko om at relasjonen mellom aspirant og rettleiar ikkje vart gløymt med det første. Sjølv om ein etter kvart var montør sjølv, og såleis var likestilt, såg mange opp til den dei hadde fått opplæring av. Det betydde at statusforholdet mellom aspiranten og montøren ikkje tok slutt sjølv om aspiranten sjølv vart montør.

Statusen rettleiarane hadde, kunne og aspirantane dra nytte av.

*«Spesielt vi som var med gamlekarane då vi begynte, som hadde litt status i Televerket. Vi var egentleg litt privilegerte som kunne vere med på mange slike kantinemøter vi. Det var verre med dei andre montørane som ikkje var saman med desse gamle montørformennene. Vi måtte vere tolmodige, det var mykje venting då».*²¹⁰

²⁰⁵ Intervju med anonym informant nummer 2

²⁰⁶ Intervju med Tony Karlsen

²⁰⁷ Intervju med Tony Karlsen

²⁰⁸ Intervju med Tony Karlsen

²⁰⁹ Intervju med Tony Karlsen

²¹⁰ Intervju med anonym informant nummer 2

Nøyaktig kva alle desse møta kunne handle om kunne truleg variere. Likevel vart det sett på som litt staseleg for aspirantane, då dei fekk vere med dei erfarne montørane. Her kan ein og sjå ein skilnad i status mellom aspirantane, då det gav prestisje å ha ein rettleiar med status.

Det å få lov å arbeide åleine, var truleg det som gav mest status for aspirantane. «*Då du vart litt driven fekk ein fare litt på eiga hand då*». ²¹¹ At ein rettleiar som og var ein erfaren montør eller formann, gav si anerkjenning måtte ha betydd noko for aspiranten. Dette viser tydeleg maktforholdet, der aspirantane var underkasta rettleiarens avgjerder og meiningar.

Samstundes det å arbeide aleine, trong ikkje utelukkande vere på grunn av gode ferdigheiter. Det var dømer der aspirant og rettleiar ikkje gjekk så godt saman. «*Han som eg var saman med var gammal og uinteressert, og ville ikkje lære frå seg. Så eg fekk vere for meg sjølv*». ²¹²

Seinare i Televerksperioden endra montørutdanninga seg på nytt. Montørbeviset vart i 1991 erstatta med fagbrev. Då vart det lagt opp til at montørar i Televerket kunne ta fagbrev og bli offentleg godkjente svakstraumsmontørar. Teleskolen på Alfaset vart då godkjent som stad for å avlegje fagprøve. Mellom 1991 og 1995, hadde nærare 400 montørar teke fagbrev der. Seinare vart alle Teleskulane lagt ned, og det offentlege skuleverket tok over utdanninga for dei som skulle ha montørstillingar. ²¹³

Ukultur eller frynsegode

Fleire av informantane mine nemnde at dei fekk dekt kostnadene i samband med førarkortet på bil. ²¹⁴ Dessutan betalte Televerket ut 1/3 løn til eigne montørar i førstegongsteneste. ²¹⁵ I dei neste avsnitta skal vi sjå på noko ein kan diskutere som teikn på enten «ukulturar» eller «frynsegode». Korleis var desse ukulturane eller frynsegoda med å påverke relasjonane mellom montørane i Televerket? Tema som vert sentrale er kafébesøk, snausing av kabel, og tjuveri av teljarskritt.

²¹¹ Intervju med anonym informant nummer 2

²¹² Intervju med Steinar Berg

²¹³ Jahren, 1995: 21

²¹⁴ Intervju med blandt anna anonym informant nummer 2, Tony Karlsen og Olav Sandberg.

²¹⁵ Telegrafverket, 1953:26

Kafébesøk i arbeidstida

Tidlegare har vi vore inne på relasjonen mellom aspirant og rettleiar i Televerket. Som aspirant lærde ein jobben av dei erfarne montørane, men ein lærde og deira måte å arbeide på. Det handla ikkje berre om sjølve arbeidet, ein vart og lært opp i kulturar. Altså korleis erfarne montørar gjennomførte ein arbeidsdag.

*«Kom på arbeid klokka åtte, sette seg i bilen til rettleiaren, så var det å kjøre ut i Storgata på Kaffestova å sitte der frå åtte til ni kvar dag».*²¹⁶ Utsegne til montør Steinar Berg seier oss at etter at dei hadde henta arbeidsoppgåvene for dagen, så drog dei på kafé. Dette var noko som hende kvar dag. Truleg handlar det og her om ein kultur med kontinuitet, då det å dra på kafé i arbeidstida ikkje var noko nytt.²¹⁷ Ein av informantane hugsa og at han hadde utplassering i Televerket då han gjekk i ungdomsskulen, då byrja og dagen på kafé.²¹⁸ Utsegna skildrar på mange måtar det ein kan kalle ein ukultur. For det første drog ein på kafé i arbeidstida, for det andre lærde ein det vidare til aspirantane at slik skulle det gjerast. Men kan vi og sjå på det som eit frynsegode?

*«Innarbeida pausar, starta med at ein fekk ordrar og køyrde til Kaffestova, satt og drakk kaffi der. Å så kom no flyplassen da, då vart no den seinare på dagen då».*²¹⁹ Utsegna til Kolbjørn Sylthe poengterte at det handla om innarbeida pausar. Altså at ein hadde arbeidd seg frampå tidlegare, eller valde å kutte i alle dei andre pausane i løpet av ein dag. Om det var slik kan ein prate om ein variant av frynsegode, som kan samanliknast med fleksitid i dag. Samstundes seier Sylthe i sitt utsegn at det ikkje berre var kafé om morgonen, men at ein og måtte på kafeen på flyplassen. Det vil seie, at om det var innarbeida pausar, så måtte ein ha innarbeida mellom ein til to timar dagleg. Sjølv om ein ikkje kan seie noko sikkert, verkar det lite truleg at nokon gjorde det, dei var tross alt familiefolk. For dei fleste var nok det å byrje dagen på kafé, noko ein berre gjorde. *«Det var ein kultur».*²²⁰

Denne kulturen, der ein vart opplært til det rettleiarane sjølv hadde vore lært opp til, kan ein seie var ein kultur som vart ført vidare til nye generasjonar. Med tanke på kor viktig ansiennitet var i Televerket, fekk og leiarane eit problem med å handtere den. Dei hadde no

²¹⁶ Intervju med Steinar Berg

²¹⁷ Alle informantane nemner at kafebesøk var vanleg

²¹⁸ Intervju med anonym informant nummer 1

²¹⁹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²²⁰ Intervju med anonym informant nummer 1

tidlegare ofte vore montørar sjølv, og var og sjølve tidlegare deltakarar i kulturen. «*Ein formann som fekk beskjed om å stramme opp karane. Å så kjem han, å skal til å stramme opp folket sitt. [Ein annan spør formannen]Kom hit litt så eg får snakke med deg. Hugsa du det, og hugsa du det? Hugsa du den gongen? [formannen]Ja, nei. Berre gløym det*».²²¹ Såleis var truverda til enkelte leiarar noko utsett.

«Var ein heil gjeng som satt ned på lufthamna i open kafé. Var vel ein ti bilar som stod der. Så var det ei som satt attom skranken der og venta på telefonen sin [at den skulle verte reparert]. Så vart ho så forbanna at ho ringde telesjefen. Å han køyrde innpå flyplassen, og gjekk ein runde rundt bordet dei [montørane] satt, og gjekk ut at. Da var det slutt på å fare på kafé».²²²

Historia fortel om ein utbreia kultur mellom montørane. Med ti bilar vert det prat om kanskje 20 montørar. Samstundes fortel det om ei misnøye frå folk som ikkje arbeidde i Televerket. At det ikkje vart godteke at mange montørar skulle sitte der på kafé samstundes som det var arbeid som skulle gjerast. Utsegna fortel og om respekten montørane hadde for telesjefen, at berre det at han synte seg var nok til at dei skjønnte at dei var ferska.

Kulturen endra seg gradvis i utover Televerksperioden. Leiaren for feilrettarane Kolbjørn Sylthe, hugsa at kulturen der ein besøkte kafear gradvis kom vekk. «*Det hang no igjen med dei eldste montørane. Men etter kvart fekk vi målingar på oss, og alt mulig sånne ting som det*».²²³ Utsegna seier oss at det truleg var eit skilje mellom ung og eldre montør. Såleis kan ein knyte kulturen til alder. På ei side så var ikkje dei eldre i same grad villige til endre seg. På den andre sida så lærde dei yngre denne kulturen av dei eldre. Dette seier noko om at dei eldre måtta ha sett annleis på denne saka.

Minna som mange av mine informantar har knytt til det å dra på kafé i arbeidstida, skildrar det som noko negativt. Eit døme på dette er utsegna, «*hautre rykte om at dei var på flyplassen og drakk ti kaffi, det var veldig dumt, forferdeleg dumt*».²²⁴ Eit anna døme er, «*[rettleiaren]dresserte meg til ein ukultur*».²²⁵ Korleis skal ein tolke desse minna?

²²¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

²²² Intervju med Steinar Berg. Mange andre informantar fortalde denne historia, der dei fleste varierte litegran frå kvarandre. Variasjonen gjekk på om ho som satt i skranken ringde feilmeldinga for å få hjelp, eller om ho ringde telesjefen då ho opplevde at ho ikkje fekk hjelp.

²²³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²²⁴ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

²²⁵ Intervju med Steinar Berg

Eit minne kan tolkast i fleire retningar. For det første kan desse minna vere beskrivande om fortida. Tolkar ein desse utsegna slik, seier dei at denne negative haldninga til kafébesøka var noko dei og tenkte den gongen.

På ei anna side er eit minne skapt og forma i tider, miljø, samfunn og kulturar som minnet kjem i frå. Såleis kan ulike prosessar ha påverka både i innhald, og i korleis minna vert fortald. Tolkar ein utsegna slik, kan den noko negative haldninga knyt til at dei drog på kafé, vere knytt til at dette var eit tankesett, eller ein grunnleggjande verdi i montørmiljøet.

For det tredje kan eit minne gjennom den måten det har vore nytta, sjølv skapt eller forma noko. Såleis kan denne negativ haldninga, vere eit resultat av korleis minna har vore fortald i ettertid. Med munnlege kjelder kan ein vere utsett for at informanten vert påverka av dei normene ein har i samfunnet i dag. Til dømes om ein informant har prata med nokon, høyrd noko i radioen, eller har lest noko i avisa om kafébesøk i arbeidstida. Ein fekk og etter kvart nye tenkemåtar kring effektivitet med privatiseringa. Såleis kan minna om kafébesøka kan ha vorte omtolka, og vorte brukt som eksempel for å skape ein ny kultur. Altså kunne noko ha vore med på å endre minnet. Såleis er det mogleg at ein såg på kafébesøka som ei frynsegode, men med at minnet har vorte justert, for å passe inn i dagens normar.

Snausing

Historikar Lars Thue skriv i si bok «Nye forbindelser» om «det skjulte Televerket».²²⁶ Her nemner Thue at i dei fleste bedrifter er det ei grå side av organisasjonskulturen, og kjem med dømer frå Televerket. Thue knyt her ei kjensle om eigarskap som mange tilsette hadde til Televerket, til at tilsette kunne ta seg til rette, og utnytte eigen arbeidsplass. Desse ukulturane kunne til dømes vere snausing eller tukling med teljaren.²²⁷ Såleis kan ein knytte ei legitimering av ukulturar til montøren sitt eigarforhold.²²⁸

Med snausing meiner ein at montørar tok inntektene frå salet av kobbar og bly frå kabelkapp som vart levert inn til bromhandlaren. Det same kunne skje når dei tok ned gamle linjer som

²²⁶ Lars Thue, Nye forbindelser (1970-2005), Gyldendal Norsk Forlag, Oslo, 2005:172

²²⁷ Thue, 2005: 172-175

²²⁸ Sjå kapittel 5, «Eigarforhold»

ikkje var i bruk lengre, sjølv om desse eigentleg skulle samlast inn sentralt.²²⁹ I følge Thue gjekk pengane ein fekk av dette gjekk ofte til kaffi og felles arrangement. Dette opna for misbruk, der ein tok med seg mykje meir kabel enn ein trong, berre for å ha meir til smelting. Då handla det ikkje lengre om småkapp, men om lengder på 10-12 meter. I dei verste døma handla det om heile tromlar.²³⁰

Finn Jahren nemner og denne ukulturen i sin bokserie, «Glimt fra Televerks-kulturen». Her fortel han om ein episode der Telegrafverkets lastebil prøvde å kjøre frå ein etterfølgande politibil. Lastebilen var full av snaus, og på veg til skraphandlaren.²³¹ I dette underkapittelet vil eg ta for meg snausing i Molde teleområde. Var det ein ukultur, eller eit frynsegode?

Montør Terje Navestad arbeidde i Sarpsborg teleområde nokre år før han flytta til Aukra og byrja i Molde teleområde. På austlandet var det slik at om eit tomannslag skøyte ein kabel, fekk dei kappet. «*Vi fekk lov av leiarane våre å selje kappet, etter at vi hadde skøytt kabel. Vi var tomannslag, som fekk denne påskjøninga*».²³² Slik som Navestad beskriv snausinga, så handlar det om eit frynsegode. Ein fekk då lov av leiarane å selje kabelkappet, som då vart eit frynsegode montørane fekk. Dette var truleg ein praksis som hadde vara lenge, og dei såleis meinte at dei hadde rett på. Omfanget av snausinga her var viktig, det handla om små mengder. Her var det ikkje prat om ein kultur der dei byrja å kappe lengre kapp med vilje. Det var dømer på at enkelte byrja å kappe for langt, «*det vart brått slutt, no er dei i ferd med å øydelegge for andre. Det ville vi ikkje han noko av*».²³³ Dette vitnar og om ei form for indre justis, der ein følgde med kvarandre. Det kan og tolkast at om ein ikkje utnytta dette, altså med vilje kapp for mykje var det sett på som eit frynsegode. Men i dei døma der nokre gjorde det, vart det sett på som ein ukultur. Likevel det at han poengterar det, at dei fekk lov av leiarane å selje kappet, seier at det å gjere det kanskje var litt i grenseland. Det er på ei anna side mogleg at han gjer det grunna at ein i dag ser annleis på slikt.

Navestad hugsar ei hending frå austlandet, der leiaren hadde meldt i frå til politiet om tjuveri av luftkabel. «*Veit at dei hadde reve nokre luftlinjer med blykabel, det var snakk om nokre*

²²⁹ Thue, 2005: 171- 172

²³⁰ Thue, 2005: 173

²³¹ Jahren, 1995:48

²³² Intervju med Terje Navestad

²³³ Intervju med Terje Navestad

kilometer. Det var køyrd inn, og lagt i ein garasje som ikkje var i bruk». ²³⁴ Navestad og dei andre var klar over at lasset med kabel var der, men tenkte ikkje noko på det før politiet kom og skulle forhøyrd den eine og den andre. «Det hadde forsvunne so mykje kabel, kanskje berre ein tredjedel igjen. Ingen viste kva som hadde skjedd, ingen hadde sett noko». ²³⁵ Ei tid seinare var Navestad og ein kollega innoom bromhandlaren med kabelkappet som dei fått frå kabelskøytingar dei hadde vore på.

«Men da vi leverte snausen med skraphandlaren, så spurte han karen frå Alta [kollegaen til Navestad] skraphandlaren kven det var, då vi såg noko av kabelen ligge der. Han sa kven det var, og det var forsyne meg arbeidsleiaren som hadde meldt det, [til politiet] som hadde gjort det». ²³⁶

Dømet er eit godt eksempel som viser at skilje mellom snausing som frynsegode, eller snausing som ukultur, handlar om mengda. Medan små mengder kapp var noko montørane fekk som påskjønning, så var store mengde kabel så verdifullt, at det vart sett på som tjuveri om montørane eller andre tok den. Episoden gjorde at Navestad søkte seg vekk frå denne leiaren, då han ikkje kjende at han kunne stole på vedkommande. Snausing kunne i slike tilfelle vere med på mistenkeleggjere montørar og leiarar, og at ei såleis fekk eit arbeidsmiljø prega av manglande tillit og trivsel.

Snausing var og noko som hendte i Molde teleområde. Her var den meir retta til fellesskapet. Det grunna at ingen av mine informantar nemnte at dei fekk kabelkapp frå kabelskøyting. Ein av leiarane Kolbjørn Sylthe, hugsa likevel at det var vanleg å levere inn kabelkapp til bromhandlaren.

«Koppar vart seld ein del av det ja, var kanskje ein ukultur da og. Vi byrja å ta ned kopparlinje og dei skulle dei sendast til Oslo dei. Vi hadde eit lager på Moldegård hugsa eg, av det lageret var det ikkje mykje som vart seld [meiner truleg sendt] til Oslo, det lageret vart mest seld lokalt her». ²³⁷

Utsegna seier noko om at Sylthe kanskje meinte at det var ein ukultur. Her kan vi på ei side tolke det som at det var slik det var, men på ein anna måte må vi ta omsyn at eit minne er

²³⁴ Intervju med Terje Navestad

²³⁵ Intervju med Terje Navestad

²³⁶ Intervju med Terje Navestad

²³⁷ Intervju med Kolbjørn Sylthe

noko ein lagra, og med tida tolka annleis, og vert brukt på nytt. På den måten er det mogleg at Sylthe meiner at det kanskje var ein ukultur først seinare, med dagens normer i bakhovudet. Kabelen skulle sendast inn sentralt, og ikkje seljast lokalt. Såleis var det no formelt noko som ikkje var lov, og då kan kallast ein ukultur. Likevel var det truleg ikkje slik at enkeltpersonar tok pengane i eigne lommer. «*Pengane gjekk til fellesskapet*». ²³⁸ Såleis er det ein skilnad i kva som kunne verte tolka som frynsegode og ukultur. Medan ein i Sarpsborg kunne ta små mengder som eit frysegode, og større mengder vart rekna som tjuveri, var det annleis i Molde. Der tok dei truleg ikkje snaus i små mengder, men i større mengder. Men mykje tyder då på at var kriteriet for om det var eit frynsegode, og ikkje ein ukultur, var at pengane gjekk til fellesskapet.

Eit døme på at snausen gjekk til fellesskapet var på montørstasjonen på Åndalsnes. Der nytta dei pengar frå kabelkappet til å pusse opp.

«Bygde om spiserom, laga nytt kontor av slike pengar. Kjøpte mikrobølgeovn og luftgevær, og resten gjekk inn til bedriftsidretten». ²³⁹ Kabelkappet gjekk då til stasjonen eller basen som den som plukka kabelen ned hørde til. *«Brommen vi tok inn, gjekk til oss som tok den inn».* ²⁴⁰

Såleis kan ein seie noko om kva eit fellesskap kunne vere. Det var ikkje nødvendigvis alle tilsette i Molde teleområde, det kunne ofte vere dei tilsette på ein stasjon eller base. Samstundes var det heller ikkje slik at om det var noko ein trong, at ein tok ned kabel for å finansiere det.

For at snausen skulle utdelast på fellesskapet, var ein avhengig av innsats frå fleire ledd. Montørane måtte plukke ned kablane, medan folk på lageret skulle vege kabelen, og skrive rapportar. *«Då vi tok ned sa[desse] kveilande med kobbar, så skulle dei vegast det nede på lageret og lagast til ein rapport. Han som hadde ansvaret for det tok det ikkje så høgtideleg trur eg. Han berre lagra det inne på eit lager der».* ²⁴¹ Vedkommande på lageret dokumenterte kun noko av kabelen som vart teke ned. *«På festar og samrådsmøter der alle folk var samla, passa vi på å velje inn folk knytt til lageret i [til] festkomiteane. Så selde dei ein bunt,*

²³⁸ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²³⁹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁴⁰ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁴¹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

*og det var nok til å arrangere heile festen det».*²⁴² I utgangspunktet skulle festar finansierast frå velferdsbudsjettet, likevel er det tydeleg at det var kabelkappet som var viktigast. «*Sånn som med automatiseringa, så var det voldsomt med kapp på sentralen. Då vi dreiv å drog ut alle sa[desse] leidningane. Det blei ein automatiseringsfest, med det gjorde dei i heile landet».*²⁴³ Utsegna seier og at dette var noko som hende andre stadar i landet. Det byrja på montørnivå, og gjekk høgt opp på leiarnivå.

Teljarskrittjuveri

Ein telefonsamtale vart målt i teljarskritt, dess lengre ein prata, dess fleire teljarskritt nytta ein. Fleire av mine informantar fortel om at dei ringte gratis, og at det var eit gode dei hadde. Dette var noko ein kunne gjere på to forskjellige måtar. Den eine måten var knytt til at enkelte som var tilsett i Televerket hadde eit såkalla tenesteabonment, der ein hadde ei mengde teljarskitt gratis. Såleis kunne ein då ringe gratis om ein heldt seg innanfor dei inkluderte teljarskritt.²⁴⁴ Den andre måten å ringe gratis på var om ein tukla med den mekaniske teljaren, som heldt oversikta over forbruket for kvart abonment. Kvar telefonlinje hadde difor eigen teljar. For å tukle med ein slik teljar måtte ein såleis ha tilgang til Televerket sine sentralar, noko som gjorde at vanlege folk ikkje hadde moglegheita. I dette underkapittelet skal vi sjå på om tukling av teljaren var ein ukultur eller eit frynsegode.

*«Det var ikkje noko hemmelegheit at dei fleste plukka av jordtråden på teljaren, og då gjekk den ikkje».*²⁴⁵ Utsegna fortel oss at det var utbreia mellom arbeidarar i Televerket i Molde teleområde å tukle med teljaren. Nokre fjerna jordingsleiaren, medan nokre kortslutta med litt loddetinn på baksida.²⁴⁶ Dette var noko som ikkje var lov, og som ein ikkje ville bli teke for å ha gjort. Dei som gjorde dette måtte følgje med, slik at dei hadde kontroll på når det skulle takast bilete av teljaren. Det var utifrå bilete at rekninga vart sendt ut. Då var det ein fordel om ein hadde kopla teljaren på att litt før, slik at det vart registrert noko bruk av linja.

Tukling med teljarar kan vi kople til eit nasjonalt perspektiv. I 1991 vart 31 tilsette i Seljord teleområde gripne av politiet, grunna mistanke om tukling med teljarane. Dei fleste innrømma dei faktisk forholde, og sa seg skuldige. Samstundes understreka dei at dei såg det som ein del

²⁴² Intervju med Kolbjørn Sylthe

²⁴³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²⁴⁴ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

²⁴⁵ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁴⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

av bedriftskulturen, at det var eit frynsegode.²⁴⁷ I Molde teleområde hadde mange montørar same synet på dette. «*Dette var heilt vanleg, og akseptert*».²⁴⁸

Historikar Lars Thue hevdar at dette ikkje handla om ein kultur som dominerte heile Televerket. Thue peikar på det standardiserte opplæringssystemet, samt sterke særsegne lokale kulturar som moglege forklaringar. Samstundes som han påpeikar at sentrale personar knytt til leiinga i Televerket i ettertid har omtala dette som ein bedriftskultur. «*I ettertid har Tormod Hermansen uttalt at det etter hans mening ikke er noen tvil om at tellerskritt-tyveriene var en del av bedriftskulturen*». Thue kallar det for «ein grå bedriftskultur».²⁴⁹ Med det kan vi knytte bedriftskulturen saman med eigarforholdet til montøren. Formelt slo Høgsteretten fast at tukling med teljarane ikkje var tjuveri, men at det var «ulovlig bruk av en løsøre gjenstand som tilhørte enn annen».²⁵⁰

For tilsette i Molde teleområde var dette som sagt noko fleire såg på som eit frynsegode. Dei brukte kunnskapen og tilgangen dei hadde som ein konsekvens av at dei arbeidde i Televerket. Likevel var det eit frynsegode der ein på den eine sida måtte vise måtehold, der ein måtte følgje med slik at noko trafikk på telefonlinja vart registrert. Såleis tydar det på at ein var klar over at det ikkje nødvendigvis var alle som meinte at dette var ei frynsegode. Korleis påverka tuklinga med teljarane, dei sosiale relasjonane mellom arbeidarane i Televerket?

Montørane visste kva teljar kollegaene hadde. Montør Tony Karlsen hugsar at mange tukla med teljaren sin.

*«Var du på ein sentral på Aukra eller Elnesvågen [trur det meinast som tilfeldige dømer på sentralar], så visste du no kven av sjefane og sa [desse] karane [kollegaer] som budde der då. Da gjekk du rundt og såg, og da såg du at det nesten var bestandig at c-tråden var lodda av».*²⁵¹

Det at ein var klar over kven sin teljarar det var, gjorde at enkelte nytta det til å terge sine kollegaer. «*Då han hadde løfta av, var vi bort å hengte på igjen*».²⁵² Dette syner ein intern humor, der enkelte syntes det var artig å kople enkelte på att, slik at dei fekk ei høgare rekning

²⁴⁷ Thue, 2005: 174-175

²⁴⁸ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁴⁹ Thue, 2005: 176-177

²⁵⁰ Thue, 2005: 177

²⁵¹ Intervju med Tony Karlsen

²⁵² Intervju med Rolf Erik Pedersen

enn forventa. På ei anna side syner det at det å tukle med teljaren og vart gjort av leiarane, og ikkje berre montørane. Såleis kan ein prate om ein relasjon som ikkje berre var mellom montørane, men og mellom montør og leiar.

Ein del av jobben til Tony Karlsen på Stasjonsavdelinga, var oppgåver som kunne vere knytt til desse teljarane. «*Kom inn på ein sentral var noko av det første vi gjorde var å gå på baksida å sjå*». ²⁵³ Det var på baksida av teljaren tuklinga hende. «*Vi lodda på igjen vi, det var ein del av jobben. Skulle ikkje vere slik*». ²⁵⁴ Utsegna tydar på at sjølv om mange gjorde dette for å tulle med andre, så var det likevel ei pålagt arbeidsoppgåve. Karlsen hugsa reaksjonane folk hadde då dei såg at teljaren deira fungerte igjen. «*Vart eit helvetes rabalder*». ²⁵⁵

Dette syner at det dei kunne bli problematisk mellom enkelte tilsette, der det at ein gjorde jobben, sin kunne skape konflikt. Kvifor enkelte reagerte så kraftig, kan det vere mange forklaringar på. For enkelte kunne det kanskje handle om det var deira teljar, og såleis deira sak. For andre kunne det handle om den enkelte si vurdering om dette var eit frynsegode eller ein ukultur.

«*Var ein formann som fekk gjennomgå. Han vart så sint, det lyna av han*». ²⁵⁶ Leiarane sine teljarar vart og kopla på igjen, dette seier noko om at ein ikkje tok omsyn til hierarkiet. Uavhengig om ein vart kopla på igjen som ein spøk, eller om det vart gjort som ei pålagt arbeidsoppgåve. Truleg kan det ligge noko i det å «sparke oppover» i hierarkiet. Der ein i kvardagen er vand med at den andre parten hadde makta, opplevde ein at med å kople på teljaren igjen, ei slags makt andre vegen.

Sjølv om ein ikkje kan seie noko om kor ofte, og kor mange som gjorde dette, var det truleg ikkje berre prat om ein og annan. «*Trur det var unntaket om nokon ikkje gjorde det*». ²⁵⁷ Uansett kor mange dei var, var det dei gjorde ikkje noko ein prata om. «*Det var ikkje mange som prata om det, ein berre gjorde det*». ²⁵⁸ Det kan tyde på at sjølv om mange såg på det som eit frynsegode, så var det likevel folk som såg det som ein stillteiande akseptert ukultur.

²⁵³ Intervju med Tony Karlsen

²⁵⁴ Intervju med Tony Karlsen

²⁵⁵ Intervju med Tony Karlsen

²⁵⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁵⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁵⁸ Intervju med Rolf Erik Pedersen

Sjølv om fleire såg det som eit frynsegode, var det framleis noko som ikkje var lov. «*Var ein som misbrukte det, han laga seg hussentral. Så la han opp linje til alle naboane sine, så dei kunne ringe gratis via hans tenestemannsabonnement utan teljar*». ²⁵⁹ I dette ekstreme dømet, gjekk vedkommande så langt, at vanlege folk var inkluderte. For naboane sine vart han truleg litt av ein kar, medan for fleira av kollegaene sine øydela han eit frynsegode. Det som for mange hadde vore eit felles frynsegode med kontinuitet, endra seg til å bli ein ukultur. Etter den hendinga vart det vanlegare med kontrollar av teljarane, og etter kvart så mange at ein ikkje lengre torde å tukle med teljaren. Montør Rolf Erik Pedersen hugsar at fleire vart tekne i slike kontrollar. Konsekvensen vart, «*peikefingeren, men så nestegong litt meir*». ²⁶⁰

Ein fekk og med tida digitale sentralar, noko som gjorde det mykje vanskelegare å tukle med teljarskritt. ²⁶¹ Såleis kan ein knyte teknologiske nyvinningar til makt og kontroll.

Ansiennitet

Då Telegrafverket vart til Televerket hadde ein dei same haldingane som tidlegare til ansiennitet. Hadde ein erfaring, hadde ein forrang. ²⁶² Likevel endra ansiennitet «verdi» utover Televerksperioden.

Med Televerket var etter kvart montørane dei dominerande i arbeidet, noko som skilde seg frå Telegrafverkstida, der ein i høgare grad hadde arbeidarar som var utan utdanning. Ein hadde hjelpearbeidarar i Televerket og, som kan samanliknast med telefonarbeidaren i Telegrafverket. Hjelpearbeidaren var lågare i hierarkiet enn montøren, spesielt grunna manglande montørkurs. Sjølv om desse ikkje hadde utdanning, gjaldt ansienniteten også for desse. Eit døme er frå ikkje så lenge etter at Rolf Erik Pedersen byrja i Televerket i 1978 som hjelpearbeidar. Her vart han ein del av eit prosjekt på Vågstranda der dei skulle henge opp ny kabel, og bytte alle fordelarskap. Han hadde då vore i Televerket i fire månader, medan dei to andre som var med hadde berre vore der i to veker. Her skulle Pedersen lære dei andre opp, då han hadde lengst ansiennitet. ²⁶³ Dømet syner tydeleg kva betydning ansiennitet kunne ha.

²⁵⁹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁶⁰ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁶¹ Thue, 2005:177

²⁶² Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁶³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

Ansiennitet var såleis ikkje berre viktig i å få høgare stillingar, men og viktig om personar på same stad i hierarkiet skulle ta avgjerder. Såleis kan ein her i samband med ansiennitet knyte det til ein kontinuitet, då ein både i Telegrafverket og i Televerket kan seie at erfaring gav status. Ein status som erfaren hadde meir betyding mellom dei som var på same plass i hierarkiet formelt.

Ein skilnad mellom arbeidarane i dei farande laga, og montøren i Televerket, var at montøren og kunne arbeide med feilretting. «*Feilrettarkurs, var seks veker det og*». ²⁶⁴ I Linjeavdelinga hadde ein ei eiga gruppe, nemleg Feilrettargruppa. ²⁶⁵ Det var desse som retta feil som oppstod. Sjølv om bae gruppene var montørar, var det ein skilnad i status. På ei side var det ein skilnad i utdanning, sjølv om det berre var seks veker. På ei anna side kledde dei seg ulikt, i hovudsak grunna arbeidet. Ein gjekk ikkje med kjeledress inne med folk. «*Vi såg det på kleda, nokre gjekk i dress og nokre gjekk i kjeldress*». ²⁶⁶ Som feilrettar var ein dessutan av dei første som fekk firehjulstrekkar og mobiltelefon då den kom. Desse er og dømer på at status og prestisje kan knytast til gjenstandar.

«*Feilrettar, var litt betre enn montør då. Det var mange som følte det slik i alle fall*». ²⁶⁷

Kvifor fleire av informantane meinte at det var eit skilje, er viktig å få fram. På ei side var det knytt til arbeidet. Som feilrettar arbeidde ein meir inne i heimen til folk, og mindre i grøftene. Her ser ein skilnad, då det å til dømes stå å grave med spade, var sett meir på som ein «dritjobb», enn å til dømes bytte ein defekt telefonkontakt. ²⁶⁸ Det å stå i kjeldress i grøftene som linjemontørane ofte måtte gjere, samanlikna med å gå med uniform, som dei framleis gjorde i byrjinga av Televerkstida, var og med på å seie noko om status dei imellom. Statusskilnaden var riktig nok ikkje like stor som mellom formann og montør, men likevel var feilrettarjobben noko montørane ville ha.

Med dei sterke tradisjonane ein hadde til ansiennitet skulle ein tru at ansiennitet var hovudkriteria om ein søkte på ei ledig stilling som feilrettar. «*Det gjekk ikkje så mykje på ansiennitet, men kva ein fekk til*». ²⁶⁹ Det betydde at det som tidlegare hadde vore sjølvsgat, at

²⁶⁴ Intervju med Steinar Berg

²⁶⁵ Sjå vedlegg II for Molde teleområde 1986

²⁶⁶ Intervju med anonym informant nummer 2

²⁶⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁶⁸ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

²⁶⁹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

stillingar vart i stor grad gjeve til dei som hadde ansienniteten på side, ikkje gjaldt i same grad om ein skulle bli feilrettar. «Skulle tenke litt logisk og sannsyn og finne feilane. Det å installere var berre å følge eit skjema, og gjere ein jobb frå A til B. Skulle ein feilsøke så måtte ein på ein måte skjønne logikken i nettet, og kva som skjer. Det var ein gjev jobb å få». ²⁷⁰ Utsegna syner at det som var viktig, var eigenskaper. Til dømes det å tenkje logisk, å nytte sannsyn, det å forstå nettet, dette var viktigare enn kor lenge ein hadde arbeidde der. Såleis betyr det at om ein vart vald som feilrettar, at ein då hadde høgare status enn ein linjemontør.

Dette fortel oss at ansiennitet og erfaring mista noko av sin «verdi». Dette kunne opne for at montørar som hadde mindre erfaring fekk stillinga grunna sine eigenskapar. Såleis kunne statusen no bli vekta annleis. Ein med mindre erfaring kunne få meir status enn ein med lengre erfaring. Samstundes var framleis ansiennitet viktig, spesielt i jobbar som til dømes formann, som igjen var over feilrettaren i hierarkiet. Dette betydde at utdanning, og andre faktorar som til dømes om montøren var egna, vart å bli viktigare, etter kvart som ein nærma seg privatiseringa.

Eigarforhold

Med eigarforhold hjå montøren meinast det eit tankesett som dei hadde. Det var ein mentalitet der dei kjende seg knytt til det dei arbeidde med. «Hadde eigarskapsforhold [eigarforhold] til nettet, det var nettet vårt». ²⁷¹ Denne eigarkjensla påverka montøren i kvardagen, då ein ikkje nødvendigvis måtte ha ein ordre for å gjere noko. ²⁷² «Vi tok jobben når ein såg den». ²⁷³ Per Inge Nerlandsrem nemner og denne kjensla.

«Slik som det var, så følte montørane meir ansvar, følte seg nesten som ein medeigar. Enten ein var på ferie eller på kveldstur og det låg ein kabel som var nedslite over vegen, så stoppa ein og drog den vekk. I dag gjer ikkje ein det utan arbeidsordre på det. Det var ikkje snakk om noko slikt før, ein gjorde slikt automatisk». ²⁷⁴

²⁷⁰ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁷¹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁷² Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁷³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁷⁴ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Denne tankegangen, var ein kollektiv tankegang, altså ein fellesskapstanke.²⁷⁵ Her handlar det ikkje direkte om ein statuskilnad den eine eller andre vegen, men om ein mentalitet dei tilsette i Telegraf og Televerket hadde. Det ein montør heldt på med, brydde han seg om.

*«Kanskje vi kom ein time seinare enn vi skulle, fordi vi måtte henge opp eit luftspenn som hadde falt ned, det var kjempebra sa sjefen då. Vi hadde ikkje gjort det om vi hadde fått kjeft for det».*²⁷⁶ Utsegna syner at også leiinga hadde dette tankesettet. Såleis kan vi seie at denne mentaliteten gjekk på tvers av hierarkiet.

Eit slikt eigarforhold kunne vidare ha fleire nyansar. *«Stakk opp og fiksa det, eller noterte det, slik at ein hugsa det til neste gong ein drog forbi».*²⁷⁷ Utsegne til montør Sonja Sporsheim tyder på at det å ta ansvar og var ein måte der montøren levde opp til dette eigarforholdet. Såleis trong ein ikkje å gjere jobben med ein gong om ein såg den, men at ein tok ansvar, og sørga for at det vart gjort innan rimeleg tid.

Dette eigarforholdet kunne og ha ei baksida, til dømes at enkelte brukte den for å legitimere at ein kunne utnytte arbeidsplassen. Dømer på dette var snausing eller tukling med teljarskritt.²⁷⁸

Ein anna montør fortalde om ein gong han var ute i distriktet og skøyte ein kabel. Staden der kabela skulle skøytast låg like ved vegen, slik at dei som køyrde forbi kunne sjå at nokon arbeidde. Medan montøren arbeidde, vart han merksam på ein bil som køyrde sakte forbi, snudde og køyrde sakte forbi igjen. Dette skjedde eit par gonger før bilen stoppa, og ein eldre mann kom ut. Han lurte på kva montøren heldt på med. Montøren sa at han skøyte kabel. Den eldre mannen sa då: *«Ja det er min kabel du skøyter på».* Det viste seg då å vere ein pensjonert montør som hadde stoppa. Denne historia tyder ikkje berre på eit eigarforhold til arbeidet medan ein sjølv var aktiv i bransjen, men eit eigarforhold som vara livet ut.²⁷⁹

Kjønnsroller

Ein stor skilnad for arbeidaren i Telegrafverket og montøren i Televerket var at det etter kvart kom kvinnelege montørar. Sonja Sporsheim vart tilsett i samband med den første utlysinga av

²⁷⁵ Mange informantar fortel om eit eigarforhold til telenettet

²⁷⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁷⁷ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁷⁸ Sjå kapittel 5, «snausing»

²⁷⁹ Intervju med anonym informant nummer 2

kvinnelege montørar som ikkje allereie var i Televerket. «*Eg var blant dei fire første som kom frå gata og inn*». ²⁸⁰ Ho hadde sine første år i Oslo, før ho kom til Molde teleområde i 1982.

Det å arbeide i eit så mannsdominert miljø, kunne vere ei utfordring. Som kvinne burde ein såleis vere litt tjukkhuda, og ikkje så høgtideleg. For Sonja Sporsheim var det viktig korleis ho var som person, for å takle den kvardagen. «*Eg var ikkje den som satt meg ned og grein*». ²⁸¹ Sporsheim meinte at det var ikkje noko vits, arbeidet kunne vere tungt for andre og. Historikaren Finn Jahren skriv om denne kulturen i bokserien «*Glimt fra telekulturen*». Her meinta ein av informantane han nytta, at det handla om ein kultur der «*de[mennene] skulle overgå hverandre i å være tøffe[med kvinnene]*». ²⁸²

På ei anna side kunne det truleg vere sett som ei utfordring for enkelte menn at montøryrket opna seg for kvinner. Kolbjørn Sylthe som var leiar kunne fortelje at i byrjinga var dei fleire som ikkje likte utviklinga. «*Det var ikkje misnøye, men folk som vegra seg for å ha dei på lag*». ²⁸³ Det at omgrepet «vegring» vert nemnt, tydar på at det var nokre som var misnøgd. Kritikken mot dei kvinnelege telemontørane var knytt til det fysiske, at det vart for tungt. Sylthe meinte at det ikkje vart noko poeng å sette dei saman med kven som helst, då nokon av montørane (mannlege) rett og slett ikkje hadde tru på at det ville gå bra. «*Dei hadde ikkje tru på dei*». ²⁸⁴

I byrjinga måtte han legge ein slags «kabal» for å få det til å gå opp, anten i tremannslag, eller å kople dei saman med montørar som hadde ei anna haldning. Det at ein leiar måtte ta omsyn til enkelte, då dei ikkje emna å arbeide saman med kvinner, seier at det var ei generelt noko nedlatande haldning om kvinner som montørar den gongen.

Den manglane fysikken til kvinner, var eit argument som etter kvart forsvann då entreprenørane tok over det tyngste arbeidet. Terje Navestad som var formann på montørbasen på Aukra, hadde ein periode to kvinnelege montørar under seg. «*Dei var både dyktig og arbeidsame*». ²⁸⁵ Han syntes det var veldig positiv at dei kom, «*då vi fekk inn*

²⁸⁰ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁸¹ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁸² Jahren, 1995: 23

²⁸³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²⁸⁴ Intervju med Kolbjørn Sylthe

²⁸⁵ Intervju med Terje Navestad

*damene, fikk vi og aksept for meir hjelpemiddel for å lette arbeidet».*²⁸⁶ Det at ein fekk meir hjelpemiddel som eit resultat av at kvinner byrja som montørar, seier noko om haldningane som rådde. Truleg kan ein sjå det i samband med kritikken knytt til det fysiske.

Sjølv om fleire var kritiske til kvinnene, var det ikkje alle som var det. *«Uansett kven du er, må du gjere jobben som er forventet, utifrå jobben du har. Kven som gjer det er ikkje så nøye».*²⁸⁷ For dei fleste var det ein kollega, på lik linje som andre *«Likt for meg, det var ein arbeidskollega».*²⁸⁸ Eit døme var då Sonja Sporsheim måtte klatre i stolpe sjølv om ho var gravid i sjette månad. Lærlingen torde nemlig ikkje, *«Eg fekk no på meg belte endå».*²⁸⁹ Dette fortel om eit arbeidsmiljø der enkelte såg ned på kvinner som montørar, men at dei fleste såg på dei som likeverdige kollegaer.

Ein anna del av kvardagen var det vi kan kalle «garderobekultur», altså ein kultur der menn ofte har samtalar med både grovt språk og innhald. Korleis vart kulturen påverka av at det kom kvinnelege montørar, og vart kvinnene påverka av denne kulturen?

*«Det var aldri at vi prata om noko som var støytande berre fordi dei var damer, og slik ting».*²⁹⁰ Denne utsegna syner at dei mannlege montørane ikkje gjekk til åtak på kvinnene dei arbeidde med, at dei med vilje skulle vere ekle. *«I matpausane kunne det bli litt skitprat».*²⁹¹ Praten kunne likevel ha eit grovt innhald, men det hadde ikkje noko med dei kvinnelege montørane å gjere. *«Vi ensa ikkje at dei var der».*²⁹² Sjølv om samtalen kunne vere av det grove slaget trong ikkje det å bety at kvinnene vart ekskluderte frå samtalen. *«Enkelte av dei var no med på spøken».*²⁹³ Sonja Sporsheim hugsar korleis praten kunne vere. *«Det kom vekk fort, var veldig mykje skitprat i byrjinga, der nokre var verre enn andre».*²⁹⁴ Utsegna fortel at kulturen endra seg over tid, og at kulturen var truleg meir knytt til enkeltpersonar, enn montørmiljøet generelt.

²⁸⁶ Intervju med Terje Navestad

²⁸⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁸⁸ Intervju med anonym informant nummer 1

²⁸⁹ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁹⁰ Intervju med anonym informant nummer 2

²⁹¹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁹² Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁹³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

²⁹⁴ Intervju med Sonja Sporsheim

Som montører kunne ein komme ut for at det var opphengde bilete av lettkledde damer, til dømes i arbeidsbrakker. Dette kunne det og vere eksemplar på inne hjå kundar, noko som vart særst ubehageleg for dei når ein kvinneleg montør dukka opp. «*Der hengde det ei utfordrande dame, han vart litt flat i maska og litt flau*». ²⁹⁵ Ein gong opplevde ho og at ein lærling valde å henge opp bilete av leddkledde menn, slik at ho og skulle ha bilete å sjå på. Det enda i at alle bileta av lettkledde vart fjerna. ²⁹⁶ Denne kulturen endra seg då ein fekk eit blanda miljø, noko mange av mine informantar nemner som ein bra ting. Då både mannlege og kvinnelege montører prata saman i arbeidskvardagen, utvikla det seg ein aksept for kva som var innafor å seie. «*Fekk tilbakemelding på at det var i grunn veldig greitt med eit blanda miljø, for då kom det vekk det grispratet som det var mykje*». ²⁹⁷

Sosiale relasjonar mellom montør og leiing

I dette delkapittelet skal vi fokusere på relasjonen mellom leiing og montør. For å lyse opp dette skal vi sjå på relasjonane på to måtar. I den første delen skal vi fokusere på lokaladministreringa (teleområdet), og korleis dei forskjellige leiarstillingane var knytt til montørane. I den andre delen skal vi sjå på effektiviseringsprosessen som var ein viktig del, spesielt på slutten av Televerksperioden. Her vil eg sjå på ulike sider ved effektiviseringa, og sjå korleis det påverka relasjonane mellom dei tilsette. Korleis påverka effektiviseringa arbeidet? Kva konsekvensar fekk effektiviseringa for montørane? Korleis fekk effektiviseringa konsekvensar for fasilitetane? Kva konsekvensar fekk effektiviseringa for leiinga?

Den øvste lokale leiinga

Den øvste leiaren i Molde Teleområde var telesjefen. Han var leiaren for seks forskjellige avdelingar, inkludert Stasjonsavdelinga og Linjeavdelinga som var avdelingane montørane var i. ²⁹⁸ I Molde teleområde var det basar og stasjonar i Molde, Eidsvåg, Aukra, Vestnes, Åndalsnes, Elnesvågen og i Eide. Det var her montørane mønstra. Ein montørbase vart leia av ein formann, medan ein montørstasjon vart leia av ein kontrollør (avdelingsleiar). Formannen

²⁹⁵ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁹⁶ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁹⁷ Intervju med Sonja Sporsheim

²⁹⁸ Det var og to montører i Økonomiavdelinga som sørga for bestilling av varer, inn og utkjøring av materiell, etterfylling av småmateriell til plukkklager, sending av varer og materiell til stasjonar og basar i teleområdet.

som leia basen låg under avdelingsleiaren i hierarkiet.²⁹⁹ I mi undersøking vil eg ha fokus på dei lågare leiarposisjonane då desse hadde meir kontakt med montøren i kvardagen. Desse var kontrolløren og ordrefordelaren. Dei hadde og mykje kontakt med formannen, men den stillinga var mykje den same som den var i Telegrafverket i dei farande lag. Såleis er formannen si rolle i denne nye fasen nokså lik det eg har omtala før.

Telekontrolløren

Anleggsgruppa var delt inn i fire kontrollørgrupper, knytt til kvar sine geografisk område.³⁰⁰ Kvar av desse gruppene var leia av ein telekontrollør. Stillinga vart og kalla avdelingsleiar eller ein kontrollør. Desse anleggsgruppene arbeidde med å bygge ut nytt kabelnett, forsterke beståande kabelnett med nye, og eventuelt større kablar.

Denne stillinga var ikkje berre knytt til ansiennitet, men og til utdanning. Per Inge Nerlandsrem som var kontrollør i Elnesvågen og Eide, nemnte at han gjekk på kurs om kveldane ein periode for å kvalifisere til stillinga.³⁰¹ *«Trur kanskje det at om ein kom på avdelingsleiarnivå så var det ikkje berre ansiennitet».*³⁰² Utsegna til montør Rolf Erik Pedersen underbyggjer at det ikkje berre var ansienniteten som avgjorde.

Olav Sandberg fekk jobben som kontrollør etter at han hadde arbeid ti år som ordrefordelar. *«Eg styrte større anlegg».*³⁰³ Utsegna seier kva kontrolløren hadde som arbeidsoppgåve. Kontrolløren skulle ikkje berre sjå etter at arbeidet var gjort riktig, men at han skulle og styre arbeidarane. Her kunne han nytte formannen, såleis var kontrollørstillinga på mange måtar lik arbeidsbestyrarstillinga i dei farande laga.

*«Vi hadde kontroll på det som skjedde ute».*³⁰⁴ Kontrolløren stod ikkje over montørane og såg at dei utførte arbeidet. Han delegerte arbeidet til montørane, og kontrollerte det i ettertid. Her handla det om å sørge for at arbeidet vart gjort, og halde oversikta og sørge for at arbeidet var under kontroll. Dette tyda på at det var ein relasjon mellom montørane og kontrolløren basert på ei grad av tillit.

²⁹⁹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁰⁰ Sjå vedlegg II for Molde Teleområde 1986

³⁰¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁰² Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁰³ Intervju med Olav Sandberg

³⁰⁴ Intervju med Olav Sandberg

Montør Tony Karlsen hugsar kontrollørane, «[dei]var no ute og sjekka. Såg i skap og fordelarar. Visst det var jordkabelanlegg var dei ute og sjekka og såg i grøfta og forskjellig». ³⁰⁵ Likevel meinte han at montørane ikkje nødvendigvis gjekk på tå hev, i tilfelle kontrolløren skulle komme. «Trur ikkje montørane gjekk og tenkte på at kontrolløren skulle kome». ³⁰⁶ Dette fortel oss at relasjonen mellom montør og kontrollør, ikkje nødvendigvis var av det autoritære slaget.

Enkelte montørar sat som nemnt av og til på kafé.

«Hugsa at vi sat på Gimle, og da ser vi den Fiaten, den raude Ritmoen til kontrolløren kjem kjørande, og parkerar på busshaldeplassen, på veg inn til Gimle[namn på kafé]. Då vart det panikk, og sprang ut bakvegen, og heiv oss i bilane og køyrde. Så då han kom var det ingen der». ³⁰⁷

Utsegna fortel oss at sjølv om kontrollørane ikkje var av det autoritære slaget, hadde ei likevel respekt. Difor følgde dei med, då dei sat på kafé.

Ordrefordelaren

Under kontrolløren hadde ein ordrefordelaren, som koordinerte ordrefordelinga. ³⁰⁸ I Molde teleområde hadde ein to ordrefordelarar, ein i samband med feilretting, og ein i samband med utbygging og installasjonar. Ordrefordelaren for feilrettargruppa hadde og i oppgåve å måle på linjene som det var meldt feil på. ³⁰⁹ Ei slik måling kunne ofte seie både kvar feilen låg og kva feilen var. Dette samarbeidet gjorde det at montøren spara mykje tid. Ordrefordelaren kviterte ut ordren i systemet, etter at timar brukt på retting og feilårsak var ført opp av montøren. Dette gjorde at montøren ikkje hadde noko papirarbeid, då ordrefordelaren tok seg av det.

Då Olav Sandberg var ordrefordelar, hadde han med installasjonar og mindre utbyggingar å gjere. Han reise og ut til montørbasane og montørstasjonane, då han var ordrefordelar for heile teleområdet. «Kvart kvartal reiste [eg]rundt, Vestnes, Åndalsnes, Eidsvåg, Elnesvågen,

³⁰⁵ Intervju med Tony Karlsen

³⁰⁶ Intervju med Tony Karlsen

³⁰⁷ Intervju med anonym informant nummer 1

³⁰⁸ Orrem, 1986: 26

³⁰⁹ Intervju med anonym informant nummer 1

Eide, Aukra. Det var montørstasjonar. Gjekk gjennom alle ordrar, for å sjå kor dei stod, og at ikkje noko forsvann». Oppgåva var her å sjekke at jobbane ikkje vart gløymde, og dessutan å gjere papirarbeidet.

Det at han reiste rundt, gjorde at han fekk kontakt med montørane i heile teleområdet. Sjølv om han hadde heile teleområdet som sitt ansvarsområde, fekk han litt hjelp. Til dømes styra dei på stasjonen på Åndalsnes mykje seg sjølv. Det seier noko om at relasjonen mellom ordrefordelar og montørar var prega av geografi. For dei som var lengre vekk, som til dømes montørane i Åndalsnes, var ordrefordelaren noko fjernare. Etter at ein byrja å sende ut ordrane med fax, vart relasjonen endå fjernare. «*Faxen, var eit fantastisk hjelpemiddel*». ³¹⁰ Likevel kom det montørar innom ordrefordelaren for å hente ordrar, om dei til dømes hadde gjort sine oppgåver for dagen, og hadde tid til fleire. Det seier noko om at teknologiske framsteg etter kvart vart ein viktigare faktor i relasjonen mellom montør og ordrefordelaren.

Montørane fekk ordrane då dei kom på jobb på morgonen. «*Desse jobbane skulle vi gjere i løpet av dagen*». ³¹¹ Ordrefordelaren hadde kjennskap til montørane sine ferdigheiter, noko som gav eit grunnlag for kven ordrefordelaren valde til dei ulike oppgåvene. «*Dette her, det likar han, og det får han til*». ³¹² Det kunne handle om kva montøren likte å gjere, med det viktigaste var truleg kva han var god i. «*Nokre var flinke i stolpen og nokre var flinke med sambandskabel*». ³¹³ Andre kunne vere gode å prate, og kunne då bli vald til ei oppgåve hjå ein kunde ein visste var vanskeleg. Det kunne og vere slik at enkelte vart vald ut, om jobben var spesielt viktig. ³¹⁴ Det fortel oss at ordrefordelaren ikkje berre delte ut arbeidsoppgåvene tilfeldig til montørane. Det var ein fordel om montøren likte den typen arbeid han fekk delegert, men det viktigaste var nok at montøren som vart vald til oppgåva, var god til den typen arbeid. Det fortel det at tiltrua ordrefordelaren hadde til dei forskjellige montørane var ulik.

Sjølv om arbeidet vart delegert etter kva montør det var, prøvde leiarane samstundes å vere rettferdig. «*Det vart fordelt, slik at ikkje nokon berre skulle gå å gjere dritjobbar, og nokre finjobbar. Då hadde det vorte gnissingar. Det må vere rettferdig, då får ein med seg dei*

³¹⁰ Intervju med Olav Sandberg

³¹¹ Intervju med anonym informant nummer 1

³¹² Intervju med Olav Sandberg

³¹³ Intervju med Olav Sandberg

³¹⁴ Intervju med Olav Sandberg

fleste». ³¹⁵ Utsegna fortel oss at det å vere ein rettferdig leiar var viktig for at montørane skulle vere nøgde. Ein kunne ikkje berre sette same montøren til typiske dritjobbar heile tida. Eit døme på ein typisk dritjobb kunne vere å grave jordkabel med spade, medan å installere telefon var på si side meir ein finjobb.

«*Blir ikkje god før alle kan alt*». ³¹⁶ Ein fordel ein fekk, om ein gav montørane variert arbeid, var at dei var innom mange forskjellige arbeidsoppgåver. Det å arbeide mangfaldig, gjorde at montøren fekk breiare arbeidserfaring. Denne breidda i kompetansen gjorde at montørane kunne settast til det meste av oppgåver. At montørane hadde brei kompetanse, hindra ikkje spisskompetanse.

Variert arbeidsfordeling, kan og knytast til å halde erverva kompetanse ved like. Sjølv om ein på montørkurset hadde vore innom noko, måtte ein arbeide med det jamleg for å halde kompetansen ved like. Såleis kunne ein ordrefordelar som hadde eit fokus på å vere rettferdig, også ha påverknad på montørane si kompetanse.

Sjølv om ordrefordelaren påverka mykje av arbeidsdagen til montørane, kunne og ordrefordelaren lene seg på montøren si kompetanse. Ordrefordelar Olav Sandberg kunne oppleve at jobben vart vanskeleg til tider. «*Det var ein, eg følte han var mi høgre hand*». ³¹⁷ Sandberg snakka med denne karen om han var usikker på noko, og fekk ofte gode råd. Han kunne og ta på seg desse jobbane Sandberg var usikker på. Denne mannen var ein montør, noko som seier noko om relasjonen mellom ordrefordelar og montør.

Sjølv om Sandberg hadde montørkurs frå tidlegare, og såleis hadde kunnskapar om arbeidet, hadde han ikkje den same praktiske erfaringa i arbeidet. Erfarne montørar hadde kanskje lærd seg nye metodar, eller måtar og triks for å løyse arbeidsoppgåvene. Som ordrefordelar fekk ein ikkje den same praktiske erfaringa til montørarbeidet, noko som gjorde at enkelte ting kunne vere litt meir innvikla for ordrefordelaren enn det var for montøren. Det var no montøren som satt med den praktiske kunnskapen. ³¹⁸ Dette kunne ordrefordelaren utnytte,

³¹⁵ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³¹⁶ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³¹⁷ Intervju med Olav Sandberg

³¹⁸ Intervju med Olav Sandberg

ved å spørje erfarne og kompetente montørar. Sjølv om mine kjelder ikkje kan seie noko sikkert, kan det tenkast at det kunne vere litt stas å bli spurd av ordrefordelaren om hjelp.

Effektiviseringsprosessen

Med effektiviseringsprosessen i Televerket, meiner vi ein prosess som hende i tida fram mot privatiseringa. Den var eit resultat av at ein skulle ha ei marknadsforankra bedrift innanfor forvaltingsmodellen. I 1990 føreslo Televerkets styre at ein skulle bli organisert som eit aksjeselskap. Då forslaget ikkje førte fram, arbeidde styret med eit forslag der ein skulle få ei mest mogleg marknadsforankra bedrift innanfor forvaltingsmodellen. Det vil seie at det vart eit større fokus på kostnader. Her handla det om eit meir økonomisk fokus i måten ein løyste arbeidsoppgåvene, og med tanke på kva fasilitetar ein skulle ha. I forslaget (som vart vedteke) vart det og fastsett at Televerket hadde for mange tilsette. Det vart sett eit mål med å redusere talet på tilsette frå 14800, til 10700 innan 1995.³¹⁹ I dei neste avsnitta vil eg sjå på korleis desse prosessane var med å påverke relasjonane mellom montørar og leiarar.

Effektiviseringa av ordregangen

I tida der Televerket nærma seg privatiseringa, skulle arbeidet effektiviserast. Dette kunne ein gjere med å endre på korleis ordregangen fungerte. Ein ordre var på mange måtar ein prosess, då den skulle innom mange ledd frå bestillinga var gjort, til arbeidet vart levert.

Olav Sandberg som var ordrefordelar på dette tidspunktet, hugsar at telesjefen ville at Sandberg skulle vere med å sjå på korleis ein ordre kunne gjennomførast kjappare.

*«Eg teikna opp ein runding der og ein her. Ein stod for når kunden kom til oss, og så var det fleire firkantar før det var ein ny runding for når det var levert. Så gjaldt det å sjå på firkantane og kutte[dei] ut, slik at det gikk fort gjennom oss, frå kunden kom og til han fikk det levert».*³²⁰

Formannen Terje Navestad på basen på Aukra vart og spurd av telesjefen. «*Kan du ta deg ein tur innom kontoret, eg vil diskutere dette med ordreflyten. Treng vi alt som skal på ein ordre før den vert sendt ut?*». ³²¹ Desse utsegnene seier at effektiviseringa av ordrane var noko ein

³¹⁹ For meir informasjon, sjå kapittel 3, «Slutten på Televerket»

³²⁰ Intervju med Olav Sandberg

³²¹ Intervju med Terje Navestad

arbeidde saman om i fleire ledd. Frå telesjefen, og heilt ned til formann-nivå. Ein såg på kvart eit ledd som ein ordre skulle innom, for å sjå om desse ledda var nødvendige. Med å kutte ordregangen mest mogleg fekk ein vekk mykje av det uteståande arbeidet. Då Sandberg var med på å byrje denne prosessen var det eitt og halvt års ventetid på å få telefon. Men etter 14–15 månader, var køa nede i 14 dagar.³²² Sjølv om effektiviseringa av ordregangen på mange måtar var ei endring som skjedde i eit ledd før montøren kom inn i bildet, vart montøren likevel råka. At ein effektiviserte tidlege ledd i ordregangen gjorde no at ein ordre kom kjappare til montøren.

Ein forbetra kommunikasjon mellom ordrefordelar og montør var og eit tiltak for å gjere ordregangen kjappare. Eit døme har vi allereie vore innom, med at ordrane etter kvart vart sendt ut med fax. Før faxmaskina kom, måtte ordrane hentast på kontoret, også dei ordrane som skulle til basane og stasjonane. Med at ein installerte faxmaskiner på basane og stasjonane i teleområdet, kom ordrane raskare ut dit dei skulle. Såleis vart det å personlig møte opp å hente ordrar unødvendig heretter. For montøren betydde det at relasjonen endra seg frå samtalar og fysiske møter, til meir ein relasjon via faxmaskina. Dette var truleg eit tidleg ledd i prosessen fram mot i dag, der ein montør i dag har pc, og ofte smarttelefon for å kommunisere, både internt og eksternt.

Ein anna måte å betre kommunikasjonen på, var at ein tok i bruk nyvinninga mobiltelefonen. Det hadde byrja å kome mobiltelefonar i bilane, denne typen kommunikasjon var einvegs kommunikasjon (slik som walkie talkie). «*Monterte opp ein[gammal type mobiltelefon] på kontoret hjå meg, med kabel opp på taket, [til] ei stor antenne. Og så hadde montørane [lang pause]. Dei brukte desse [gammal type mobiltelefon] i bilane, hadde med seg i veska si inne hjå kunden*». ³²³ Utsegna syner ein forbetra kommunikasjon, der ordrefordelar Olav Sandberg kunne då styre montørane ute i felten. Visst det var noko han lurte på, kunne han enkelt spørje og få svar innan rimeleg tid. «*Veldig god kvalitet, nådde dei nærmast overalt*». ³²⁴ Det at ein no fekk etablert ein direkte kommunikasjon ut til montørane i felten gav såleis store fordelar. Ordrefordelaren kunne no detaljstyre montørane.

³²² Intervju med Olav Sandberg

³²³ Intervju med Olav Sandberg

³²⁴ Intervju med Olav Sandberg

Med å nytte mobiltelefon teknologi trong montørane og ordrefordelaren sjeldnare å treffe kvarandre. Såleis var det med på andre ein fysisk relasjon, til å bli ein relasjon basert meir og meir på teknologi. Samstundes kan og det å detaljstyre ofte ha ei baksida. Med detaljstyring vil det seie at leiaren overvaka og kontrollerte arbeidarane ned på eit detaljnivå. Såleis kan montørane og ha opplevd misnøye. «*Blir litt slik ovanifrå og ned*». ³²⁵

Entreprenørar tok over delar av arbeidet

Eit anna tiltak i effektiviseringsprosessen var å sjå på kva arbeid montøren gjorde, og vurdere om det lønte seg økonomisk. Kunne ein få inn andre til å gjere arbeidet rimelegare? I dei neste avsnitta skal vi ta for oss entreprenøren. Her skal vi sjå på kva det hadde å seie for relasjonen mellom montør og leiing, at entreprenørane tok over delar av arbeidet.

«*Det var ei turbulent tid*». ³²⁶ Utsegna fortel korleis Montør Rolf Erik Pedersen oppfatta denne perioden i Televerket, der ein skulle rasjonalisere arbeidet med å sleppe entreprenørane til. Pedersen hugsar dei var 10 montørar med formann på Åndalsnes. «*Men då gjorde vi mykje sjølv, vi grov, vi sette opp stolpar, gjorde stort sett alt utan å grave med gravemaskin*». ³²⁷ Utsegna seier oss noko om allsidigheita og den breie kompetansen til montøren. Samstundes fortel det og at dei var godt bemanna, det med tanke på at Åndalsnes ikkje er noko stor stad.

Entreprenørar skulle no ta over mykje av arbeidet, sjølv om Televerket hadde mannskap og kompetanse til arbeidet.

«*Vi fekk no dagane til å gå, men det var nok meir effektivt utan oss på alt ta der [forskjellige arbeidsoppgåvene]*». ³²⁸ Utsegna fortel noko om at montørane sjølv forstod at det var rimelegare for Televerket, at entreprenørane tok over delar av arbeidet. Samstundes kan det vere mogleg at informanten, etter snart 25 år i privat sektor har fått nye tenkemåtar kring økonomi og effektivitet. Såleis kan minnet ha vorte omtolka i lys av nye tenkemåtar som vart vanlegare etter privatiseringa.

³²⁵ Intervju med Sonja Sporsheim

³²⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³²⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³²⁸ Intervju med Rolf Erik Pedersen

Kolbjørn Sylthe som var ein av leiarane, hugsar at det vart misnøye mellom montørane. *«Mykje misnøye med at vi starta å leie inn folk, det var noko nytt. Det var det same som at vi var for lite folk meinte dei, og det var for så vidt det».*³²⁹ Utsegna fortel om montørane si haldning kring at ein leide inn folk. Arbeidet vart no i større grad sett på anbod, der billigaste entreprenør fekk tilslaget. *«Greitt at vi er eit rikt land, men om ikkje vi har råd til å bruke oss sjølv, kva er vitsen?»*³³⁰ Utsegna til Lars Magne Aure syner korleis montørane kunne ha tenkt kring dette. Her handlar det om korleis noko opplevd, vart forma av eit miljø, kunne bli ein «felles» tanke.

*«Når ein er fast tilsett kan ein ikkje gå å leie inn folk og permittere andre».*³³¹ Steinar Berg sitt utsegn, fortel og om ei misnøye montørane hadde mot leiinga, der ein på ei side skulle rasjonalisere med å nytte entreprenørar, men på ei anna side var det med på å gjere sine egne tilsette arbeidslause.

Montør Steinar Berg hugsar eit tilfelle der det var ein jobb som leiinga hadde bestemt at skulle på anbod. Det var ei gammal sambandslinje som skulle rivast, og ein entreprenør fekk tilslaget. Samstundes var det lite arbeid for montørane, og det var prat om å permittere. *«Da gjekk eg til sjefen og sa det var uaktuelt. Han sa da taper vi pengar, så eg spurde kva får dei for jobben. Dei fekk 250 kr per spenn dei tok ned, la i ein helgar og køyrde til Tofte (bromhandlaren) . Gje meg jobben sa eg».*³³² Etter jobben rekna Berg på kva utgifter prosjektet hadde, han kom fram til 225 kr per spenn. *«Kan ikkje leie inn entreprenørar og permittere faste tilsette».*³³³ Dette dømet fortel om leiinga si halding til det å nytte entreprenørar, sjølv om det kunne ga utover egne tilsette. Dømet underbygger at ein i denne perioden i Televerket hadde eit større fokus på økonomi enn kva det hadde vore tidlegare.

*«Han[leiarer] var tidleg nøye med ta med økonomi, og skjønnte det at det var om å gjere å levere. Det trur eg ikkje alle sjefar [i Televerket] gjorde».*³³⁴ Utsegne seier oss at det var skilnader i kva grad leiarane tok omsyn til økonomi. Det fortel og noko om ei endring, som samanlikna med andre teleområde, truleg kom tidleg til Molde. Der ein som statleg

³²⁹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³³⁰ Intervju med Lars Magne Aure

³³¹ Intervju med Steinar Berg

³³² Intervju med Steinar Berg

³³³ Intervju med Steinar Berg

³³⁴ Intervju med Lars Magne Aure

forvaltingsbedrift hadde eit budsjett ein skulle bruke opp, endra tankegangen meir og meir, til at ein byrja å tenkje økonomi og inntening i større grad. Å la entreprenørar ta over delar av arbeidet til montørane var ein del av det.

Kolbjørn Sylthe var ein av leiarane som var innblanda i prosessen med å legge arbeid på anbod. «Eg såg det at montøryrket endra seg til å bli noko meir teknisk, enn å stå i grøfta med grafsa». ³³⁵ Utsegna fortel at på ei side at enkelte meinte montøryrket var i endring. På ei anna side kan utsegna tolkast dit at leiinga ikkje berre tok inn entreprenørar til arbeidet grunna økonomi, men og med omsyn til at ein trong montørane andre stader. At montøryrket vart noko anna enn det tradisjonelle linje og grøftearbeidet, må sjåast i samanheng med teknologiske framsteg, der teknologiar som til dømes internett etter kvart vart «allemannseige».

«Var nokre flinke folk på Eide som dreiv med linjearbeid for andre firma, når dei kom inn vart det eit helvete, då desse ville dei[montørane] ikkje ha inn». ³³⁶ Dette seier noko om korleis relasjonen mellom montørar og leiarar utvikla seg i ei negativ retning. For å prøve å gjere noko med det oppretta Kolbjørn Sylthe eit arbeidslag, der dei som ville kunne vere med. Dette arbeidslaget skulle arbeidde saman med entreprenørane. Desse gjekk framfor og gjorde grovarbeidet. Men då montørane kom på arbeidsstaden, og alt var ferdig oppstrekt og kabelendane hengde ned i fordelarane, slik at det var berre å kople. Då vart det godkjent. ³³⁷ Dette fortel om at ein frå leiinga gav ei utstrekt hand til montørane. Denne utstrekta handa gav og den effekta at montørane fekk kjenne på det å sleppe det tunge arbeidet. Såleis kan ein seie at sjølv om det var stor motstand frå mange montørar at ein hyra inn entreprenørar, så vart det etter kvart godteke, då dei fekk kjenne på det at dei slapp mykje av det tyngre arbeidet.

Oppseiing av montørar

Som tidlegare nemnt skulle ein på eit nasjonalt nivå kutte talet på tilsette frå 14800 til 10700 innan 1995. Det at entreprenørane tok over mykje av det tyngste arbeidet, gjorde ikkje berre at arbeidet vart løyst rimelegare, men det bidrog til at talet på montørar etter kvart kunne reduserast. Ein måte dei løyste dette på var å tilby dei som nærma seg pensjonsalder å

³³⁵ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³³⁶ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³³⁷ Intervju med Kolbjørn Sylthe

førtidspensjonere seg, medan dei yngre fekk moglegheita til å studere.³³⁸ Dette var samstundes ikkje nok, og tilsette i heile Televerket skulle seiast opp.

Korleis ein gjekk fram for å velje ut kven som skulle få halde fram, er alt for omfattande å gå inn på. Det fordi det omfatta ikkje berre montørane, men alle dei tilsette i Televerket. Difor skal eg i denne undersøkinga berre kort forklare dette.³³⁹

Alle stillingane i Televerket vart gjennomgått i detalj, og delt inn i to kategoriar.

«Innplasseringsstillingar» og «nye stillingar». Innplasseringsstillingar, var stillingar som var «tilnærma uendra» i overgang frå gammal til ny organisasjon.³⁴⁰ På den måten skulle det vere mogleg for tilsette å finne igjen ein vesentleg del av sine arbeidsoppgåver i desse stillingane. Dette opna for problem. For de første var det ikkje sikkert ein fann igjen si eiga stilling i innplasseringsstillingane. Ein grunn var at kompetansekrav og arbeidsoppgåvene kunne vere justerte. Ein anna grunn kunne vere at leiaren ikkje var einig med den tilsette om dei fann igjen ein vesentleg del av arbeidsoppgåvene i den aktuelle stillinga. I dei tilfella at det var meir enn ein søkar på ei stilling, skulle fleire utveljingskriteria nyttast. Dømer på det var utdanning, i kva grad ein var egna og tidlegare praksis.³⁴¹ Dei som ikkje fekk arbeid skulle overførast til Televerkets nye muligheter.³⁴²

Sosiolog Sidsel K. Solbrække poengterar at denne prosessen i ettertid ser ut til å ikkje ha fungert etter intensjonen. Det var dømer på at det stillinga skulle innehalde, vart påverka av leiarar, slik at dei skulle få høve til å gje eller hindre ein person arbeid. Såleis er det ikkje usannsynleg at enkelte leiarar utnytta moglegheita til å sørge for at tilsette dei såg på som mindre egna, vart overført til Televerkets nye muligheter.³⁴³ Dette fortel oss at det kunne variere kva kriteriar som vart nytta i samband med kven som skulle få forsette i dei forskjellige teleområda.

Montør Rolf Erik Pedersen hugsar korleis ein valde ut kven som skulle halde fram. «*Då kom ikkje ansienniteten til bruks lengre. Då kom det, det som tok meir enn seks månader å tileigne*

³³⁸ Fleire av mine informantar nemner dette

³³⁹ For meir informasjon, les Solbrække, 2011

³⁴⁰ Solbrække, 2011: 215

³⁴¹ Solbrække, 2011: 217-218

³⁴² Solbrække, 2011: 219. Sjå kapittel 3 «Slutten på Televerket», for Televerkets nye muligheter

³⁴³ Solbrække, 2011: 219-220

seg av ny kompetanse. *Då fall ansienniteten vekk*».³⁴⁴ Utsegna fortel oss at for å velje ut kven som skulle halde fram i arbeidet, såg leiinga mykje på kompetansen til den einskilde. Det var ein stor skilnad frå korleis det hadde vore tidlegare, der ansienniteten hadde vore så tungt vekta i tilsettingsprosessane. Såleis kan ein seie at då ein gjekk frå tidlegare praksis, så fekk ein med seg meir kompetanse vidare.

«*Desse eldste karane orka ikkje reise på kurs*».³⁴⁵ Utsegna seier oss at dei eldre tilsette i mindre grad reiste på kurs og såleis erverva seg ny kompetanse. Rolf Erik Pedersen nemnte at det ikkje var tilbodet det stod på. «*Det var mykje kurs i Televerket, når den kom den digitaliseringa [ein prosess der ein gjekk frå analog til digital] som kom med ISDN og på kabel-tv*».³⁴⁶ Dette gjorde at dei som hadde teke moglegheita, og hadde teke kurs hadde ein fordel. «*Då gjekk vi forbi dei*».³⁴⁷ Det at ein ikkje ville lære noko nytt, handla i nokre dømer om at enkelte ikkje hadde tru på den retninga arbeidet hadde teke. Rolf Erik Pedersen hugsar at nokre av dei eldre hadde denne haldninga. «*Den digitalgreia vert det ikkje noko av, berre sjå nokre år så er det slutt*».³⁴⁸ «*Å bendsle blanktråd var framtida*».³⁴⁹ Utsegna syner at enkelte av dei eldre ikkje tok kurs fordi dei allereie kunne det som dei såg på som framtida.

Fleire reagerte på måten ein valde kven som skulle få halde fram. Tilsette med lang ansiennitet vart vald vekk, grunna yngre med meir kompetanse. Solbrække beskriv korleis enkelte leiarar og kunne bruke alderen deira mot enkelte tilsette. «*Det lå i mellomlederens oppdrag å ta ansvar for at fremtidig bemanning gjenspeilte Televerkets behov for kompetanse og kyndighet*».³⁵⁰ Dette seier oss at sidan leiinga valde kompetanse som eit viktigare kriterieie enn ansiennitet, var ikkje det berre ei avgjerd som laga konflikt mellom leiing og montør, men og mellom dei yngre og eldre montørar.

Der nokre reagerte på kva måte dei som skulle halde fram skulle veljast ut, var det andre som reagerte på heile den effektiviseringsprosessen generelt. «*Tormod Hermansen*³⁵¹ var eit skjellsord, for han øydela arbeidsplassen».³⁵² Montør Rolf Erik Pedersen sitt utsegn vitnar om

³⁴⁴ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁴⁵ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁴⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁴⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁴⁸ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁴⁹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁵⁰ Solbrække, 2011: 220

³⁵¹ Leiaren i Televerket og det seinare Telenor

³⁵² Intervju med Rolf Erik Pedersen

kva mange meinte om at Televerket skulle endrast. Sjølv meinte han at denne effektiviseringa var det riktige å gjere, «*vart no ein Judas då, var einig med Hermansen då*». ³⁵³ Dette seier noko om korleis oppfatninga kring dette var i montørgruppa. Det var upopulært å vere samd med den øvste leiinga. Sjølv om kjeldene mine ikkje seier noko sikkert, kan det at enkelte vart sett på som svikarar truleg knytast til at denne effektiviseringsprosessen leia til at fleire tilsette mista jobben. Det var usolidarisk overfor dei andre å støtte opp kring denne prosessen. Såleis er dette endå eit døme der leiinga si avgjerd laga konflikt mellom montørane.

For montøren vart denne tida, den perioden med størst gjennomtrekk. Mange slutta, men det var og mange sjukmeldingar. «*Mange sjukmelde seg rett og slett, og vart vekke over tid*». ³⁵⁴ Kolbjørn Sylthe var ein av dei som måtte handtere folk i denne situasjonen. «*Det var litt forskjellig i forhold til klientellet, men det gjekk no for så vidt bra*». ³⁵⁵ Dette fortel oss at det kunne gå hardt inn på montørane at arbeidsplassen deira no vart utrygg. For montørane var dette noko nytt, då ein i Televerket som statstilsett aldri hadde vore ute for liknande tidlegare. For mange var det å få jobb i staten, det same som å vere fødd for livet. ³⁵⁶ Såleis var dette eit brot på ei førestilling, om tryggleik som mange hadde då dei byrja.

Hans Petter Orrem hugsar denne tida, men var samstundes ikkje redd for jobben sin. «*Men arbeidet var no det same, uansett kva som skjedde. Visste no om det heite ditt eller datt, vart jobben den same*». ³⁵⁷ Såleis var det og mange som kjende seg trygge, då dei skjønnte at sjølve jobben måtte gjerast uansett. Dette gjorde at relasjonen mellom leiing og montør ikkje berre var prega av misnøye. Fleire visste no at uansett korleis organisering var, så sat dei med ein kompetanse som få personar hadde. Sjølv om arbeidsplassen skulle endrast, skulle no folk ha teletenester. «*Akkurat det eg heldt på med var no spesialisert, at eg var ikkje redd for å miste jobben*». ³⁵⁸

³⁵³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

³⁵⁴ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³⁵⁵ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³⁵⁶ Mange av mine informantar sa dette.

³⁵⁷ Intervju med Hans Petter Orrem

³⁵⁸ Intervju med Hans Petter Orrem

Rasjonalisering av fasilitetar

Lagerverksemda var og ein del der det skulle sparast inn på i slutten av Televerksperioden.³⁵⁹ «*Kom tre mann frå Trondheim som skulle ordne opp lageret*».³⁶⁰ Det var no slikt at på lageret skulle det no berre vere så og så mykje materiell, av dei og dei typane. Alle avvik skulle kastast. Ein sort materiell det her var for mykje av var krympeflak. Det var det ein nytta for å beskytte ein skøyt mot elementa. I tida før effektiviseringa var det ikkje så nøye om det låg 100 krympeflak på lageret, sjølv om dei kosta mykje pengar. Karane frå Trondheim tok 90 av dei og skulle kaste dei. Montør Steinar Berg spurde dei om han kunne få ha dei 90 krympeflaka på kontoret sitt, då det var materiell han ville uansett bruke på nokre månader. Svaret han fekk at det kom ikkje på tale, dei skulle kastast. «*Dei kasta alle gamle ting, det stod to konteinrar på ti kubikk utanfor*».³⁶¹ Berg syntes det var forkastelig at dei dumpa dei lagera dei hadde.³⁶²

På den eine sida såg ein ei potensiell innsparing med å ha eit lagersystem som dette, som var meir sjølvdrivande, og ein trengde mindre personell. På ei anna side kasta dei store verdiar, der mykje av det kunne nyttast på rimeleg kort tid. Såleis såg enkelte montørar her ei arroganse og ein dobbeltmoral ovanifrå, noko som provoserte. «*Toppen av dobbeltmoral*».³⁶³ Samstundes som dei sa opp folk, kasta dei materiell for store verdiar, noko som for ein montør var openbar sløsing av pengar. «*Synest det var forkastelig*».³⁶⁴

Per Inge Nerlandsrem som var leiar på montørstasjonen i Elnesvågen, hugsar ein liknande episode. Eide montørbase vart nedlagt, og både dei tilsette, og lageret vart flytta til Elnesvågen. Nerlandsrem hugsar at det kom ein kar med ei blokk som sa at her var det for mykje på lageret. Han bestilte ein konteinrar slik at lagerbeholdninga vart som den skulle. «*Det var utstyr som ein hadde bruk for, hadde betalt, og hadde plass å lagre til ein fekk bruk for det. Nesten vondt å tenke på i dag*».³⁶⁵ Dømet syner at materiellet som det dei hadde bruk for vart kasta, sjølv om dei attpåtil hadde plass å lagre det. Dette skjedde samstundes som dei

³⁵⁹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁶⁰ Intervju med Steinar Berg

³⁶¹ Intervju med Steinar Berg

³⁶² Intervju med Steinar Berg

³⁶³ Intervju med Steinar Berg

³⁶⁴ Intervju med Steinar Berg

³⁶⁵ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

skulle kutte kostnader på både mannskap, og andre utgifter. Ein skjønner at slikt kunne provoserte montørane

Seinare etter at dei og hadde lagt ned i Elnesvågen, hadde Nerlandsrem arbeidsstad på lageret i Molde. Her fekk han og sjåføren beskjed om å kjøre kabel til Tofte (bromhandlar).

*«Ein trommel der som skulle vekk, det var for mykje, var overtalig som folket. Syntes det var for gale så vi rulla den vekk bakom veggen. Gjekk ikkje meir enn ei veke så kom dei å sa at det var ein feil i Storgata, og at det måtte bestillast kabel. Då rulla vi fram igjen trommelen».*³⁶⁶

Redusering av leiarar

Akkurat som montørstillingane, skulle og leiarstillingane vurderast på same måte som ein del av førebuingane til ein ny organisasjon.³⁶⁷ Det vil seie at leiarane sine jobbar også var utsett.

*«Då dei var ferdig med å luke ut den gruppa der[montørane], då byrja dei med mellomleiarane. Då var det halvparten av dei som skulle vekk, då var helvete laust».*³⁶⁸

Utsegna poengterar kraftige reaksjonar då leiarane sine stillingar skulle fjernast. Sjølv om mine kjelder ikkje seier noko bestemt, kan dette handle om ei form for bitterheit.

*«Må no vere velvillig til omorganisering, de har no jaga vekk halvparten av montørgjengen sa eg. No er det halvparten av mellomleiarane som skal ut sa eg. Slik er livet».*³⁶⁹ Utsegna tyder på at montør ikkje nødvendigvis hadde så mykje medkjensle for leiarane. Grunnen til det er vanskeleg å seie noko sikkert om, men truleg kan det knytast til korleis enkelte montørar opplevde leiarane då montørane skulle effektiviserast.

Per Inge Nerlandsrem som var leiar i Elnesvågen hugsar denne prosessen. Tidlegare hadde han motivert folk til omstilling, ei oppgåve han var pålagt. *«Vi dreiv no å skulle motivere folk, på å begynne med noko anna ikkje sant. Plutselig ein dag var det din tur og, å så byrja ein å lure på, trudde ikkje på det du sa te sa karane då?»*³⁷⁰ Såleis møtte enkelte av mellomleiarane seg sjølv i døra.³⁷¹

³⁶⁶ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁶⁷ Solbrække, 2011: 216

³⁶⁸ Intervju med Steinar Berg

³⁶⁹ Intervju med Steinar Berg

³⁷⁰ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁷¹ Intervju med Steinar Berg

Kolbjørn Sylthe hugsar og at det var usikkerheit kring leiarjobbane. «*Vi satt no like usikker i mange tilfelle vi og[samanlikna med montørane]*». ³⁷² I omorganiseringa såg ein etter leiarar som var villige til omorganisering. Leiarar med «*forsvarsposisjon i forhold[meiner truleg «i samband»] til endringar, og dei kunne ein ikkje ha med på lag*». ³⁷³ Utsegna fortel noko om kva kriterium som ein såg etter i samband i utveljinga av leiarar, ein skulle vere positiv innstilt til endringane omorganiseringa ville føre til.

For mange leiarar enda det med at dei vart anten måtte byrje i ei lågare stilling, eller at dei måtte slutte. Det var til dømes fleire formenn som vart montørar igjen. Samstundes var det ikkje triveleg å bli oppsagt, uansett kva stilling ei hadde. «*Det er litt vemodig den dagen ein stod der med papira i handa at no er det slutt, det er no det, når du ha vore der 33 år*». ³⁷⁴

Sosiale relasjonar mellom montør og offentlegheita

Samanlikna med arbeidarane i dei farande laga, var montøren i Televerket ein synlegare del i dagleglivet til vanlege folk. I dei farande laga kunne ein i lange tider vere på stadar der det ikkje budde folk, medan ein som montør i Televerket var stasjonert på ein montørbase eller ein montørstasjon. I Molde teleområde var montørbasane og montørstasjonane som tidlegare nemnt i Molde, Eidsvåg, Aukra, Vestnes, Åndalsnes, Elnesvågen og Eide. Desse var då ein del av desse samfunna, der mange og hadde sine arbeidsplassar. I dette delkapittelet skal vi sjå på relasjonen mellom montørane og offentlegheita.

Telegrafverkstida

Som vi var inne på i kapittelet om Telegrafverket, så var folk glade då dei farande laga kom og skulle installere telefon. Samstundes var det berre telefonen som det framleis var rasjonering på, på slutten av 1960-talet. Denne rasjoneringa førte til ei telefonliste, som framleis eksisterte då Telegrafverket vart endra til Televerket. Som tidlegare nemnt vart ein i dei farande laga positivt møtt av folk flest. Folk visste kva dei heldt på med, og skjønnte at det var til deira fordel. Endra dette seg i Televerkstida?

³⁷² Intervju med Kolbjørn Sylthe

³⁷³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

³⁷⁴ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

Televerkstida

I Televerket vart montøren ein større del av det daglege bilete til folk. Relasjonen mellom montørane og folk var prega av ei organisasjonsutvikling, det med tanke på at ein gjekk frå Telegrafverket til Televerket. No vart montørane stasjonert på montørbasar og montørstasjonar som vart oppretta på tettstader rundt om i teleområdet. Såleis vart relasjonen og prega av dei geografiske områda. Dei tilhøyrde same område.

I Televerket var det framleis telefonlister, men folk var glade då montørane endeleg kom. Fleire av mine informantar fortel om at spesielt på bygda vart ein godt møtt av folk.³⁷⁵ Dette kan tolkast som om det var ein skilnad på korleis montørane vart møtt på bygda, og i byane. Mitt kjeldemateriale seier riktig nok ikkje om i kva grad, eller kvifor, men det poengterar at det var ein skilnad på bygd og by. Dette underbygger at relasjonar mellom montør og offentlegheit var prega av geografiske forhold.

Eit meir kritisk syn på montøren

Formann Terje Navestad hugsar godt telefonkøa som var i Televerket. I ein periode gjekk dei noko vekk frå denne køa, for å prøve å få ting gjort raskare. I staden for å følge lista, der den som hadde bestilt først fekk installert først, så såg ein etter stadar der mange i området skulle ha. I eit tilfelle var det tre hus som stod i ei klynge, der alle skulle ha telefon. «*Gjekk vi inn, hang opp kablane på alle tre husa, ordna ferdig, og gjekk til neste*». ³⁷⁶ Denne måten var meir effektiv, då ein fekk gjort fleire ordrar før ein måtte pakke saman og reise til ein ny stad. Ein skulle tru at folk var positive til at ein auka effektiviteten. Likevel reagerte folk på dette, då ein kunne oppleve at pesonar som hadde venta kortare tid, likevel fekk telefon før dei. «*Nesten slik at vi vart lynsja*». ³⁷⁷ Utsegna fortel oss om ein relasjon der folk reagerte på måten montørane på Aukra prøvde å få ned telefonlista på. Det enda med at dei måtte ut og forklare folk kvifor det lønna seg å gjere det på denne måten.

Dette fortel oss noko om at relasjonen mellom montørane og offentlegheita mellom anna var prega av geografiske forholda, og dei produksjonsmessige forholda. Om ein skulle få telefon kjapt, var ein litt avhengig at andre i nærleiken og hadde bestilt telefon. Samstundes var

³⁷⁵ Intervju med mellom anna Hans Petter Orrem og anonym informant nummer 2

³⁷⁶ Intervju med Terje Navestad

³⁷⁷ Intervju med Terje Navestad

korleis montørane valde å utføre arbeidet viktig for kva relasjonar ein fekk med offentlegheita.

Ein som jobbar, og to som ser på

Leiaren på montørstasjonen i Elnesvågen hugsar ein episode der han og to andre som arbeidde med ein kabel, treffe på ei dame som var ute og gjekk seg ein tur. «*[Ho sa:]Ja det er likt seg ja, to som ser på og ein som arbeidde*». ³⁷⁸ Liknande utsegn kan ein høyre i dag, og er til dømes ikkje så uvanleg å høyre om kommunale tilsette. For Nerlandsrem og dei andre som arbeidde med denne kabelen, var det og truleg at dei hadde høyrd dette før. Likevel kunne eit slik utsegn kjennast urettferdig. «*Vi kjente oss ofte litt urettferdig uthengt*». ³⁷⁹

Om ein skulle grave seg ned til ein kabel for å gjere arbeid på den, så var det samstundes viktig at ein var forsiktig. «*Når ein grev etter fleire kablar, må ein ha ein [person] med spade nede i grøfta*». ³⁸⁰ Mannen i grøfta måtte finne ut og skaffe oversikt over kablane, før han dirigerte gravmaskinføraren kvar han skulle grave for å fjerne lausmassen. Om ein var uforsiktig var det lett for at gravemaskina øydela kablane. I ein slik arbeidssituasjon var det slik at oftast kunne berre ein av dei arbeide om gongen. Ein kunne ikkje grave så mykje med maskina, om det stod ein kar i grøfta med spaden. Om maskina skulle grave, var det vanleg at karen med spaden stilte seg på kanten, lente seg litt på spaden og følgde med om han såg noko der maskinføraren grov. For vanlege folk kunne det at ein kar stod å lente seg på spaden, bety at han tok pause, sjølv om karen eigentleg arbeidde. Såleis kan delar av kritikken montørar i Televerket handle om at folk på mange måtar ikkje heilt forstod det montørane heldt på med. Dette fortel og noko om at dei produksjonsmessige forholda, altså korleis ein arbeidde var ein del av relasjonen mellom folk og montørane.

Eit anna tilfelle kunne vere i stolpearbeidet. I Televerket skulle ein helst vere to personar om ein dreiv stolpearbeid. Med det meinast det ikkje at det skulle vere to oppe i stolpen, men at det var ein ekstra mann der med tanke på tryggleiken til den som var oppe i stolpen. I slike tilfelle var det ofte noko den som stod på bakken kunne gjere. Likevel kunne det og vere at alt arbeidet var opp i stolpen, til dømes med ein tuppskøyt (skøyt i stolpe). Vanlege folk såg ofte

³⁷⁸ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁷⁹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁸⁰ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

her ein som arbeidde, og ein som såg på. Også i eit slikt døme kunne montørane bli dømt på eit manglande grunnlag.

«*Haurte ofte at dykk [dei tilsette] er så lat i Televerket*».³⁸¹ Utsegna fortel om ei underliggjande haldning, der mange meinte at dei tilsette i Televerket ikkje ytte så mykje som dei burde. Per Inge Nerlandsrem meinte at tilsette i Televerket ikkje nødvendigvis var einige i dette. «*Kunne kanskje vere litt urettferdig uthengt*».³⁸² Det kunne og vere provoserande om kritikken kom frå folk som arbeidde i eit miljø som tilsette i Televerket meinte var prega av lite effektivitet. Eit døme er frå då Nerlandsrem var på Moxyfabrikken. Der stod han på galleriet, og såg utover produksjonen. Der såg han korleis dei arbeidde. «*De kan vere glade at dykk er bak desse tjukke murveggane. Hadde de haft same arbeidsdagen som vi, hadde de berre vorte smågutar*».³⁸³ Utsegna til Nerlandsrem syner at ein kunne kjenne seg utrettferdig uthengt. Andre kanskje kunne gjere eit dårlegare arbeid og leggje ned ein verre innsats, i tillegg gjorde dei dette attom veggjar. I Televerket hadde ikkje ein noko å gøyme seg attom, slik som fabrikktilsette hadde.

Som montør kunne ein oppleve å høyre kritikk ein ikkje nødvendigvis var einig i. Samstundes nemnde fleire av mine informantar ei haldning som rådde mellom montørane, kring arbeidstempoet. «*Jobba du i staten trengte du ikkje å slite deg ut*».³⁸⁴ Utsegna til den anonyme informanten, seier noko om haldninga mange montørar hadde til arbeidet. «*Trong ikkje gå så fort [arbeidet]*».³⁸⁵ Utsegna fortel oss at sjølv om folk stod på ventelister for å få telefon, så var ikkje arbeidstempoet truleg så høgt. Ofte var det slik at det ein ikkje rakk ein dag, då vart utsett til neste dag.

«Mister Televerket»

Sjølv om ein kan seie at det var folk som var misnøgde nokre stader, var det og dømer på at folk kunne knytte seg til montørane. På Aukra montørbase var ein noko isolert av geografien. Ein måtte ta ferje for å kome seg dit, då det var eit øysamfunn. Terje Navestad som etter kvart vart formann på montørbasen der, kunne fortelje om eit forhold til folk på øya, der han «vart»

³⁸¹ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁸² Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁸³ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

³⁸⁴ Intervju med anonym informant nummer 2. Fleire andre sa noko liknande

³⁸⁵ Intervju med anonym informant nummer 2

Televerket.³⁸⁶ Folk på øya knytte seg til Navestad og dei andre montørane. Eit døme var då Navestad og ein anna person frå Televerket skulle spørje ein grunneigar om lov å grave over eigedommen. Den andre personen arbeidde til vanleg i Televerket i Molde, medan Navestad kjende grunneigaren frå før. «*Du har no med han Terje sa han. Er det ikkje greitt nok å spørje han?*». ³⁸⁷

Dømet seier noko om relasjonen mellom folk på øya, og montørane der. Tiltrua til montørane i Televerket på desse øyane, var såpass stor at mange kundar ikkje kjende behov for å kontrollere eller å vere tilstade når dei arbeidde med noko i heimen, eller på eigendomen deira.³⁸⁸ Dette var truleg ein konsekvens av at det var eit lite samfunn, der dei fleste visste kven dei som arbeidde for Televerket var.

Ukulturar hjå kundane

Så langt i dette delkapittelet har vi sett på korleis folk kan ha sett på montørane i Televerket. Samstundes gjekk denne relasjonen og den andre vegen, då montørane treffe kundar i det daglege arbeidet. Informantane til denne undersøkinga sa at sjølv om det var nokre kundar som var vanskeleg, var dei fleste greie å ha med å gjere.³⁸⁹ Dette er truleg noko ein kan seie om dei fleste bransjar i Noreg. I dei neste avsnitta skal vi sjå nokre dømer der kundane utnytta telenettet. Dette for å syne at det nødvendigvis ikkje berre var tilsette i Televerket som gjorde det.

Tidlegare har vi knytt montørar og leiarar i Televerket til det å stele teljarskritt. Samstundes var det og dømer på at kundar og utnytta telenettet. Dette kunne gjerast til dømes med ei tjuvkopling, som var det ein kalla det om ein hadde kopla seg på telenettet ulovleg. Desse personane hadde ikkje tilgang til sentralane, og måtte såleis kople seg på andre stadar i telenettet. «*Var ute og fjerna ein del tjuvkoplingar, det var no dei som kopla seg på mynttelefonane her i byen, det var mest når det kom innvandarar til byen, dei hadde no ein del knep. Men det var no og andre*». ³⁹⁰ Utsegna fortel oss at det var personar som kopla seg inn på mynttelefonane. Dette fortel og noko om at montørar kunne reagere på dei same lovbrota som dei sjølv, eller deira kollegaer og gjorde.

³⁸⁶ Intervju med Terje Navestad

³⁸⁷ Intervju med Terje Navestad

³⁸⁸ Intervju med Terje Navestad

³⁸⁹ Mange informantar sa noko liknande

³⁹⁰ Intervju med Sonja Sporsheim

Dei vidarekopla mynttelefonane heim til seg sjølv, og slapp å betale, verken med myntar eller med rekning. Utsegna fortel og at desse tjuvkoplingane kunne vere knytt til spesifikke grupperingar, og at desse kunne då seiast å vere ei gruppe knytt til meir problem for montørane. Likevel er det viktig å peike på at utsegna ikkje seier at det berre var desse enkeltgruppene som gjorde dette, såleis kunne det og vere andre som gjorde det same.

*«Norge var litt naive, tenkte no ikkje på å utnytte slike[mynttelefonar]. Men det kom no inn ein del folk som hadde bruk for det, det var no kostbart å ringe så langt. Men det var no ikkje berre dei».*³⁹¹ Utsegna fortel oss kva motivet til dei innvandarane som gjorde dette kunne vere. Teljarskrittssystemet fungerte slik at ein brukte fleire teljarskritt dess lengre mottakaren av samtalen var geografisk frå den som ringde. Slik brukte ein fleire teljarskritt om ein ringte på andre sida av verda, enn om ein ringte lokalt.

Desse døma handlar om ekstreme tilfelle, i ein kvardag som elles var prega av lovlydige forhold og tillit. Uansett i kva grad det hende, var dette noko nytt, då montørane ikkje ein gong hadde tenkt på denne ukulturen.³⁹² Det seier oss noko om kva tiltru ein kunne ha til abonnentane. Dette fortel oss om eit forhold til kundane som var basert på tillit, der ein i hovudsak ikkje gjekk og mistenkte kundane medan ein var å installerte.

Etter kvart som Televerket fatta mistanke, var montørane sette til å finne ut av det. *«Vi fikk no feil då, sidan teljarskrittita rasa».*³⁹³ Utsegna fortel oss at det ikkje var montøren personleg som oppdaga slikt fjusk, men montøren vart Televerkets «etterforskar». Då måtte ein kople seg på linja og høyre om det var ein samtale eller ikkje. Høyrde ein ikkje noko var det eit signal på at det kunne vere feil på teljaren, og at ein burde stenge linja. Om ein høyrde samtale samstundes som teljaren gjekk i høgt tempo, så var det truleg misbruk på gang. For å løyse denne ukulturen, måtte ein inn med teknisk utstyr som hindra denne metoden å tjuvkople mynttelefonar på.

Sjølv om ein teljar gjekk unaturleg kjapt, trong det ikkje nødvendigvis vere misbruk. Montør Sonja Sporsheim hugsar ein gong ho skulle sjekke ei linje, då det vart brukt så mange

³⁹¹ Intervju med Sonja Sporsheim

³⁹² Intervju med Sonja Sporsheim

³⁹³ Intervju med Sonja Sporsheim

teljarskritt. Då ho kopla seg på hørde ho berre stønning, det var då sextelefonen hadde kome til landet. Slike hendingar kunne og skape litt ubehag for kundane, spesielt om kundane hadde klagt på rekninga. Det kunne verte noko ubehageleg då mora i huset skjønna at det ikkje var noko gale med rekninga, men at sonen i huset hadde nytta telefonen til noko han ikkje burde.³⁹⁴

Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett at krava for å søkje montørutdanning endra seg. Dette gjorde at når ein nybyrjar kom til arbeidsstaden for første gong, no hadde eit betre utgangspunkt. Såleis var det ein mindre skilnad på nybyrjarane og dei erfarne. Teleskulen lærde aspirantane om det tradisjonelle arbeidet, men tok og omsyn til teknologiske nyvinningar.

Etter teleskulen, vart ein som aspirant sett saman med ein erfaren montør for å halde fram med opplæringa. Situasjonen der ein hadde ein nybyrjar på ei side, og ein erfaren på den andre, påverka relasjonen dei i mellom. Statusforholdet mellom aspiranten og montøren tok ikkje slutt sjølv om aspiranten sjølv vart montør.

Vi har og påvist at som tilsette i Telegrafverket og Televerket så hadde mange eit eigarforhold til det dei dreiv med. Kjende eit ansvar, kjende seg som medeigarar.

Eigarforholdet til det ein arbeidde med, kunne vere med på å gjere at det som for vanlege folk var sett på som ukulturar, for dei tilsette i Televerket var frynsegoder. Dømer på dette et kafébesøk i arbeidstida, snausing og teljarskrittjuveri.

Ansienniteten mista noko av si betyding i Televerkstida. Til dømes vart andre kriterium prioritert då dei skulle tilsette feilrettarar. Det å tenkje logisk, å nytte sannsyn, det å forstå nettet, dette var viktigare enn kor lenge ein hadde arbeidde der. At dei vekta andre kriterium enn ansiennitet tyngre, var og truleg tilfelle då Televerket skulle omorganiseras.

³⁹⁴ Intervju med Sonja Sporsheim

6. Etter privatiseringa

Sosiale relasjonar mellom montørar etter privatiseringa

Fram til 1. november 1994 vart Televerket organisert som ei forvaltingsbedrift, der Televerkets budsjett var ein del av statsbudsjettet. Frå 1. januar 1995 skifta Televerket namn til Telenor AS.³⁹⁵ Det som hadde vore ei forvaltingsbedrift, var no eit aksjeselskap. Ei anna endring, var at frå 1. Januar 1998 så vart telefontenesta og infrastrukturen deregulert. Det ville seie at no var det konkurranse i telekommunikasjonsbransjen, då telemonopolet vart oppheva. Endringane gjorde at montøren no ikkje lengre var statstenestemann, men ein tilsett i privat sektor. Korleis råka alle desse store endringane montørane?

I dette kapittelet går vi vekk frå det statlege Telegrafverket og Televerket, og skal fokusere på relasjonane til montøren i den private sektor. I denne perioden frå 1995 til opp til 2017, har montørane vore inno m mange bedrifter knytt til telekommunikasjonsbransjen i Moldeområdet.³⁹⁶

Ein meir sjølvstendig montør

Noko som vart ein skilnad for montørane, var at dei i større grad arbeidde åleine. Dette var noko som hadde utvikla seg frå slutten av Televerkstida. «*Det heitte seg det at dei med Transporter skulle vere åleine*»³⁹⁷. Utsegna fortel at ein byrja å skilje montørane, med at dei fekk tildelt spesifikke bilar. «*Vi jobba no i team, var først i dei seinare åra at du jobba mykje åleine*».³⁹⁸ Denne endringa hadde konsekvensar for relasjonane mellom montørane. Tidlegare hadde dei arbeidd saman, og i det daglege hadde montørane såleis ein tettare relasjon. Konsekvensen vart då at montørane vart meir individuelle, at ein måtte arbeide meir åleine.

I samband med status og hierarki, fekk det at montøren arbeidde meir åleine konsekvensar. Etter kvart som ein arbeidde meir åleine vart det vanskelegare for montøren å verte vurdert

³⁹⁵ Thue, 1995: 39-47

³⁹⁶ For meir informasjon les «Arbeidarane i felten skil lag» i kapittel 3

³⁹⁷ Intervju med anonym informant nummer 1

³⁹⁸ Intervju med Sonja Sporsheim

som dyktig. Samstundes kunne det å arbeide åleine gjere at den enkelte sin innsats, vart meir synleggjort samanlikna med å arbeide saman med andre. Det kunne då styrke sjansane for å bli vurdert som dyktig. Heretter vart ein meir som individ og mindre som eit lag i arbeidet. Dette tyder på at relasjonane mellom montørane vart prega av organisasjonsutviklinga mellom offentleg og privat sektor.

Etter privatiseringa var montørbasane og montørstasjonane vekk. Dei montørane som ikkje vart oppsagt fekk såleis mindre med kvarandre å gjere.³⁹⁹ «*Trur det vart kanskje meir effektivt då vi vart åleine. Vart ikkje tulla vekk så mykje tid på å prate skit då*». ⁴⁰⁰ Utsegna fortel oss om auka effektivitet, men og om mindre daglegdags kommunikasjon mellom montørane. Sjølv om denne kommunikasjonen er knytt til meir sosialt prat, minka og moglegheita for faglege diskusjonar. Der ein tidlegare hadde samarbeidd, og såleis kunne ha støtta seg på kvarandre si kompetanse, vart ein i større grad åleine. Såleis kan ein argumentere for at med færre folk, vart det mindre kompetanse tilgjengeleg.

At ein kvitta seg med montørar, gjorde at ein var færre som skulle gjere mykje av det same som før. Med færre montørar sjølv om det var tilnærma det same geografiske området, var det og noko montøren fekk merke. «*Kjørte 50 mil på jobb ein dag*». ⁴⁰¹ Utsegna fortel noko om kva avstandar montøren av og til ferda over i løpet av ein arbeidsdag. Denne auka køyringa må sjåast i samanheng med at ein no ikkje hadde montørar like spreia geografisk som ein hadde i Televerket. Montørstasjonane og montørbasane var no lagt ned. For montøren vart det for det første, lengre avstandar ut til arbeidet, samstundes vart det og lengre avstand til ein kollega om det var noko. Såleis fekk denne organisasjonsmessige endringa ikkje berre ei isolerande effekt, men og geografiske konsekvensar for montørane.

Etter at montørstasjonane og montørbasane vart lagt ned, byrja ein meir med direktemønstring.⁴⁰² Dette gjorde at ein såg endå mindre av kollegaene samanlikna med korleis det var i Televerket. Sjølv om slike tiltak handlar om økonomi, bidrog dette til at montøren ikkje berre vart meir åleine i arbeidet, men fekk mindre kontakt med sine kollegaer i løpet av arbeidsdagen.

³⁹⁹ Dei fleste informantane nemnte at stasjonar og basar var lagt ned kring privatiseringa.

⁴⁰⁰ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴⁰¹ Intervju med Steinar Berg

⁴⁰² Direktemønstring betyr at montørane byrja arbeidsdagen direkte på arbeidsstaden. Ikkje på montørstasjonen eller montørbasen som tidlegare.

Montørens nettverk, frå hierarkisk basert til eit personleg nettverk

Tidlegare hadde ein som montør alltid eit hierarki i bakhand ein kunne støtte seg på. *«Då hadde du leddet vidare»*.⁴⁰³ Med privatiseringa forsvann mykje av det hierarkiet som hadde vore før, og såleis mykje av folk. Dette gjorde at montøren mista noko å lene seg på, om det var noko. *«Har ikkje den backupen du hadde før»*.⁴⁰⁴ Den backupen låg i eit større hierarki med fleire leiarar som var overordna montøren, og såleis var ansvarlege for det montøren gjorde. Det var og ein backup i kollegaene, med montørar som kunne gje råd, eller hjelpe på anna måte om det var noko. Dette tydar på at montøren før privatiseringa var knytt til eit fellesskap, der ein fann støtte i større grad i hierarki. Montøren hadde fleire ledd i hierarkiet å støtte seg på. Alt i frå mellomleiarar til montørar.

Med privatiseringa endra dette seg. *«No er du åleine stort sett, med nokre gode kollegaer du kan spørje når det er noko. Ikkje sikkert dei er tilgjengelige då»*.⁴⁰⁵ Utsegna syner oss den individualiserande retninga yrket har teke. Det syner og at sjølv om mykje av hierarkiet var vekk, så kunne montørar, riktig nok i mindre grad enn før framleis støtte seg på kvarandre. Sidan ein ikkje i same grad kunne lene seg på hierarkiet, vart personlege relasjonar viktigare. *«Bygde eit personleg nettverk rundt seg»*.⁴⁰⁶ For montørane handla det om at ein knytte relasjonar til folk som hadde god kompetanse på noko. Til dømes kunne ein ringe ein anna montør som hadde erfaring og kunnskap til akkurat det ein trong hjelp til. Det å verte ein del av andre sine profesjonelle nettverk, betyr også på eit vis at ein har fått anerkjent ei kompetanse. Dette seier oss noko om at det å erverve status ikkje nødvendigvis treng å vere knytt til det visuelle, altså noko andre såg. Det kunne og vere knytt til at ein hadde kunnskapar og erfaringar, som kunne fortelje andre om korleis ei oppgåve kunne løysast. Det å kunne vise til ei kompetanse gav framleis status.

Det å oppretthalde eller etablere eit nettverk, kunne vere vanskelegare med tanke på at montørane var meir åleine. Såleis var ein avhengig av kommunikasjonsmetodar. Desse kunne til dømes vere telefon, mobiltelefon eller e-post. Dette fortel oss at ein har vore avhengig av ny teknologi for etablere personlege nettverk. Såleis kan ein sjå samanheng der teknologiske

⁴⁰³ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁰⁴ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁰⁵ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁰⁶ Intervju med anonym informant nummer 1

framsteg i kommunikasjon, utvikla relasjonar samt mogleggjorde større geografiske avstandar mellom montørane. Denne teknologiske utviklinga i arbeidet har vi sett dømer på tidlegare. Ordrefordelaren i Televerket hadde til dømes mobiltelefon på kontoret, slik at han kunne kommunisere direkte ut til montørane i felten. Såleis kan ein seie at teknologien som gjorde det lettare å kommunisere kom før individualiseringa av montøren byrja.

Om ein som montør spurde om hjelp, trong det ikkje nødvendigvis handle om at ein mangla kunnskap. Det kunne og handle om arbeid der ein trong ei hjelpande hand. Dette kunne vere til dømes å trekke ein kabel i rør, eller i skjult anlegg⁴⁰⁷ inne i private hus. «*Han stiller opp for meg, eg stiller opp for han*». ⁴⁰⁸ Utsegna syner ein relasjon der pålitelegheit vert høgt vekta. Den som vart kontakta, vart kontakta hovudsakleg på grunn av at han var til å stole på. Slike relasjonar var noko ein bygde opp over tid, der ein oppdaga kven ein kunne etablere tillit til. «*Kunne ringe andre, men dei svara ikkje*». ⁴⁰⁹ Utsegna fortel om at ein hadde sine favorittar ein kontakta først om ein trong hjelp.

I Televerket og Telenor, hadde ein som nemnt i større grad eit hierarki, med reglar og delegering av ansvar lene seg på. Såleis kunne arbeidet ein gjorde i Televerket ha vore noko som fungerte som ein slags organisk heilskap. Arbeidet var ikkje noko berre den enkelte montøren gjorde, men noko Televerket gjorde. Med ein slikt hierarki, trong ein i mindre grad eit personleg nettverk i bakhand. Såleis kan det at ein vert kontakta, og spurd om hjelp, underbygge at status for montørane ikkje nødvendigvis handla om kunnskap og ferdigheiter. Det kunne og handle om personlege eigenskaper, og om eit syn på arbeidet som noko felles.

Tempo, krav og haldningar

I tida etter Televerket opplevde ein ei anna endring, nemleg eit auka krav til tempo. «*I byrjinga hadde vi ikkje fristar, det var å få retta det [feilmeldingar]*». ⁴¹⁰ Utsegna til Kolbjørn Sylthe som var leiar, syner at det i Televerket, ikkje var spesifikke krav på kor lang tid ein kunne bruke på ei feilmelding i byrjinga. Denne tida såg dei meir an kven kunden var, om det var ein kjenning, anten at ein kjende vedkommande personleg, eller om det var ein dei visste

⁴⁰⁷ Skjult anlegg er når kabela ikkje er spikra på veggen eller list, men den ligg i skjulte rør inne i veggen.

⁴⁰⁸ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴⁰⁹ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴¹⁰ Intervju med Kolbjørn Sylthe

ville klage om det ikkje vart retta fort.⁴¹¹ Såleis kunne det å gjere arbeidet på ei side handle om få arbeidet gjort, men på ei anna side kunne det handle om å unngå konsekvensar. Det seier noko om at moral og motivasjon påverka gjennomføringsemna til montøren.

Praksisen endra seg i etter kvart, opp i gjennom Televerkstida, og vidare inn i privatiseringa. «No er det generelle reglar som går mykje meir på rettetid».⁴¹² Om ein gjekk over den tida som på førehand vart sett for utbetring av feilen, vart firmaet råka av sanksjonar. «Då det kom til at vi tapte pengar på at kanskje siste skruen ikkje var skrudd i tidsnok, då blei det innskjerping».⁴¹³ For montørane, som var dei som gjorde arbeidet, fekk dette konsekvensar. No måtte ein løyse feil, eller installere innanfor tidsfristar. Dette fortel oss at montørane fekk eit auka tidspress. Med tanke på at det var færre montørar, mykje av det same arbeidet, samt mykje av det same geografiske området å halde seg til, fekk dette konsekvensar samanlikna med Televerkstida. Til dømes kunne det gjere at ein ikkje fekk tid til å gjere ein skikkeleg jobb. «No er det viktigare at det går fort, enn at det er skikkeleg utført».⁴¹⁴ Utsegna fortel oss noko om ein yrkesstoltheit som var knytt til arbeidet. Den handla om at arbeidet skulle vere skikkeleg utført, og at det var noko ein tidlegare hadde teke seg tid til.

Dette kan tyde på at tidspresset, og det auka arbeidstempoet kunne gjere at om ein montør skulle få status, så kunne det vere andre premissar som var vektlagt enn tidlegare. Tidlegare har vi mellom anna knytt status til det nøyaktige, og det nøysame arbeidet, der det å gjere ein skikkeleg jobb var noko som var viktig. Dømer på dette kan vere blykabelskøytinga i dei farande laga, eller då dei skulle sette opp stolpekursar. «Ei yrkesstoltheit å bygge ein linje som såg bra ut den tida i farande lag».⁴¹⁵ Der var det eit godt arbeid om ein stod på ein viss plass, og berre skulle sjå ein stolpe. Med tanke på det auka tidspresset, kan ein og kople status til gjennomføringsemne. Såleis kunne enkelte få status meir grunna kvantitet, enn kvalitet som stod sterkare tidlegare.

Samstundes var det truleg ikkje slik at gjennomføringsevne var det viktigaste premissen for alle. «Hadde tida til å gjere ein skikkeleg jobb, ta vare på kunden [før privatiseringa]».⁴¹⁶

⁴¹¹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴¹² Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴¹³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴¹⁴ Intervju med anonym informant nummer 2

⁴¹⁵ Intervju med Per Inge Nerlandsrem

⁴¹⁶ Intervju med anonym informant nummer 2

Utsegna til informanten underbygger at arbeidskvaliteten ikkje var like viktig som før. Samstundes kan utsegna tolkast i ei retning av at informanten meinte at måten dei gjorde ting på før privatiseringa, var betre.

Om ein tolkar dette vidare, kan utsegna forståast på fleire måtar. Utsegna kan på ei side beskrive korleis det var. Såleis kan ein tolke det som at ein visste det i samtida at kvaliteten på handverket gjekk ned med privatiseringa. På ei anna side kan innhaldet til utsegna tolkast som kva miljøet som montørane høyrde til, har tenkt om konsekvensen av eit auka arbeidstempo. Ein tredje måte å sjå dette minnet på, er å sjå på korleis bruken av minnet kunne ha skapt eller forma noko. Såleis kan dette noko negative synet på eit auka arbeidstempo, vere eit resultat av korleis minna har vore fortald i ettertid. Ein må og hugse at eit minne kan ha vorte påverka av dei normane som rådde i samfunnet, frå då minnet vert skapt, til då minnet vart fortald. På denne måten kan innhaldet til utsegna for det første, seie noko om kva det beskriv, for det andre seie noko om kva som har skapt det. For det tredje kan innhaldet til utsegna og ha skapt noko sjølv.⁴¹⁷

Med ulike tolkingar, kan ein ikkje seie noko sikkert. Likevel er det mogleg at ikkje alle tenkte slik, at dess meir arbeid gjort dess betre var det. Dette seier noko om at om ein fekk status om ein gjorde mykje, så kunne det vere grunna at den som gav statusen vart tent med nettopp det. Såleis kan ein knytte status og kvantitet, meir til relasjonen mellom montør og leiing.

Eigarforholdet endra seg for montøren

Med eigarforhold hjå montøren meinast det eit tankesett, ein mentalitet der dei kjende seg knytt til det dei arbeidde med. Kva konsekvensar fekk privatiseringa for eigarforholdet montøren hadde til arbeidet?

*«Det skjedde kjapt at det vart ikkje eigarforhold då».*⁴¹⁸ Utsegna fortel oss at det eigarforholdet som mange montørar hadde i Televerkstida, endra seg med privatiseringa. Kva var grunnen til det? Sjølv om monopolet var oppløyst, var det mykje det same arbeidet montørane gjorde.

⁴¹⁷ Kaldal, 2008: 665-679

⁴¹⁸ Intervju med Lars Magne Aure

Ei mogleg årsak kan vere at ein no arbeidde ein ikkje i det firmaet som eigde infrastrukturen i telenett lengre. Då montørane byrja i Bravida i 2000 så gjorde ein jobbar for Telenor, men var ikkje tilsett i Telenor. «*Bli meir distansert til jobben som du er satt til å gjere*». ⁴¹⁹ Dette kan tyde på at ein opplevde ei distansering til arbeidet, då ein ikkje lengre arbeidde med noko som var «vårt». No var det Telenor sitt. Såleis påverka privatiseringa arbeidaranes forhold til arbeidet.

Omorganisering, og eit auka arbeidstempo, var noko som hende av ein grunn. Det handla om økonomi, at montøren no skulle tene pengar. «*Gjer ikkje noko ekstra, skal fakturere kvar ein skrue*». ⁴²⁰ Tankesettet ein hadde i Televerket, om at ein kjende seg som ein medeigar i telenettet, forsvann. Dette tankesettet kan ein seie no vart meir og meir erstatta med eit tankesett der økonomi stod sentralt. «*Til slutt vart det slik at ein gjorde ikkje ting utan ordre*». ⁴²¹ Med tidspresset, samstundes som alt ein gjorde skulle fakturarast, var det ikkje rom for montøren til å opptre som om han var ein medeigar. For montørane gjorde dette at det som hadde vore eit vanleg tankesett tidlegare, i staden vart noko ein ikkje skulle gjere. Det vart det same som gratisarbeid.

Vi har tidlegare sett på korleis montørane gjekk frå fellesskap til ei individualiserande retning. Det var tilfelle i samband med det fysiske arbeidet, noko som vil seie at ein arbeidde meir åleine. Samstundes kan ein og seie at ein gjekk i frå fellesskap, til andre formar for fellesskap i andre delar av arbeidskvardagen. Eit døme er korleis dei tilsette i den private sektoren samla seg rundt bedrifta, og der ein då i fellesskap arbeidde for arbeidsplassane sine.

«*Flinke montørar som forstod litt det med inntening*». ⁴²² Utsegna fortel oss at det ikkje berre var leiinga som tenkte økonomi, men og at montørane gjorde det. Årsaka til at ein dreiv så godt, meinte leiaren Kolbjørn Sylthe var fellesskapet. «*Vi var forretningsfolk alle saman, frå leiinga og nedover*». ⁴²³ Dette minner på eitt vis mykje om den eigarkjensla montøren i Telegrafverket og Televerket hadde til telenettet. Såleis kan ein seie at eigarkjensla til arbeidet ikkje nødvendigvis forsvann, men at den endra seg til å omhandle bedrifta i staden. Skilnaden var at no skulle ein tene pengar, i staden for å halde telenettet i orden.

⁴¹⁹ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴²⁰ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴²¹ Intervju med Lars Magne Aure

⁴²² Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴²³ Intervju med Kolbjørn Sylthe

Såleis handla dei gode resultata om at alle bidrog, frå leiing og nedover. Dette underbygger at sjølv etter privatiseringa, så trong ikkje arbeidet vere noko som den einskild montør gjorde, men noko firmaet gjorde.

I Molde dreiv ein så godt at personar i leiinga frå Relacom i andre stader i landet, kom for å sjå og lære av korleis ein gjorde det i Molde.⁴²⁴ Leiar Kolbjørn Sylthe hugsar denne tida godt. «*Dreiv godt økonomisk, Molde [Relacom i Molde] har vore landskjent med at vi låg på toppen innteningsmessig. Vi slo trønderane ned i støvlane, likens sunnmøringane*». ⁴²⁵ Dette fortel oss at ein fekk til omstillinga frå statlig til privat, men og på ein betre måte enn i mange stader i landet.

For å tene pengar og få bedrifta til å henge med, var det viktig at ein såg moglegheitene. «*Fekk drive butikk*». ⁴²⁶ For både leiing og montørar var det om å gjere å tene pengar. For nokre var dette motiverande, der dei fekk utfolde seg, og bryte opp med det gamle. «*Same innstillinga, Larsen og eg, dette var artig*». ⁴²⁷ Montør Rolf Erik Pedersen hugsar at det ikkje var så nøye kva dei gjorde, berre det lønte seg økonomisk. «*Flytta til og med for folk, berre vi tente pengar på det*». ⁴²⁸ Truleg var nok dømet der montørane køyrde flyttelass, noko som sjeldan skjedde, men det syner samstundes tankegangen. «*Vi såg mulighetene å få meir bruke den private marknaden*». ⁴²⁹

Sosiale relasjonar mellom montør og leiing

Televerket var vekke, og mange var sagt opp. Samstundes var det framleis sjefane som rådde over montørane. No var det eit fokus å drive butikk. Ein skulle tene pengar. Korleis påverka dette relasjonen mellom leiing og montør?

⁴²⁴ Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴²⁵ Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴²⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴²⁷ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴²⁸ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴²⁹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

Kontormann

Tidlegare har vi vore innom ordrefordelaren i Televerket. Der kom det fram at montøren ikkje gjorde papirarbeid. Grunnen til det var at det var ordrefordelaren som førte timane brukt på ein ordre, og kvitterte den ut i ordresystemet. «*Førte berre timane på ordren, så leverte vi til ordrefordelaren så ordna han resten*». ⁴³⁰

Etter privatiseringa, hadde ein ikkje lengre ein ordrefordelar. I periodar har det likevel vore ei stilling som ressursstyrar, som tok seg av delar av det ordrefordelarstillinga bestod av. ⁴³¹ «*Du[montøren] har vorte meir kontormann*». ⁴³² Dette seier noko om at montøren ikkje i hovudsak berre gjorde det fysiske arbeidet lengre, men at dei og måtte gjere papirarbeid. Dette underbygger at montøren vart meir individualisert. Samstundes vart det ikkje berre ein avstand til andre montørar, men og dei i leiinga. Det kan ein seie grunna at det vart montøren sjølv som måtte gjere mykje av det mellomleiarane hadde gjort før. Dette kan og sjåast i samanheng med ei teknologisk utvikling, der montørar fekk datamaskiner dei hadde i arbeidsbilen. Såleis med bærebare ei datamaskin og mobilt breiband, kunne ein gjere papirarbeidet raskt, etter ein utført ordre.

Å erverve seg ny kompetanse

Med privatiseringa opna det seg for nye marknader. Då var det ikkje lengre eit samfunnsoppdrag ein skulle utøve. Ein skulle drive butikk, og såleis kunne ein halde på med det innanfor telekommunikasjonsbransjen som lønte seg. Difor var ikkje berre telefon, og etter kvart internett ein arbeidde med, men og nye tenester. Desse kunne til dømes vere alarmanlegg, kabel-tv eller varmpumper. Sjølv om det var mykje nytt, arbeidde ein framleis med det ein og hadde arbeidd med tidlegare. Eit døme er internettet. I byrjinga gjekk denne teknologien igjennom den same kabelen som telefonen. Etter kvart kom andre alternativ, til dømes at ein fekk internett via kabel-tv (coax-kabel) eller fiber.

«*Skulle holde på med alt*». ⁴³³ For montørane kunne det bli mykje ein måtte halde seg til.

«*Kom nye typar linjer og nytt arbeid*». ⁴³⁴ I tidlegare kapittel har vi vore inne på

⁴³⁰ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴³¹ Intervju med Olav Sandberg

⁴³² Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴³³ Intervju med Hans Petter Orrem

⁴³⁴ Intervju med Rolf Erik Pedersen

montørutdanninga, og såleis korleis montøren fekk kompetanse. Etter privatiseringa, hadde utdanninga av montørar vore knytt til vidaregåande opplæring allereie i fleire år. Men korleis var det for montørane i det private å erverve seg ny kompetanse?

«*Opplæringa vart det slutt på etter vi gjekk ut av Telenor og Televerket*». ⁴³⁵ Utsegna tyder på at det frå firmaet si side i mindre grad vart lagt til rette for at dei tilsette skulle få kompetanseheving. Dette var ein skilnad frå tidlegare. «*I Televerket hadde vi tida til å skaffe kompetanse sjølv*». ⁴³⁶ Fekk ein ikkje ta kurs, så erverva ein seg kompetanse medan ein arbeidde. Ein lærte med å prøve og feile i praksis. Skilnaden vert då at i Televerket hadde ein tid til dette. Med eit lågare arbeidstempo, og mindre krav til effektivitet gav det rom for montøren å utvikle sine ferdigheiter.

Det var heller ikkje alle som vart vald ut til å dra på kurs. «*Ikkje vore føretrekt å få fare på kurs på nokon ting. Fått litt slik secondhand opplysningar av dei som hadde vore på kurs*». ⁴³⁷ Kvifor ein ikkje fekk på kurs, kan det vere fleire grunnar til. Til dømes kan det handle om kommunikasjonen mellom montør og dei som bestemte kven som skulle på kurs.

Sjølv om ein ikkje hadde vore på kurs, kunne ein likevel bli sett til eit slikt arbeide. Montør Sonja Sporsheim hugsar då ho vart sendt ut på ordrar knytt til mynttelefon. «*Fekk ei blekke i handa. Slik, der var bruksretteiinga. Ut å fiks det*». ⁴³⁸ Tilfelle der ein sette montørar utan kompetanse til ein jobb, skjedde i Televerket og, men der hadde dei ikkje det same presset på tid. Det var og fleire montørar den gongen, og difor hadde ein og fleire ein kunne diskutere løysingar med.

Såleis tyder dette på at ein i større grad kunne bli tildelt oppgåver som ein ikkje hadde kompetanse til. Det må sjåast i samanheng med at det var mindre kompetanseheving i den private sektoren. «*Sett krav til folk, på ting dei ikkje kan utføre*». ⁴³⁹ Utsegna fortel oss om krava, samt vanskelegare føresetnader. Likevel, sjølv om ein fekk oppgåver ein ikkje hadde kompetanse til å løyse, greidde montørane det stort sett likevel. Ein løyste dette med å spørje

⁴³⁵ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴³⁶ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴³⁷ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴³⁸ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴³⁹ Intervju med Rolf Erik Pedersen

andre montører om hjelp. «*Lærde kven vi skulle ringe*». ⁴⁴⁰ Såleis underbygger dette at ein brukte private nettverk som hjelp. Tidlegare var ein ofte fleire i arbeidet, og fekk då moglegheita til å diskutere med desse.

Ein ting var at ein fekk mindre «påfyll» av kompetanse, noko anna var at ein og fekk mindre utstyr til å hjelpe seg med. I Televerket hadde ein mykje hjelpemiddel, «*var godt utrusta med hjelpemiddel ja*». ⁴⁴¹ Dette var noko som endra seg etter at ein vart privatisert. «*Hadde ikkje utstyr, og ikkje kompetanse*». ⁴⁴² Utsegna tyder på at det ikkje berre var mindre fokus på å gje montørane oppdatert kompetanse, men og utstyr til å gjere arbeidet. Med mykje av det nye arbeidet var det nødvendig med kostbart utstyr. «*Såg ikkje at ei utgift kunne skape ei inntekt*». ⁴⁴³ Utsegna seier noko om at det økonomiske fokuset som var i tida, gjekk meir og meir på kostnad av kvaliteten i arbeidet. Dette råka montøren då ein kunne risikere å bli sendt ut på ein jobb som ein ikkje hadde opplæring eller utstyr til å gjere. «*Blir ein amatør*». ⁴⁴⁴

Nedgangstid og ansiennitet

Som i mange andre bransjar opplevde ein i telebransjen svingingar i marknaden med finanskrisa som kom i 2007. Det største telekommunikasjonsfirmaet i Molde på denne tida var Relacom. Ein merka ikkje endringane med ein gong, men etter kvart byrja kundane til Relacom å ta grep. Ein av dei store kundane var Telenor. Som tidlegare nemnt var Telenor ikkje lengre arbeidsgivaren til montørane, dei var innleidd for å arbeide med Telenor sin infrastruktur i telenettet. Det vart bestemt av Telenor at dei berre skulle ha eit firma i kvart fylke, som skulle drive utbygging og drift av nettet deira. I Møre og Romsdal var det Eltel som fekk kontrakten. «*Fekk det på at dei la seg lågare i timespris*». ⁴⁴⁵ For Relacom fekk dette store konsekvensar då mykje av folk arbeidde med oppdrag frå Telenor. Desse mista no det arbeidet dei hadde heldt på med dagleg.

«*Vi var hengt opp i Telenor før det skjedd*». ⁴⁴⁶ Utsegna til Kolbjørn Sylthe seier oss at det meste av arbeidet var knytt til Telenor. Dette minnet er og eit døme på korleis hendinga

⁴⁴⁰ Intervju med Sonja Sporsheim

⁴⁴¹ Intervju med Hans Petter Orrem

⁴⁴² Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴⁴³ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴⁴⁴ Intervju med Rolf Erik Pedersen

⁴⁴⁵ Intervju med Steinar Berg

⁴⁴⁶ Intervju med Kolbjørn Sylthe

påverka innhaldet i minnet. Såleis er minnet eit eksempel korleis ein tenkte om denne hendinga i ettertid.

Sidan ein mista det meste av arbeidet, måtte folk seiast opp. Korleis råka denne prosessen relasjonen mellom leiarane og montørane? Hadde ein vore attende til Telegrafverket eller i første halvdel av Televerkstida, hadde ein vekta ansienniteten mykje i avgjerda om kven som fekk bli. I tida med omorganisering og privatisering, fekk ansienniteten mindre betydning. Andre kriterium som til dømes kompetanse vart tyngre vektlagde. I Relacom kan ein seie at det vart ei løysing der ein både såg på kompetanse, men og ansiennitet. *«Det var no ansiennitet då, og kva du jobba med»*.⁴⁴⁷ Med kompetanse meinte ein ikkje kva ein kunne først og fremst, men kva type arbeid ein gjorde til vanleg. *«Den som hadde jobba opp mot Telenor, vart oppsagt. Den som hadde jobba der i to månader med noko anna, fekk halde fram»*.⁴⁴⁸

Mange av dei som vart sagt opp, var då hovudsakleg knytt til arbeid opp mot Telenor. Dette gjorde at ein opplevde ein situasjon der fleire med lang ansiennitet vart sagt opp, medan folk som hadde byrja dei seinare åra fekk halde fram, då dei hadde arbeid opp mot andre kundar. For montørane som vart sagt opp, var dette noko som var hardt å svelge for enkelte. *«Følte meg litt svikta»*.⁴⁴⁹

Ser vi denne hendinga frå leiaranes perspektiv, så ser ein og tankegangen bak utveljinga. *«Dei visste at dei som tok over kontrakten, Eltel, hadde akutt behov for montørar»*.⁴⁵⁰ Utsegna fortel oss at både leiarar og montørar visste at dei som vart sagt opp, truleg fekk seg arbeid igjen. Såleis kan ein seie at leiinga nytta denne dårlege perioden til å kvitte seg med montørar knytt mot Telenor av to grunnar. For det første visste dei at montørane mest truleg fekk arbeid igjen. For det andre handla det om å omstille Relacom til andre marknader. Såleis var det ein fordel å halde på montørar som allereie var retta i den retninga.

«[Leiinga høgare opp] Dei ville ta ned enda meir enn kva eg ville då».⁴⁵¹ Leiaren Kolbjørn Sylthe sitt utsegn fortel oss at sjølv om leiinga lokalt i Relacom sa opp omlag halvparten av

⁴⁴⁷ Intervju med Tony Karlsen

⁴⁴⁸ Intervju med anonym informant nummer 2

⁴⁴⁹ Intervju med anonym informant nummer 2

⁴⁵⁰ Intervju med anonym informant nummer 2

⁴⁵¹ Intervju med Kolbjørn Sylthe

dei tilsette, så forsvarte ein og fleire arbeidsplassar. Kolbjørn Sylthe hugsa at han fekk gehør hos sine leiarar for å ikkje seie opp så mange som dei meinte. Argumentasjonen gjekk på at ein måtte no og ha folk til å gjere arbeidet, sjølv om ein måtte omstille. «*Kunne byrje å ta tak i det vi hadde sagt nei til tidligare*». ⁴⁵²

Kontroll og måling av montøren

Poenget med å kontrollere og ta målingar av arbeidet til dei tilsette, kan vi hovudsakleg knyte til to ting. For det første handlar det om økonomi og effektivitet, for det andre at arbeidet er tilfredsstillande utført overfor oppdragsgivar. I kapitlet om Televerket, var vi inne på at kontrolløren kunne ta seg ein tur for å kontrollere eit prosjekt som ein arbeidde med. Samstundes var det ikkje slik at montørane nervøse for dette, og gjekk og følgde med. Såleis kan ein ikkje seie at kontroll var ein viktig del av kvardagen.

Dette endra seg noko, spesielt etter privatiseringa. «*Blir målt på alt*». ⁴⁵³ Utsegna frå montøren fortel oss at målingar no vart ein stor del av ein arbeidsdag. Samanliknar ein måten ein kunne kontrollere og måle arbeidet til montøren i Televerket, med korleis det er no i 2018, så ser ein forskjellar. Tidlegare, då ein montør leverte ein utført ordre til ordrefordelaren, hadde han mellom anna skrive timar brukt på ordren. På ei side gav det moglegheit til å hente inn informasjon om arbeidet til montøren. Til dømes kunne ein samanlikne med korleis andre montørar hadde utført liknande arbeid. Vi har vore innom ordrefordelaren tidlegare, og poengtert at han kunne sjå an kven han gav dei ulike oppgåvene. Samstundes handla ikkje dette om kontroll og målingar, men om at ordrefordelaren visste kven det kunne lønne seg å sette til dei ulike oppgåvene. Det med omsyn til effektivitet, men og med kva arbeidsoppgåver montøren likte best. Sjølv om vi ikkje kan seie noko sikkert om i kva grad montøren i Televerket vart kontrollert og målt, var det truleg noko som kom meir og meir. Eit døme er feilmeldingar, der det etter kvart vart fristar, og ein såleis vart målt i tid.

Kontrollering og måling av montøren i dei seinare åra, kan knytast til den teknologiske utviklinga. I dei seinare åra har ein fått PC, GPS, smarttelefonar og andre teknologiar som gjer det mogleg å gjere skrivearbeidet ute i felten. Såleis kunne montøren sjølv gjere mykje av skrivearbeidet.

⁴⁵² Intervju med Kolbjørn Sylthe

⁴⁵³ Intervju med anonym informant nummer 1

«*Dei følg med oss*». ⁴⁵⁴ Utsegna fortel oss at leiinga følgde med montørane. Det utvikla seg slik at alt ikkje berre vert kontrollert og målt først etter at ein ordre var utført. Kontrolleringa byrja tidleg i prosessen. Allereie i byrjinga, der montøren kontakta kunden skulle det dokumenterast. Om ein hadde avtala tidspunkt med kunden, skulle ein og dokumentere tidspunktet ein starta på ordren, altså at ein ordre vart sett til status, «under arbeid». Då arbeidet var ferdig, skulle det først inn timar og materiell, før ordren vart kvittert ut. ⁴⁵⁵ Såleis har kontrolleringa og målingar av montørar endra seg frå til å hovudsakleg vere ein sluttkontroll, til at det vart ein kontinuerlig kontroll gjennom heile ordregangen. Dette tyder på at ein auka kontroll var ein av dei største skilnadane for montørane mellom Televerket og i tida etter privatiseringa. ⁴⁵⁶

Denne kontrollen hadde ikkje vore mogleg utan datamaskiner og moderne teknologi. Ein fekk tilgang til ordrane via eit dataprogram. Samstundes var det slik at for å få ferdigmeldt ein ordre, må den fyllast ut i ei viss rekkjefølge. På den måten kontrollerte ordresystemet at ting var gjort. Til dømes fekk ein ikkje meldt ut ein ordre utan at timar og materiell var fylt ut. Såleis tyder det på at meir daglegdagse kontrollar, ikkje nødvendigvis var noko leiinga utførte.

Kontroll og målingar har påverka montøren. «*No manglar eg to timar på ein ordre eg ikkje har fått. Må føre dei ein plass, må føre dei på «ufakturerbar tid». Hadde eg ikkje gjort det, får eg ein mail eller ein telefon i morgon, med spørsmål om kvifor eg manglar to timar*». ⁴⁵⁷

Utsegna fortel oss at sjølv om ordresystemet er med på å kontrollere, følgjer leiinga framleis med. «*Dei følgjer med oss, kor mykje pengar tener du på ei veke?*». ⁴⁵⁸ På mange måtar kan ein seie at montøren med å nytte datasystema til firmaet, var med på å kontrollere seg sjølv.

Overvaking

Det er ikkje berre arbeidet som vart kontrollert. Med GPS, kunne ein etter kvart byrje å spore montørbilane. Såleis kunne ein overvake kvar montørane var. Dette kunne ein nytte til å sjå kven som var nærast ein jobb. Samstundes var dette noko som gjorde at fleire montørar

⁴⁵⁴ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁵⁵ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁵⁶ Mange av informantane nemnte dette

⁴⁵⁷ Intervju med anonym informant nummer 1

⁴⁵⁸ Intervju med anonym informant nummer 1

kjende seg overvaka. «*Gjer ikkje noko gale, men får desse spørsmåla*». ⁴⁵⁹ Utsegna fortel oss at ein kunne kjenne seg mistenkeleggjort av leiinga. Sjølv om ein ikkje hadde noko å skjule, kunne det for fleire vere irriterande i lengda å bli kontrollert.

Til dømes måtte det dokumenterast i eit dataprogram, om ein nytta arbeidsbilen etter klokka 18. «*Når eg får sa spørsmåla der då, om eg har vore oppe i Grong på arbeid. Der jobba vi no til seint om kvelden. Både til ti og elleve. Men då er det etter klokka seks då veit du, og eg gløynde det i fjortendagar*». ⁴⁶⁰ Utsegna fortel om ein irritasjon over at ein vert følgt med. «*Merkar at det irriterer litt*». ⁴⁶¹ Likevel er det viktig å poengtere at denne registreringa av køyringa, og kan brukast mot skatteetaten for å hindre at ein må betale skatt for bruk av firmabilen.

Sosiale relasjonar mellom montørar og offentlegheita etter privatiseringa

Etter privatiseringa av telekommunikasjonsbransjen, vart det ikkje berre endring for dei tilsette. Det var og ei endring for kundane. I dette delkapittelet skal vi sjå på korleis privatiseringa påverka relasjonen mellom montør og offentlegheit.

Eit sagn etter Televerket

Med overgangen frå Televerket til Telenor, hadde ikkje det så mykje å seie for vanlege folk dei første åra. Då var det framleis dei tilsette i Telenor som arbeidde med produkta som Telenor i hovudsak var leverandør for. Riktig nok vart montørane frå 1996, skild ut til Telenor Installasjon. ⁴⁶² Dette var noko som minte mykje om korleis det var i Televerket, med tanke på at kundane opplevde at det var Telenor som kom å installerte noko. Det var her montørane arbeidde, samstundes var det til Telenor dei fleste av kundane hadde eit abonnentforhold.

I år 2000 hende det som vart ei stor endring for montøren. Då vart Telenor Installasjon, seld til Bravida. Samstundes sikra Bravida seg ei femårs kontrakt på utviding, vedlikehald og

⁴⁵⁹ Intervju med Lars Magne Aure

⁴⁶⁰ Intervju med Lars Magne Aure

⁴⁶¹ Intervju med Lars Magne Aure

⁴⁶² Om utviklinga i Telenorkonsernet i perioden 1995-97, Regjeringen.no, sist sett 14.05.2018

service for Telenors infrastruktur på telenettet i Noreg.⁴⁶³ Dette ville seie at tidlegare hadde montørane då dei var med kundane, vore ein representant frå Telenor eller Televerket. No vart montøren ein tredjepart, då montøren ikkje lengre var Telenor, men ein del av eit innleidd firma.

*«I går kunne du seie det og det, i dag kan du ikkje seie noko».*⁴⁶⁴ Utsegna til Terje Navestad fortel korleis han meinte kundane opplevde endringa, der ein no måtte halde seg til to forskjellige partar. Tidlegare hadde montørane vore ein del av Televerket og Telenor, og såleis hadde meir handlingsrom overfor kunden. *«Det var veldig mykje vi kunne avgjere der og då».*⁴⁶⁵ No som montørane var i Bravida, og såleis ein tredjepart var det handlingsrommet overfor kunden redusert. For kundane var det frustrerende at montøren mista delar av handlingsfridommen.

*«Du er ute å snakkar med ein kunde: skal legge det fram for Telenor, så får vi høyre kva dei seier. Så kan eg komme attende til deg».*⁴⁶⁶ Utsegna syner korleis kommunikasjonen mellom kunde og montør utvikla seg. Der montøren tidlegare hadde vore andletet til Telenor, så fungerte montøren no som eit bindeledd mellom Telenor og kunden. For folk var denne overgangen vanskeleg å halde seg til. Tidlegare hadde montøren i stor grad måtte ta avgjerder på vegne av Telenor, medan no måtte montøren ta kontakt med Telenor, og be dei ta ei avgjerd. *«Den oppfatninga[for folk], var ikkje berre å legge om».*⁴⁶⁷

*«I dag saknar folket den strukturen Televerket hadde».*⁴⁶⁸ Utsegna fortel oss at for kunden vart det meir tungvint at ein fekk ulike aktørar i ulike ledd. Relasjonen mellom montør og kunde endra seg, då montøren som lokalkjend, måtte vente kva Telenor avgjorde sentralt om dei ulike sakene. Ein opplevde ei sentralisering av makt som eit resultat av organisasjonsutviklinga. Dette var ein del av ein prosess, der ingen aktørar i breibands- eller telefonibransjen i dag sjølv har mannskap til å gjere arbeid ute hjå kundane sine. Skal til dømes store aktørar som Telenor eller Canal Digital ha noko gjort inne med ein kunde, eller i eit anlegg, nyttar dei private firma som til dømes Relacom eller Eltel.

⁴⁶³ Sjå kapittel 3

⁴⁶⁴ Intervju med Terje Navestad

⁴⁶⁵ Intervju med Terje Navestad

⁴⁶⁶ Intervju med Terje Navestad

⁴⁶⁷ Intervju med Terje Navestad

⁴⁶⁸ Intervju med Terje Navestad

Oppsummering

I dette kapitlet har vi teke for oss korleis relasjonane mellom montørar, leiing og offentlegheit vart påverka av privatiseringa, og utviklinga fram til i dag. I staden for ei statleg forvaltingsbedrift, måtte ein etter kvart halde seg til mange aktørar i privat sektor. Mange av desse endringane kan knytast til geografiske forhold og organisasjonsutvikling.

Montøren var meir individuell i arbeidet enn før, samstundes fekk ein eit mindre hierarki å støtte seg på. For å handtere dette, utvikla montøren personleg nettverk for å kompensere for hierarkiet som forsvann. Med privatiseringa måtte montøren vere med på drive butikk, noko som gjorde at det vart eit mykje større fokus på å tene pengar. Dette gjorde at ein endra eigarforholdet til telenettet, til at det vart eit slags eigarforhold til bedrifta i staden. Det var som eit fellesskap dei i Molde vart blant dei beste i landet.

Sjølv om ein gjorde det godt med dei nye marknadene, måtte ein og ha etterfylling av kompetanse. Samanlikna med Televerket var det færre kurs. Samstundes, om ein måtte lære seg arbeidet i felten, hadde ein ikkje den tida ein hadde i Televerket til rådighet. Auka krav til effektivitet og arbeidstempo var her grunnen til det.

Ein opplevde også finanskrisa i telekommunikasjonsbransjen i Molde. Konsekvensane i Relacom var at mange måtte seiast opp. Leiinga løyste dette med å behalde montørane retta mot andre marknader enn Telenor, då det lønte seg økonomisk. Montørane retta mot Telenor, var truleg sikra arbeid med konkurrenten Eltel.

I ettertida tyder mykje på at folk sakna Televerket, der ein kunne halde seg til ein part, og ikkje ein tredjepart slik som det har utvikla seg til i dag.

7. Avslutning

Studiar av arbeid og daglegliv tek ofte for seg typiske trekk ved industri og andre primærnæringar. Denne undersøkinga har gjeve eit innblikk i ein samansett og variabel arbeidsplass, med tilknytning til både fagutdanning, kroppsarbeid, moderne teknologi og naturen.

I denne undersøkinga har eg fokusert på sosiale relasjonar knytt til montøren. Frå det statlege Telegrafverket og Televerket, til det private Telenor, og dei seinare firmaa. Desse endringane har påverka minna informantane har i ettertid.

Eit endra eigarforhold

Med mi undersøking har eg vist at både montørane og leiinga i den statlege fasen hadde eit eigarforhold til telenettet. Med eit eigarforhold meinast det eit tankesett som dei hadde. Det var ein mentalitet der dei kjende seg knytt til det dei arbeidde med. Denne mentaliteten gjekk på tvers av hierarkiet.

Det at ein kjende seg knytt til det ein arbeidde med, kunne føre til at det folk på utsida såg på som ein ukultur, var i miljøet sett på som legitimt. Såleis kan eigarforholdet til arbeidet ha ført til at ukulturar kunne vere sett på som frynsegoder for dei tilsette. Dømer på dette er kafébesøk i arbeidstida, snausing og teljarskrittjuveri. Mange montørar byrja arbeidsdagen på kafé. Dette var eit resultat av at dei var opplærde til å meine at det var greitt. Om montørane tukla med teljarane, kunne det handle om at det var deira arbeid. Såleis handla ukulturar eller frynsegoder om ein bedriftskultur. Denne bedriftskulturen handla ikkje berre om eit eigarforhold til arbeidet, men og ei kjensle av «vårt Televerk».

I perioden undersøkinga teke for seg, har det kome fram stadig auka krav til tidsfristar. Særleg i tida etter privatiseringa fekk dette tidspresset konsekvensar. Med færre folk til å gjere jobben, var det viktigare at jobben gjekk raskare. Samanlikna med korleis det var i tida før, fekk ikkje montøren den tida som trongst for å gjere jobben skikkeleg. Det gjorde at ein fekk eit fokus på kvantitet, i staden for kvalitet. Dette råka yrkesstoltheita, og såleis stoltheita knytt til eige arbeid. Såleis kan det seiast at eigarforholdet til arbeidet endra seg.

Ei anna årsak til at eigarforholdet endra seg, var at forholdet til Telenor endra seg. Etter kvart var Telenor ikkje arbeidsgjevar lengre, men kunden. Ein jobba med Telenor, men var ikkje tilsett i Telenor. Dette kan tyde på at ein opplevde ei distansering til arbeidet, då ein ikkje lengre arbeidde med noko som var «vårt».

Med privatiseringa, vart det eit større fokus på økonomi. Ikkje berre for leiinga, men og montørane. Mi undersøking har vist at det var fellesskapet mellom leiing og montør som var årsaka til at ein i Molde dreiv så godt i den private fasen. Såleis fortel det oss om noko dei såg felles, og kjente tilknytting til. Denne «kremmarånden» liknar på eigarforholdet som var tidlegare. Men no handla det meir om å tene pengar for firmaet, medan før handla det om å halde telenettet i orden.

Frå mange til færre

I dei farande laga var ein mange, som arbeidde saman. I mi undersøking har eg vist korleis dette hierarkiet var bygd opp, og korleis dei fungerte saman. I arbeidet var laget noko delt opp, til dømes vart laget delt inn slik at ein kunne arbeide med fleire stolpar samstundes. Likevel vart arbeidarane samla igjen då stolpane skulle reisasst. Dette syner eit arbeidsfellesskap.

I mi undersøking har vi og sett på korleis relasjonen mellom montøren og mellom anna ordrefordelaren var viktig for at eit arbeid skulle gjerast. Såleis var eit ferdig gjort arbeid, eit arbeid der personar i forskjellige stillingar i hierarkiet hadde delteke. Dette hierarkiet var noko som vart redusert, og delvis forsvann som eit resultat av omorganiseringa og privatiseringa.

Som montør i den private sektor vart ein meir åleine i arbeidet. Det grunna at dei var færre enn det dei var i Televerket. Dei skulle framleis dekkje store område, samstundes som det var mykje arbeid som skulle gjerast. Såleis kan ein seie at det endra seg frå eit fellesskap til ein meir individuell montør.

Som eit resultat av at hierarkiet minka, mista og montøren mykje av si støtte. Ein gjekk frå eit hierarkist basert nettverk til eit personleg nettverk. Montøren knytte relasjonar til andre montørar i eit personleg nettverk, grunna at dei var gode til eit arbeid.

Med teknologisk utvikling, fekk ein etter kvart mobiltelefon og datamaskiner. For montøren var då måten ein handterte ei ordre på då endra. I staden for at ein ordrefordelar gjorde alt papirarbeidet, med registrering av timar, og dokumentering av arbeidet, måtte montøren gradvis ta over meir og meir dette arbeidet sjølv.

Kriterium for status

Kva kriteria som kunne gje status for dei tilsette har vore forskjellig. Desse kriteria har og med åra hatt ulik tyding.

I dei farande laga var det personar i ulik alder. Vi finn dømer der alder har vore eit kriterium for status. Til dømes var det i enkelte lag slik når dei overnatta saman i brakker eller andre husvære, at dei eldre skulle få velje seng først. Samstundes var det ikkje i alle lag att dette vart praktisert, difor varierte det kor mykje alder hadde å seie for status og hierarki. Sjølv om ein ikkje kan seie noko sikkert hadde truleg alder på fleire måtar noko å seie sosialt mellom folk.

Dei farande laga var ein del av Telegrafverket. Her var bedriftskulturen sterkt knytt til ansiennitet. Såleis var erfaring nytta som eit viktig kriterium i ei avgjere om kven som skulle få ei ledig stilling. Erfaring vart og nytta om ein skulle ta ei avgjere. Ansiennitet eller erfaring, førte mellom anna til ein status som gav fordelar for innehavaren. Til dømes fekk ein velje utstyr først. I Televerket fekk ansiennitet truleg mindre tyding, til dømes såg ein i enkelte teleområde meir på kompetansen til den einskilde då ein skulle velje ut kven som skulle få halde fram etter omorganiseringa.

Utdanninga som i hovudsak kan knyttast til montøren er montørkurset. I dei farande laga var det krav om eit år praksis for å kunne søkje om montørkurset. Såleis kan utdanning i noko grad knyttast til ansiennitet. I Televerket endra dette seg, då ein ikkje trong praksis først. Sidan ein då kunne byrje på kurs var det mindre skilnad på nybyrjarar og erfarne då dei møtte på arbeid første gongen.

Med montørkurset vart ein montør, då steig ein i hierarkiet, samstundes som ein fekk tilgang til arbeid reservert til montøren. Eit døme på det er kabelskøytinga, som var eit teknisk arbeid som montøren gjorde. Såleis kan ein knyte utdanning til det å stige i hierarkiet, og i mange tilfelle i status. I Televerket tok fleire montørkurset, såleis forsvann mange av dei som var

lågare i hierarkiet. Sjølv om mine kjelder ikkje kan seie noko sikkert om dette, kan det tenkast at med så mange som fekk utdanning, så var ein mogleg konsekvens at det hierarkiske skiljet mellom dei som arbeidde, vart mindre.

For å skilje mellom personar i same formelle posisjon i hierarkiet, vart erfaring eller ansiennitet vektlagt. Såleis kan ein seie at ansiennitet og erfaring hadde meir å seie om ein var på same plass i hierarkiet formelt. Det vil seie at erfaring hadde meir å seie mellom to som var på same nivå i hierarkiet, til dømes to telefonarbeidarar. Om det var to som var i ulik posisjon i hierarkiet, til dømes ein telefonarbeidar og ein montør eller formann, hadde erfaring mindre å seie.

Vi har og sett at ulike statusar vart ulikt verdsett. Sjølv om ein var den som kunne løfte tyngst, og svinge den tyngste sleggja dagen lang, vart ikkje slike statusar like verdsett i delar av arbeidet der nøyaktigheit og presisjon var viktigast. Sjølv om han kunne lempe dei tyngste steinane til stolpelåsen hjalp det lite om han ikkje greidde å velje dei som passa best. Dette seier og noko om at skilnader mellom statusane ikkje nødvendigvis var hierarkisk tinga.

Kontrollørar, ordrefordelar og formenn var over telefonarbeidaren og montøren i hierarkiet. Samstundes var det ikkje nødvendigvis slik at ein som hadde ei slik leiarrolle vart respektert. Med anerkjening og respekt handla det om å verte vurdert som dyktig på den eine sida, men og å verte likt på den andre sida. Her kan vi kople omgrepet prestisje til status. Til dømes om ein formann ikkje vart likt av arbeidarane under seg, fekk ikkje det konsekvensar for statusen. Det må sjåast i samanheng med at prestisje kan lausrivast frå formell rang. Det vil seie at ein som stod hierarkisk høgare, likevel kunne bli sett ned på.

For vanlege folk, var montøren i Telegrafverket og Televerket statstenestemenn, og såleis sett på som heldige. Dei var sikra framtida. I samband med status for dei som arbeidde, var det truleg uniforma vanlege folk måtte halde seg til. Den slutta mange riktig nok å bruke, då den var lite eigna til å arbeide i.

I dei seinare åra, etter at telemonopolet vart oppløyst måtte vanlege folk halde seg til fleire leverandørar. Ikkje berre i tenester, men og i det utførande leddet. Til dømes har ikkje leverandørar i telekommunikasjonsbransjen montørar sjølv. Såleis måtte ein leie inn montørar

frå ein tredjepart for å få ein jobb gjort. Min undersøking tydar på at det vart eit sagn etter Televerket.

Forslag til vidare forskning


Teknologiske endringar har vore ein del av det som skjedde gjennom heile perioden denne undersøkinga har teke for seg. På desse omlag 50 åra, har ein gått frå forholdsvis enkel telefoni-teknologi, til at mange nordmenn i dag har fiberteknologi. Om ein skulle ha forlenga denne undersøking kunne dette ha vore meir systematisk utforska. Korleis teknologien verkar i kvardagen – heilt konkret. Kva betydde ny teknologi for krava til kunnskap, for makt og kontroll over måten det vart gjennomført på, i kvardagen. Her kunne truleg andre kjelder vore aktuelle, til dømes frå fagforeiningar.

Eit anna perspektiv i forlenginga av dette prosjektet, kunne vore eit kjønnsperspektiv. Sjølv om mi undersøking kort har vore innom temaet, kunne dette vore undersøkt meir systematisk. Det finst litteratur kring kvinner i Telegrafverket, men fokuset har i hovudsak vore «sentralborddamene» i dei manuelle sentralane. Sjølv om det er lite litteratur generelt om det utførande leddet i Televerket, er det enda mindre litteratur som har eit fokus på kvinna i Televerket.

Eit tredje perspektiv i ei forlenging av dette prosjektet kunne ha vore HMS. Krava til tempo og disiplin, og erfaringane med å måtte handtere meir ansvar åleine, då ein fekk færre kring seg. Korleis dette kunne gå utover trivsel og andre forhold kunne ha vore meir systematisk undersøkt.

8. Vedlegg


Vedlegg I Organisasjonskart Telegrafveket i 1963



Bilete: Telegrafverkets administrative oppbygging pr. 31.12.1963

(Kjelde: SSB)

Vedlegg II Molde teleområde 1986




Bilete: Molde teleområde i 1986

Grafisk arbeid: Oskar Bugge Bævre

(Kjelde: Satt saman på bakgrunn av Orrem 1986)


Vedlegg III Televerkets organisasjonskart i 1993



Bilene: Televerket organisasjonskart i 1993

(Kjelde: Solbrække, 2011)

Vedlegg IV Organisasjonskart av Telenor i 1997



Bilete: Telenors organisasjon i 1997

(Kjelde: Stortingsmelding nr.17 (1997-98) Om Telenor AS si verksemd)

Vedlegg V Kart over Molde teleområde



Bilete: Kart over Molde teleområde
Grafisk arbeid: Julie Otelie Stai Hess

Vedlegg VI Samtykkeskjema

Registreringsskjema for minnemateriale			
1. INNSENDERS NAVN, ADRESSE, EPOST OG TELEFON			
Namn (fornavn, mellomnamn, etternavn):			
Adresse:	Postnr.	Poststad:	
Epostadresse:	Telefonnummer:		
2. PERSONOPPLYSNINGAR OM INFORMANTEN			
Namn (fornamn, mellomnamn, etternamn)			
Fødselsår:	Kjønn:	Fødestad:	Sivilstatus (gift, ugift, antall born):
Arbeid (med årstall for når):			
Bustad (kvar og når)			
3. MATERIALE SOM SAMLAST INN			
Lydopptak av fortelling, samtale, merka med tittel:	Varighet (minutter):	Format (Kassett, CD, minidisk eller annet, filformat, andre opplysninger):	Dato innsendt:
Postadresse eller epostadresse som materialet er sendt til:			

4. SAMTYKKE TIL BEVARING OG BRUK AV MATERIALET	
Undertegnede gjev samtykke til at materialet kan nyttast på følgande måte (kryss av til høgre for ein av de tre alternativene)	
1. Med namn/identitet (unntatt der materialet inneheld informasjon som er sensitiv på måtar som gjør at personvern hensyn talar for anonymisering)	1. Kryss her:
2. Med namn og ellers i tråd med pkt 1, men i tillegg med anonymisering av følgende opplysninger, stadar i teksta eller angitte temaer (beskriv med stikkord opplysningar, tematikk eller stader i teksten som informant krever skal anonymiseres)	2. Kryss her:
3. Anonymt (gjeld heile materialet)	3. Kryss her:
<p>Med dette gjev deltakar samtykke til at innsamla materiale som er beskrevet overfor, brukast til historieskriving og bevarer i papirform og/eller digitalt for framtidig bruk i Norsk Etnologisk Gransking ved Norsk Folkemuseum, som på si side forpliktar seg til å forvalte materialet i tråd med gjeldande lover om personvern, og i tråd med retningslinjer gjeve for bevaring og bruk av materialet.</p> <p>Alle personopplysningar vert behandla konfidensielt, der einast veileiar og student vil ha tilgang. Om ønskeleg kan deltakarar få lese igjennom eigne opplysningar og godkjenne desse for publisering. Prosjektet skal etter plana vere ferdig 15. mai 2018. Etter enda prosjekt vil informasjon verte sendt inn til bevaring for eventuelt forskning i framtida. Det vil ikkje vere mogleg å trekke sitt samtykke etter at datamaterialet er overlevert til arkivinstitusjonen.</p>	
<p>Generelle retningslinjer for bevaring og bruk av materialet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Materialet oppbevarast på måtar som sikrar at uvedkommende ikkje får tilgang eller innsyn i opplysningar som det inneheld. 2. Materialet nyttast til historisk forskning og formidling 3. Om materialet inneheld opplysningar som av personvern hensyn bør anonymiserast, skal det gjerast på måtar som gjer identifisering til person umulig. 4. Utlån av materialet gjerast berre til personar som skriv under ein erklæring om at dei lover å bruke det i tråd med desse generelle retningslinjene, informasjon gjeve om prosjektet nedanfor og dei reglene for bruk som innsender har krysset av fo. 	
Underskrift (stad, dato, namn):	

Vedlegg IIV Søknad knytt til personvernet kring munnlege kjelder

Ingar Kaldal Institutt for historiske studier NTNU

7491 TRONDHEIM

Vår dato: 21.03.2017 Vår ref: 52575 / 3 / AGH Deres dato: Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV
PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 27.01.2017.
Meldingen gjelder prosjektet:

52575 Behandlingsansvarlig Daglig ansvarlig Student

Korleis var arbeidsdagen for montøren i Televerket frå 1969- 1994? NTNU, ved institusjonens øverste leder Ingar Kaldal Sivert Bævre

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.05.2018, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Agnete Hessevik tlf: 55 58 27 97 Vedlegg: Prosjektvurdering

Agnete Hessevik

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent v

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS Harald Hårfagres gate 29
NSD – Norwegian Centre for Research Data NO-5007 Bergen, NORWAY

Kopi: Sivert Bævre sivert.bugge@gmail.com



Personvernombudet for forskning

Prosjektvurdering - Kommentar

Vi viser til telefonsamtale med veileder Ingar Kaldal 20.03.2017, der han bekrefter at det i prosjektet ikke vil registreres personidentifiserende opplysninger fra arkivmateriale. Den videre prosjektvurderingen og personvernombudets tilrådning gjelder følgelig for datamateriale med personopplysninger innhentet gjennom intervju.

FORMÅL Formålet er å studere sosiale relasjoner mellom montørene i Molde Teleområde i televerksperioden (1969- 1994).

UTVALG Utvalget består av tidligere ansatte i Televerket.

DATAMATERIALETS INNHOLD Datamaterialet innhentes gjennom intervju med utvalget.

Det behandles sensitive personopplysninger om medlemskap i fagforeninger.

INFORMASJON OG SAMTYKKE Utvalget informeres skriftlig og muntlig om prosjektet og samtykker til deltakelse. Informasjonsskrivet er hovedsakelig godt utformet. Informasjon om hvor data skal lagres videre må presiseres i informasjonsskrivet eller informeres om ved prosjektslutt (se under), slik at utvalget vet hvor datamaterialet lagres. Dersom det ikke vil være mulig å trekke sitt samtykke etter at datamaterialet er overlevert til en arkivinstitusjon, må dette også presiseres.

Det kan framkomme enkelte opplysninger om tredjepersoner (familiemedlemmer, kolleger og andre personer som ikke deltar i prosjektet). Det skal kun registreres opplysninger som er nødvendig for formålet med prosjektet. Vi gjør oppmerksom på at du i utgangspunktet har informasjonsplikt ovenfor tredjeperson. Personvernombudet legger til grunn at tredjeperson, så langt det lar seg gjøre, får informasjon om prosjektet. Informasjon kan eksempelvis gis via informant muntlig eller skriftlig. Såfremt tredjepersonsopplysningene er lite omfattende, ikke sensitive og anonymisert i publikasjonen, kan du unntas fra informasjonsplikten overfor tredjeperson, dersom det anses uforholdsmessig vanskelig å informere. Dersom tredjepersonsopplysninger inngår i materialet som skal lagres videre, må det vurderes om det er nødvendig å innhente samtykke fra de det gjelder til dette.

INFORMASJONSSIKKERHET Personvernombudet legger til grunn at du etterfølger NTNU sine interne rutiner for datasikkerhet.

Prosjektnr: 52575

Dersom datamateriale skal innhentes per e-post, legger vi til grunn at dette er i tråd med interne retningslinjer for informasjonssikkerhet ved NTNU. Datamateriale som innhentes per e-post (uten kryptering) skal ikke inneholde sensitive eller beskyttelsesverdige personopplysninger.

PUBLISERING Det oppgis at personopplysninger skal publiseres. Personvernombudet legger til grunn at det innhentes eksplisitt samtykke fra den enkelte til dette. Vi anbefaler at deltakerne gis anledning til å lese igjennom egne opplysninger og godkjenne disse før publisering.

PROSJEKTSLUTT OG LAGRING Forventet prosjektslutt er 15.05.2018. Datamaterialet skal da lagres videre med personidentifikasjon på ubestemt tid ved Norsk Etnologisk Gransking ved Norsk Folkemuseum. Vi forutsetter at utvalget samtykker til dette. Personvernombudet legger til grunn at datamaterialet skal slettes/anonymiseres ved NTNU ved prosjektslutt. Dersom datamateriale med personopplysninger også skal lagres videre ved NTNU, forutsetter vi at det også innhentes samtykke fra utvalget til dette.

9. Kjelder og litteratur

Mine informantar

Til denne undersøkinga har eg intervjuet 12 personar som har arbeidd i telekommunikasjonsbransjen i Moldeområdet, frå 1960-talet og fram til i dag. Desse har arbeidd i bedrifter som Telegrafverket, Televerket, Telenor, Telenor Installasjon, Bravida, Telavie, Relacom og Eltel. Ingen av informantane har arbeidd i alle, men alle har arbeidd i Televerket, og dei fleste av bedriftene i den private sektor. Informantane er referert til med fullt namn, utanom to personar som valde å vere anonyme.

Anonym informant nummer 1

Anonym informant nummer 2

Hans Petter Orrem: Født 1949. Arbeidde frå 1966 til 2007. Intervjua 22/8-2017

Kolbjørn Sylthe: Født 1947. Arbeidde frå 1965 til 2015. Intervjua 22/8-2017

Lars Magne Aure: Født 1965. Arbeidd frå 1989. Intervjua 16/8-2017

Olav Sandberg: Født 1958. Arbeidd frå 1977. Intervjua 15/8-2017

Per Inge Nerlandsrem: Født 1944. Arbeidde frå 1964 til 1997. Intervjua 21/8-2017

Rolf Erik Pedersen: Født 1960. Arbeidd frå 1978. Intervjua 10/8-2017

Sonja Sporsheim: Født 1959. Arbeidd frå 1978. Intervjua 15/8-2017

Steinar Berg: Født 1957. Arbeidd frå 1978. Intervjua 5/7-2017

Terje Navestad: Født 1954. Arbeidd frå 1972. Intervjua 23/8-2017

Tony Karlsen: Født 1959. Arbeidd frå 1977. Intervjua 18/8-2017

Instruksar og rapportar:

Orrem, Hans Petter. 1986. *Rapport fra praksisperioden EVAM trinn 1*. Molde. (Lånt personleg av Hans Petter Orrem)

Teledirektoratet. 1984. *Reising og festing av stolper, Tillegg til instruks for Televerket - del XI – Teknikk*. Oslo. Arkivert ved NTNU Universitetsbibliotek, avdeling Dorabiblioteket.

Teledirektoratet. 1985. *Oppsetting av barduner på stolper: Tillegg til instruks for Televerket - del XI – Teknikk*. Oslo. Arkivert ved NTNU Universitetsbibliotek, avdeling Dorabiblioteket

Telegrafverket. 1953. *Kort orientering om Telegrafverket organisasjon og oppbygging, personalets plikter og rettigheter i tjenesten, Telegrafverkets rekrutterings og undervisningsordning*. Oslo. Arkivert ved NTNU Universitetsbibliotek, avdeling Gunnerusbiblioteket

Digitale kjelder:

Arbeidsarven, www.arbeidsarven.net, sist endra 17.08.11, Sist sett 08.05.18

Eltel, *Eltels historie*, <http://www.eltelnetworks.com/no/norsk/mer-om-eltel/eltel-15-ar>, sist sett 08.05.18

Lovdata, *Lov om Eneret for Staten til Befordring av Meddelelse ved Hjælp af Telegraflinjer og lignende Anlæg*, <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1899-04-29/§1>, sist sett 08.05.18

iTAVISEN, *Telenor føder Bravida*, <https://itavisen.no/2000/03/27/telenor-foder-bravida/>, sist endra 27.03.00, sist sett 08.05.18

iTrømsø, *Telavie skifter navn igjen*, <https://www.itromso.no/article25948.ece>, sist endra 05.09.05, sist sett 08.05.18

Regjeringen, *St. meld. Nr. 17 (1997-1998) Om Telenor AS si verksemd*, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-17-1997-98-/id191441/sec3>, sist endra 19.12.97, sist sett 08.05.18

Telemuseet, *Uniform*, <https://digitaltmuseum.no/021026130263/uniform>, sist endra 09.01.16, sist sett 08.05.18

Telenor, *Prospekt*, https://www.telenor.com/wp-content/uploads/2014/08/telenor_ipo_prospekt_2000.pdf, sist endra 10.12.00, sist sett 08.05.18

Litteratur:

Aarvik, Kåre. 1992. *Perler og gråstein: Beretninger om mennesker og miljøer i Televerket*. Bergen.

Aarvik, Kåre. 1993. *Makt og avmakt: om organisasjon og ledelse i Televerket*. Bergen

Aarvik, Kåre. 1993. *Telerallerne: Beretninger om mennesker og miljøer i Televerkets farendelag, Fjernkabelavdelingen og Sjøkabeltilsynet*. Bergen.

Agnalt, Sigrid Helene. 2013. *De siste lensekræbbene: Tømmerfløting ved Glennetangen lense i Nedre Glomma 1938 – 1985*, Trondheim.

Benum, Edgeir. 1985. *Teknologi, arbeid, utdanning: Utviklingstendenser i opplæring til industrielt arbeid ca. 1910 – ca 1965*. Oslo.

Harnæs, O. 1972. *Vaselinfylte kabler: Fordeler og ulemper*. Oslo.

Hylland Eriksen, Thomas. 1998. *Små steder- Store spørsmål: Innføring i sosialantropologi*. Oslo.

Jahren, Finn. 1995. *Glimt fra Televerks-kulturen: Abonnementsnettets og Teleteknikk*. Oslo

Jahren, Finn. 1996. *Glimt fra Televerks-kulturen. 3: Forholdet til kundene; og Telegrafverket blir Televerket*, Oslo.

Kaldal, Ingar. 2008. *Minna og mytane – og verdien av dei som historisk materiale*. Trondheim

Kaldal, Ingar. 2016. *Minner som prosesser: i sosial og kulturhistorie*. Oslo.

Karlsen, K. P. 1979. *Kabelteknikk: Arbeid med plastkabler i Televerkets anlegg*. Hamar.

Kjeldstadli, Knut. 1989. *Jerntid: fabrikkssystem og arbeidere ved Christiania Spigerverk og Kværner Brug fra om lag 1890 til 1940*. Oslo.

Kjeldstadli, Knut. 2000. *Fortiden er ikke hva den en gang var*. Oslo

Rafto, Thorolf. 1955. *Telegrafverkets historie 1855-1955*. Bergen

Sennett, Richerd. 2003. *Respekt i en verden af ulighed* (Dansk utgåve omsett av Ole Lindegård Henriksen)

Slettan, Dagfinn. 1994. *Minner og kulturhistorie: teoretiske perspektiver*. Trondheim.

Solbrække, Sidsel K. 2011. *Omstilling, ledelse og verdighet. En studie i Telenors markedsorienteringsprosess 1990-1993*. Bergen

Thagaard, Tove. 2004. *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen

Thue, Lars. 1995. *Gode forbindelser, Televerket 1980 – Telenor 1995*. Oslo

Thue, Lars. 2005. *Nye forbindelser (1970-2005)*. Oslo.

Vatne, Thomas. 1998. *Fra forvaltning til forretning: mot opprettelsen av Telenor AS 1968-1994*. Bergen.

Wadel, Cato. 2008. *Jeg er mine sosiale relasjoner: å tenke sosialt om seg selv*. Fløkkefjord.

Øvregaard, Per. 1996. *Televerket: I samfunnets tjeneste, Bind II 1962-1969*. Oslo.